



# *Universitetet i Bergen*

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium*

NOLISP350: Masteroppgåve i nordisk litteratur

Våren 2018

**“og de ventede til de døde”**

*Ei kronotopisk lesing av Helle Helle sin roman*

Rødby-Puttgarden

Kaja Reisæter Lavold



## **Takk**

Ei stor takk til Anders M. Gullestad, som med godt mot og optimisme, har rettleia meg i arbeidet med dette prosjektet.

Takk til Jørgen Sejersted som introduserte meg for kronotopomgrepet og viste stort engasjement i startfasen av masterprosjektet.

Takk til Mamma, Pappa, Ola og Dola for støtte og tips undervegs i skriveprosessen.

Gode venner og medstudentar har gjort åra på Høyden, og i Bergen elles, til nokre gode år. Eg kjem til å sjå tilbake på desse med eit stort smil. Takk til alle på lesesalen som har sikra gode stunder med kake, vin, lått og løye.

Takk til Hein for korrekturlesing.

Ei stor takk til Harald for stort tolmod, mat og gode smil.

## Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 <i>Problemformulering</i> .....	2
1.2 <i>Teoretisk perspektiv og metode</i> .....	3
1.3 <i>Oppgåva si form</i> .....	5
<b>2. Resepsjon</b> .....	<b>6</b>
2.1 <i>Helle sitt forfattarskap</i> .....	7
2.2 <i>Resepsjon av Rødby-Puttgarden</i> .....	10
2.3 <i>Mitt prosjekt i høve til resepsjonen</i> .....	13
<b>3. Teori</b> .....	<b>14</b>
3.1 <i>Den originale Bakhtin-kronotopen</i> .....	14
3.1.1 <i>Bakhtin og kronotopomgrepet – knuten av tid, rom og verdier</i> .....	15
3.1.2 <i>Kronotopisk analyse og stader i litteraturen</i> .....	17
3.1.3 <i>Originale Bakhtin-kronotopar</i> .....	19
3.2 <i>Kronotopen etter Bakhtin</i> .....	22
3.2.1 <i>Med fokus på dei konkrete stadene</i> .....	23
3.2.2 <i>Tida si særlege rolle i kronotopen</i> .....	25
3.2.3 <i>Kronotop og karakter</i> .....	26
3.2.4 <i>Kronotopar i nyare litteratur</i> .....	30
3.2.5 <i>Min bruk av kronotop som metode</i> .....	33
3.3 <i>Ikkje-staden</i> .....	34
3.3.1 <i>Rom, stader og ikkje-stader</i> .....	35
3.3.2 <i>Tid og identitet på ikkje-staden</i> .....	37
3.3.3 <i>Min bruk av ikkje-staden som omgrep i undersøking av kronotopar i RP</i> .....	39
<b>4. Lesing</b> .....	<b>40</b>
4.1 <i>Handlingsreferat</i> .....	40
4.2 <i>Rødbyhavnkronotopen</i> .....	42
4.2.1 <i>Saktegåande tid</i> .....	43
4.2.3 <i>Historieberarar og verdier i rødbyhavnkronotopen</i> .....	51
4.2.4 <i>Rødbyhavnkronotopen som heilskap</i> .....	53
4.3 <i>Framstilling av ferja</i> .....	54
4.3.1 <i>Tid i ferjekronotopen</i> .....	56
4.3.2 <i>Verdiar i ferjekronotopen</i> .....	59
4.3.3 <i>Karakterundersøking i ferjekronotopen</i> .....	61
4.3.4 <i>Ferjekronotopen som heilskap</i> .....	64

<i>4.4 Framstillinga av hamburgkronotopen</i> .....	65
4.4.1 Karakterane i hamburgkronotopen.....	66
4.4.2 Tid i hamburgkronotopen.....	70
4.4.3 Verdier i hamburgkronotopen .....	73
4.4.4 Hamburgkronotopen som heilskap .....	74
<i>4.5 Potensielle terskelkronotopar</i> .....	75
4.5.1 Død .....	76
4.5.2 Jane og Rødbyhavn .....	77
4.5.3 Hamburgturen .....	80
<b>5. Konklusjon .....</b>	<b>85</b>
<i>Litteraturliste</i> .....	94
<i>Samandrag</i> .....	98
<i>Abstract</i> .....	100
<i>Profesjonsrelevans</i> .....	102



# 1. Innleiing

“På en uge døde fire, sådan var det hernede. En af dem var Martin. Han boede i blokken bag os. Vi havde talt om at invitere ham over til kaffe, men det blev aldrig til noget” (Helle, 2005, 5). Likt med denne oppgåva startar Helle Helle sin roman *Rødby-Puttgarden* (2005) med å skildre eit typisk trekk ved staden Rødbyhavn, slik han trer fram i romanen sitt litterære univers. I romanen møter vi Jane, som saman med søstera og hennar dotter på halvanna år, bur i ei leilegheit i bustadblokkene Kongeledet i Rødbyhavn. Her nede døyr naboen innan Jane og Tine når å invitere han på kaffi. Dagane går elles med til å planlegge måltid, passe barnet, halde kontakt med familievener, lage mat, løyse kryssord og jobbe på ferjene. Både Jane og søstera Tine har flyktige forhold til menn. Eitt av desse gjer at Jane reiser til Tyskland med Aksel. Når ho på Påskeaftan kjem heim att til Rødbyhavn, er ferja som Tine arbeidde på, og som Jane skulle ha vore passasjer på, gått på grunne. Ein av kollegaene deira er forsvunne på sjøen.<sup>1</sup> Fleire av hendingane i romanen kan omtalast som dramatiske. Til tross for dette, fekk eg i mitt fyrste møte med *Rødby-Puttgarden*, inntrykk av at det skjer veldig lite i Rødbyhavn. Kontrasten mellom det kvardagslege og det dramatiske fascinerte meg. Handlinga er presentert på ein måte, og med eit språk, som gjer at ein oppfattar det meste som ein del av ein normal kvardag. Eg sat att med kjensla av at tida ikkje vart fylt med anna enn kvardagslege trivialitetar, som samtalar om vêret, måltid, sladder om felles kjente og arbeid. Dei som har lest den russiske teoretikaren Mikail Bakhtin sitt kjente essay “Tidens og kronotopens former i romanen” (1937-38), vil vite at dette ligg nært opp til det han skildrar som “småbykronotopen”, som for han blir kjenneteikna av korleis kvardagen er prega av trivielle hendingar og saktegåande tid. I essayet undersøker han korleis førekomsten av tid og rom verkar inn på romanen, både når det gjeld handling, sjanger og verdiane verket gjev uttrykk for. Han hevdar at:

Tiden her [i småbykronotopen] er begivenhedsløs og synes derfor næsten at være gået i stå. Her finder verken “møder” eller “afskeder” sted. Det er en tyktflydende og klæbrig tid, som snegler sig gennem rummet. Derfor kan den ikke være hovedtiden i en roman. (Bakhtin, 2006, 166)

---

<sup>1</sup> I 1991 skjedde det ei ulukke på same strekninga mellom Rødby og Puttgarden. Ferja Dronning Margrethe II vart påkjørt av eit finsk fraktskip, og i likskap med ulukka i romanen, går dette ut over dei som sit på pakkebordet. I sitt speciale om *Rødby-Puttgarden*, kor Jane Blichfeldt Fogh drøftar romanen i høve til realismeomgrepet, viser ho til denne hendinga. Ho peiker på korleis Helle lar seg inspirere av eigne erfaringar som parfymedame på ferjene (Fogh, 2007, 55).

Romanen er ein handlingsprega episk sjanger som er avhengig av eit plott som skaper endring. Framgangen krevjar dermed ei tid som legg til rette for kriser og vendepunkt (Bakhtin, 2006, 166). Men er det ikkje akkurat ei saktegåande, hendingslaus og nærmast stillestående tid som er gjeldande i *Rødby-Puttgarden*? Eg vil undersøke kva for ei tid som er gjeldande på dei forskjellige stadene i romanen.

## 1.1 Problemformulering

Korleis blir tida i *Rødby-Puttgarden* framstilt? Korleis samsvarer dette med Bakhtin sin påstand om at småbykronotopen si tid ikkje kan vere hovudtida i romanen? I arbeid med dette vil eg spesielt fokusere på det eg, i forlenginga av Bakhtin, vil omtala som rødbyhavnkronotopen, ferjekronotopen og hamburgkronotopen, og lese korleis tid, men og verdiar, kjem til uttrykk i desse konkrete romlege tilfella. Tida vil eg finne representert i form av tidlege uttrykk, slik som romanen sin diskurs, hendingar, ting og verdiar. Som del av lesinga vil eg drøfte korleis karakteren Jane interagerer med kronotopen, spesielt i hennar møte med potensielle terskelkronotopar. Eg vil undersøke om rødbyhavn-, ferje- og hamburgkronotopen er prega av tida slik ho er skildra i Bakhtin sin småbykronotop.

Helle sin roman er utgjeven opp mot 70 år etter at Bakhtin byrja å skrive på sin kronotopeteori kor han, som del av dette, påpeikte at omgrepet hadde potensiale for utvikling. I 1937-38 skreiv han:

Vi gør ikke krav på, at vore teoretiske formuleringer og definitioner er fyldestgørende og præcise. Først for ganske nylig – såvel hos os som i udlandet – indledtes seriøse studier i tids- og rumformerne i kunsten og litteraturen. Dette arbejde vil i sin videre udvikling supplere og, muligvis, fundamentalt korrigere de karakteristikk, som vi her giver af romankronotoperne. (Bakhtin, 2006, 14)

Påverknad frå det seinmoderne samfunnet opnar for slikt vidare arbeid med kronotopomgrepet, og når det gjeld *Rødby-Puttgarden*, seg eg det som spesielt relevant å trekke inn Marc Augé sitt omgrep om «ikkje-staden». Augé skriv i *Non-Places. Introduction to an Anthropology of Supermodernity* (1995 [1992]) om korleis det seinmoderne samfunnet pregar samspelet mellom person og stad. Han kjem med dette inn på tida si manifestering på seinmoderne stader, som han omtaler som ikkje-stader. Dei er prega av det flyktige, anonyme og av notida. I mi lesing av *Rødby-Puttgarden* vil eg finne ut om kronotopane i romanen har trekk frå Augé si



framstilling av ikkje-staden. Til sist i lesinga vil eg, ved å bruke Bakhtin sin terskelkronotop, undersøke korleis Jane stiller seg i høve til kronotopane som potensielle moglegheiter for utvikling og om dette bryt med tida som elles eksisterer i *Rødby-Puttgarden*.<sup>2</sup>

## 1.2 Teoretisk perspektiv og metode

Ei kronotopisk lesing legg til rette for ei undersøking av romanen sine tidlege, verdimessige og stadlege førekomstar. Dette gjer det mogleg å avdekke forskjellige tidsoppfatningar i romanen. Bakhtin sin terskelkronotop opnar for ei lesing av Jane sin tilknytning til kronotopane og oppførsel i høve til desse. Det er kronotopen som ligg nærast opp til, av dei han sjølv trekk fram, karakterundersøkinga (Bakhtin, 2006, 166). Utvikling av omgrepet er knytt til arbeidet hans kring dannelsingsromanen, men berre ein del av dette arbeidet er tatt vare på. Derimot er essayet om kronotopen bevart i sin heilskap for ettertida. Det er gjennom den konkrete kronotopen i litteraturen at dei abstrakte aspekta tid, rom og verdiar gjer seg synlege:

Kronotopen, der fungerer som det primære redskab til tidens materialisering i rummet, er således centrum for den illustrative konkretisering, for legemliggørelsen for hele romanen. Alle romanens abstrakte elementer – filosofiske og sociale generaliseringer, idéer, årsags- og virkningsanalyser – drages mod kronotopen gennem den fyldes de med kød og blod og indvies i den kunstneriske billedlighed. (Bakhtin, 2006, 168)

Gjennom litteraturen blir abstrakt tid og verdiar gjort synlege. Ei kronotopisk lesing vil kunne avdekke desse førekomstane. Lesinga eg skal gjere av *RP* har dette som føremål. Dei abstrake verdiane, som er til stades i romanen, kjem til syne i den konkrete kronotopen. Bakhtin forklarar dette i essayet si innleiing:

I den skønlitterære kronotop sker der en sammensmeltning af de rumlege og tidsmæssige kendetegn til et meningsfyldt og konkret hele. Tiden fortættes, komprimeres og bliver her kunsterisk-synlig; også rummet intensiveres og drages ind i tidens, plottets og historiens bevægelse. Tidens kendetegn udfoldes i rummet rummet fyldes med mening og dimension af tiden. Denne krydsning af rækker og sammensmeltning af kendetegn er karakteristisk for den kunsteriske kronotop. (Bakhtin, 2006, 13)

---

<sup>2</sup> Vidare i oppgåva vil eg vise til Helle sin roman *Rødby-Puttgarden* (2005) ved å bruke forkortinga *RP* og eventuelt sidetal.

Det er den kunstnariske kronotopen, slik den utfolder seg i Helle sin roman, eg skal utforske i den følgande lesinga. Omgrepet kan likevel vise til forskjellige aspekt, og Bakhtin knytt omgrepet tett til sjangerforståing: “Kronotopen i litteraturen har en fundamental *genremæssig* betydning” (Bakhtin, 2006, 13). Han hevdar nemleg at kronotopen, kor tida er det førande aspektet, definerer kva for ein sjanger ein møter (2006, 14). Sjangeren er ein måte å vise fram tid og verdjar på. Ein kan fokusere på forskjellige nivå kor kronotopar oppstår, den dialogiske karakter eller på forholdet mellom forfattar og tekst (Bakhtin, 2006, 169-170). Eg kjem seinare tilbake til forskarar som har brukt Bakhtin sitt omgrepsapparat på skandinavisk litteratur, men la meg i fyrste rekke trekke frem éin som har vært spesielt viktig for denne oppgåva. Linda Nesby gjev i si doktoravhandling *En analyse av Knut Hamsuns romaner Pan, Markens Grøde og Landstrykere med utgangspunkt i kronotopbegrepet* (2008) eit omfattande bilete på korleis kronotopomgrepet er blitt vidareutvikla. Hennar bruk av omgrepet i samband med karakteranalyse har inspirert mi lesing av *RP*, kor eg bruker spesielt terskelkronotopen som innfallsvinkel til undersøking av Jane som karakter.

Ved å bruke terskelkronotopen som metodisk innfallsvinkel, spør eg korleis Jane stiller seg i høve til dei forskjellige verdiane og tidsoppfatningane som viser seg på stader i romanen. Metoden er dermed nærlesing, som tar utgangspunkt i det konkrete rommet, tid og verdjar, og karakteren sitt forhold til desse førekomstane. Eg vil undersøke korleis tida som er typisk i småbykronotopen, er gjeldande i dei tre nemnde kronotopane i *RP*. Likt med Nesby, som har latt seg inspirere av Jay Ladin, karakteriserer eg kronotopar i romanen og undersøker dei forskjellige delane desse består av (2008, 51). I dette arbeidet, har eg eit indre kronotopisk perspektiv, kor eg, i hovudsak, fokuserer på karakterar si oppfatning av tida og staden (Nesby, 2008, 39). Bakhtin legg i sitt essay i stor vekt på sjanger, men i mi undersøking vil eg heller bruke hans perspektiv på tid, stad og verdi som inspirasjon til å undersøke dei same aspekta i *RP*, utan å drøfte sjangerspørsmålet i større grad.<sup>3</sup>

Romanen si handling føregår på 1980-talet, noko som gjer at eg forventar å sjå spor av det Marc Augé trekk fram om det seinmoderne menneske sitt forhold til ikkje-stader. Han trekk fram reisa og transittstader, kor ein oppheld seg på i kortare tidsrom, som typiske tilfelle av ikkje-stader. I *RP* er derfor ferja og reisa til Tyskland aktuelle å drøfte i høve til Augé sitt ikkje-stadsomgrep. I romanen er det påfallande kor passiv karakteren Jane er. I staden for at ho tar

---

<sup>3</sup> Eg vil derimot vise til ein artikkel av Anker Gemzøe i *Edda* (1998), kor han kjem kort inn på sjangeren sin funksjon i høve til tida i kronotopen.

grep i eige liv, er det andre krefter som set i gang handlinga i romanen. Av den grunn vil eg drøfte korleis livsendrande hendingar førekommer, ved å bruke Bakhtin sin terskelkronotop som fokuserer på akkurat desse aspekta – eller fråveret av slike livsendrande hendingar. Den indre perspektiveringa vil òg vere relevant då det er forteljaren Jane si oppfatning som pregar romanen. Som del av den kronotopiske lesinga, med bruk av Augé sin ikkje-stadsteori, vil eg òg nytte med av omgrep knytt til identitetsteori. Sosiologen Anthony Giddens skriv i *Modernitet og selvidentitet* (2010 [1999]) om korleis identiteten tilpassar seg det seinmoderne samfunnet. Her brukar han omgrep knytt til identitet, som eg vil bruke vidare i min omtale av karakterutvikling i *RP*. Sjølvidentitet inneberer korleis subjektet framstiller seg sjølv gjennom handlingar, livsstil, utsjånad og ting ein omgjev seg med (Giddens, 2010, 14). Gjennom slike framstillingar presenterer ein ei forteljing om sin eigen identitet omverda.

### 1.3 Oppgåva si form

Oppgåva består av fem kapittel. Dette fyrste kapittelet omfattar innleiing, presisering av omgrep, problemstilling og framgangsmåte. Deretter følger kapittelet om resepsjon, kor eg presenterer forfattaren og nokre av tematikkane som oftast er knytt til Helle sitt forfattarskap. Til tross for at eg òg viser til resepsjonen av forfattarskapet som heilskap, vil eg ha eit spesielt fokus på *RP*. Vidare vil eg presentere artiklar, masteroppgåver og specialer som er relevante i høve til mi problemstilling då dei handlar om stad, tid og identitet. Teorikapittelet vil teikne opp kva for nokre teoretiske perspektiv eg tar utgangspunkt i undersøkinga mi. Der vil eg presentere kva som ligg i Bakhtin sitt kronotopomgrep og grunngje bruken av det i mi romanlesing. Dette vil innebere eit utval av korleis omgrepet har vorte brukt tidlegare. Eg vil trekke fram det materialet som har vore relevant i høve til mi lesing. Vidare vil eg presentere Augé sin teori om ikkje-staden, med fokus på tid, verdier og subjektet sitt forhold til staden. Deretter vil eg gå nærare inn på kva som skil ikkje-staden frå staden, med vekt på sentrale aspekt som kommunikasjon, tid og identitet. I kapittel 4 vil eg gjere lesinga mi av *RP*. Det vil vere ein tematisk analyse av romanen *RP* som er sterkt prega av kronotopen sine bestanddelar. For å kunne forklare korleis tida og verdier opptrer på stadene, som er prega av det seinmoderne samfunnet, bruker eg Augé sitt ikkje-stadsomgrep i lesinga av ferje- og hamburgkronotopen. Siste del av lesinga inneberer ei undersøking av korleis Jane stiller seg i høve til dei potensielle terskelkronotopane i romanen. I oppgåva sitt siste kapittel vil eg konkludere med funna frå lesinga under “Avsluttande merknadar”.

## 2. Resepsjon

Helle Olsen vart født i Nakskov på Lolland i 1965. Ho vaks opp på den vesle staden Rødby, som ligg òg ligg på Lolland, saman med mora og søstera. Som Helle Krogh Hansen gav ho i 1987 ut si fyrste novelle, “Et blommetræ”, og i 1993 gjev ho – som Helle Helle – ut debutboka, punktromanen *Eksempel på liv*. Det er under dette namnet vi kjenner til ein av Danmarks viktigaste samtidsforfattarar, som etter to namnebyter har etternamn med røter attende til mora si slekt i Rødby. Seinare har Helle gitt ut to novellesamlingar – *Rester* (1996) og *Biler og dyr* (2000) – og sju romanar. Etter *Hus og hjem* (1999) kom *Forestillingen om et ukompliceret liv med en mann* (2002), før ho i 2005 fekk gjennombrøt med *RP*. Romanen sikra henne den danske Kritikerprisen (2005). Etter utgivinga av *Ned til hundene* (2008) fekk Helle Per Olov Enquists Pris (2009) for sitt forfattarskap, og same året vart ho innstilt til Nordisk Råds litteraturpris. Dette gjentok seg i 2015, då for romanen *Hvis det er* (2014). Mellom dei to sistnemnde kom *Dette burde skrives i nutid* (2011), som ho i 2012 fekk Bokhandlernes gyldne Laurbær for. I tillegg har Helle mottatt Det Danske Akademis Store Pris (2016). I april i år kom hennar hittil siste roman, *De*, ut i Danmark.<sup>4</sup> Jørgen Aabenhus, Anita N. B. Albertsen og Per Krogh Hansen sin antologi *Hvor lidt der skal til* (2011), antydar kva rolle ho har som samtidsforfattar. Denne består av to tekstar av Helle, eit e-post-intervju med henne, ei oversikt over forfattarskapet og fleire verklesingar av hennar romanar og novellesamlingar. Helle er ein populær forfattar i Danmark, ho viser seg òg å ha fått ei stor rolle i dansk skule (Mikkelsen, 2011, 228).<sup>5</sup>

Utvalet av resepsjonen eg vurderer i dette kapittelet er gjort med formål å gi eit bilete typiske lesingar av Helle sine verk. Per Krogh Hansen trekk i kapittelet ”Lidt har også ret”, i *Hvor lidt der skal til*, fram hovudlinjer i resepsjonen av Helle. Forfattarskapet hennar omfattar tema som den danske provins, karakterlause karakterar og hendingslause hendingar (P. K. Hansen, 2011, 36-37). Identitetsproblematikk blir trekt fram som ein gjengangar i hennar verk. I skildringar av stader, blir menneske si konkrete rolle i høve til kontekst aktualisert. I samband med dette blir oppfatning av tida eit tema. Vidare vier resepsjonen merksemd til absurde dialogar og Helle

---

<sup>4</sup> Kizaja Ulrikke Routhe-Mogensen skriv i ei melding av *De* i *Informationen*, korleis romanen verkar som ei forlenging av forfattarskapet hennar med tanke på tema og skrivestil. Òg i denne romanen brukar Helle språket til å formidle det som *skjer* og ikkje det karakterane føler. *De* skil seg derimot ut ved at Routhe-Mogensen hevdar det er den tristaste romanen til no (*Informationen*, 2018). Romanen si handling, er i likskap med *RP*, plassert på Lolland ein gong på 1980-talet, kor ei jente bur saman med mora – som er ved å døy.

<sup>5</sup> Dette viser Mikkelsen med å peike på to utgåver av *Litteraturens veje*, som blir flittig brukt i danske klasserom. I utgåva frå 1996 er ikkje Helle å finne, medan i 2. utgåva frå 2004 er det over 10 visningar til Helle sine verk. Forklaringane han peiker på er utvikling av forfattarskapet hennar og eit aukande fokus på minimalisme og punktromanar i den danske litterære offentlegheita (Mikkelsen, 2011, 228).

sin særprega minimalistiske realisme. Eg vil presentere eit overblikk av resepsjonen av Helle sine verk, som omtalar stadstematikken, identitet, karakterane sine manglande handlingar, kvardagen si tydelege tilvære og kommunikasjon. Dette er dei delane av resepsjonen som er mest relevant i den kommande undersøkinga av stad og identitet i *RP*.

## 2.1 Helle sitt forfattarskap

Det minimalistiske språket ein møter hjå Helle blir antyda både gjennom tittelen på den nemnde antologien og til kapittelet som tar føre seg forfattarskapet som heilskap, “Lidt har også ret”. Forteljarstemma sine utval, ofte sterkt økonomiske, kliniske og underdrivne, set i gang ein prosess hjå lesaren som opnar for tolking av moglege undertekstar. Også dialogane er skorne ned til det minste, noko som stundom skapar misforståingar karakterane i mellom. Albertsen trekk i antologien fram at Helle brukar få indre skildringar og betrakteleg meir *showing* enn *telling* (Albertsen, 2011, 221). Òg Astrid Fosvold peiker på dette i *Klassekampen*, kor ho hevdar at kjensleutgreiingar må vike for ei visuell formidling med det observerbare i framsetet (2015). Per Krogh Hansen viser korleis minimalistiske impulsar gjer at teksten refererer til språket sjølv, og er dermed viss sin eigen materialitet (språket). Teksten peiker ikkje ut på større forklaringsrammer, men er open og tilgjengeleg for ein fortolkande lesar (P. K. Hansen, 2011, 17-18). Anders Juhl Rasmussen peiker, i *Kristeligt Dagblad* (2011), på den språklege minimalismen hjå Helle. “Læseren konfronteres gang på gang med karakterer, der støder sammen med hinanden, uden at deres motiver og refleksioner gengives af fortælleren. Det overlades med andre ord til læseren at fortolke karakterernes væsen på baggrund af deres opførsel og tale” (Rasmussen, 2011). I artikkelen “Et ikke-mødes kronotop. Tid og rum i Helle Helles “Fasaner” (1998) peiker Anker Gemzøe på dei knappe, sceniske framstillingane, nedskorne dialogane og viktigheita av det som *ikkje* blir sagt. Dette fører til eit fokus på sjølv kommunikasjonen, kor det usagte gjer at ein må lese mellom linjene for å forstå kva mekanismar som påverkar kommunikasjonen mellom karakterane.<sup>6</sup> I Helle sine tekstar verken skildrar, kommenterer eller vurderer forteljaren diskursen.<sup>7</sup> Helle vier stor merksemd mot det avmålte og fleire omtalar at karakterane lev ein “stille eksistens”,<sup>8</sup>

---

<sup>6</sup> Karoline Furset (2016) skriv i si masteroppgåve om dei perforfamtive sidene ved språket og korleis dialogane faktisk verkar mellom karakterane i *Hvis det er*.

<sup>7</sup> Dette skriv Anita Nell Bech Albertsen treffande om i “Også tilværelsen kræver fortolkning” (2011).

<sup>8</sup> Per Krogh Hansen trekk dette fram i *Berlingske* (2014), det same gjer Anne Vindum i *Politikken* (2005). May Schack skriv i *Politiken* om likskapen dette har til Herman Bang. I samtale med Sandra Lillebø viser Helle til dette typiske trekket ved hennar romankarakterar, den *stille eksisensen* (2015). Borking og Wichmann fokuserer på likskapen mellom Bang og Helle i høve til markering av Bang sin 150 årsfeiring.

To år etter utgjevinga av *Rester* forklarar Helle i intervju med Syberg at ho gjer eit “forsøg på at skrive en bog, som mindede om den måde, man omgås på som mennesker, dér er vi jo også henvist til at drage vores konklusioner ud fra, hvad vi hører og ser, uden at få psykologiske forklaringer” (Syberg, 1998). Til tross for at lesaren får lite innblikk i forteljaren sine indre tankar og sansorgan, argumenterer Anne Mette Foss Jørgensen i sin artikkel i *Reception* for at utvalet av nøkterne, minimalistiske konstateringar og skildringar gjer at det teksten likevel er prega av forteljaren (2008). Den mimetiske modaliteten – som bygg opp under forteljaren si truverd – er derfor gjerne svakare enn lesaren fyrst trur, noko som opnar for større tolkingsrom hjå lesaren.

Samtidig som den minimalistiske skrivestilen er framtreddande hjå Helle, eller kanskje på grunn av denne, trekker Aabenhus fram det underlige og absurde som verkar i tekstane til Helle. Det interessante ligg mellom linene og plotet er ikkje i fokus. Dialogane legg ikkje naudsynleg noko til i romanen sitt plott, men i staden skaper dei ei uklar leseretning som gjer at lesaren sit att med ei undring og kjensle av absurdisme (Aabenhus, 2011, 130-132). Ikkje-kommunikasjonen og minimalismen viser òg det komiske i samveret menneske i mellom.<sup>9</sup> I forordet av *Hvor lidt der skal til* blir tekstane hennar karakterisert som “helle’ske”: “Det særlige helle’ske – hendes læseraktiverende, stiliserede realisme med dens karakterløse karakterer og begivenhedsløse begivenheder – betegner Per Krogh Hansen som «minimalistisk realisme” (2011, Forord). Det helle’ske er då ein realisme kor ho skriv om den konkrete sosiale verda, men lar likevel vere med å problematisere samfunns- eller kulturkritiske perspektiv. I staden har Helle funnet

hvor lidt der skal til for at få det stipulerede tekstlige univers, dets karakterløse karakterer og underligt begivenhedsløse begivenheder til at gestalte sig om både levende og nærværende, men også underliggjort og distanceret, er den egentlige berettigelse for en livslang kunstnerydelse. Det er nemlig stor kunst, der kommer du af denne kredsen om det, der synes så uendeligt småt. (P. K. Hansen, 2011, 37)

Òg Anders Juhl Rasmussen i *Kristeligt Dagblad*, rosar Helle sin skrivestil. Han hevdar at “der gennemgående er tale om kunstnerisk fremragende tekster, hvis inderste hemmeligheder ikke sådan lader sig afsløre”(2011).<sup>10</sup> I motsetnad til dette hevdar derimot Mikkel Bruun

---

<sup>9</sup> Helle sine tidlege utgjevingar var meir absurde og skrifttematiserande, seinare i forfatterskapet skriv ho nærare røynda og skildrar ei verd som lesaren, i større grad, kjenner att (P. K. Hansen, 2011, 19-23).

Zangenberg, i samband med utgivinga av *Ned til hundene*, at Helle har ein påtatt skrivestil: “det man kunne betegne som Helles ulidelige dansklærer-fähighed irriterer mig” (2008).<sup>11</sup> Men skrivestilen er ikkje det einaste som vekker reaksjonar i kritikarar sine møte med Helle sine tekstar. I *Hus og hjem, RP, Forestillingen om et ukompliceret liv med en mann* og *De* føregår handlinga på ein stad i provinsen. òg i *Ned til hundene, Dette burde skrives i nutid* og *Hvis det er* føregår handlinga i større eller mindre grad her, anten gjennom ei skildring av liva eller om returen til provinsen. Nettopp Helle sin måte å skildre menneska i provinsen på, er det Robert Zola Christensen kritiserer i ein kommentar på Tue Andersen Nexø sitt innlegg på *Informationen* sin nettstad:

Jeg stammer fra det miljø, Helle Helle beskriver, og jeg er vildt pikeret over, at hendes fremstilling, som rent ud sagt en stigmatisering af det, der er min baggrund, læres ud i gymnasierne og folkeskolerne. Det er, som Bruun Zangenbergs meget fint skriver, let at bruge og stoppe i undervisning. Se, hvor små de er, de små, små mennesker. Gu’ er vi ej. (2009).<sup>12</sup>

Her reagerer Christensen på at, eller i det minste korleis han trur at, Helle sin litteratur blir brukt i dansk skule. Det kan antydast han, som Zangenberg, er kritisk til Helle si framstilling av menneska i provinsen. Likevel er det frykta for korleis dette blir brukt i dansk skule, som ser ut til å vere klarast. Til tross for dette, er det tydeleg at dei skildringane til Helle som kan sjarmere, òg kan provosere. Helle forklarar i intervju med Signe Løntoft at: “Jeg har en svaghed for sådan nogle glemte steder midt i ingenting, som alle andre kører forbi” (Løntoft, 2010, 24). Stadene som “alle kjører forbi” husar menneske som lev sine meir eller mindre normale liv, med problem eller ei. Aabenhus skriv om korleis identitetssøken og -problematikken er tema i fleire av Helle sine tekstar. I *Forestillingen om et ukompliceret liv med en mann*, slit hovudpersonen Susanne med å finne ut korleis ho skal framstå for andre (2011, 129). Draginga mellom forskjellige framstillingar av livet, eller måtar å leve livet på, kan ein finne i fleire av Helle sine tekstar. Anne Mette Foss Jørgensen hevdar at hovudpersonen er derfor veldig viss på korleis ho ser ut og framstår for andre. Det same gjeld deira søken etter korleis å forholde seg til andre personar (Jørgensen, 2008, 78). Per Krogh Hansen omtaler dei typiske kvinnene hjå Helle som “eg-svake” kvinner som verken kan “sige til eller fra, men er nærmere famlende, hvad angår

---

<sup>11</sup> Mikkelsen viser i antologien *Hvor lidt der skal til* (2011), til Mikkel Bruun Zangenberg si melding av *Ned til hundene* som vart publisert 1.mai 2008 på nettstaden litlive.dk. Denne nettstaden er no lagt ned og derfor viser eg til Mikkelsen si bruk av meldinga i “Helle Helle som dansklærerlitteratur” s.229-230.

<sup>12</sup> I *Vidnesbyrd fra velfærdsstaten* (2016) gjer Tue Andersen Nexø ei lesing av *RP*, som eg vart merksam på kort tid før innlevering av denne oppgåva til at lesinga er del av resepsjonen eg presenterer.

identitet, relationer og position” (2011, 26). Norsk omsettar av Helle sine tekstar og forfattar, Trude Marstein, vier òg merksemd til identiteten til dei karakterlause kvinnelege hovudpersonane. I *Dagbladet* hevdar ho, i samband med utgivinga av *RP*, at: “Personene til Helle er preget av en manglende drivkraft, en resignasjon” (2014). Eg vil òg peike på at denne resignasjonen skjer på provinsstadene som personane blir verande i, tross større eller mindre forsøk på å bryte ut. Som nemnt, er desse karakterane gjennomgåande i Helle sine verk, saman med deira tilknytning til stader, ofte supplert med motivet “å vende heim” (P. K. Hansen, 2011, 27).<sup>13</sup> Thea Marie Dolva undersøker i si masteroppgåve frå 2010 korleis framstillinga av karakteren Ulla kan knytast til identitetsproblematikk i novella “Venlige fremmede” (2000). Ho ser dette i samanheng med identitetsspørsmål i det seinmoderne samfunnet som Anthony Giddens skildrar som fullt av moglegheiter. Dolva hevdar at Ulla i møte med alle moglegheitene individet har, får ein motreaksjon som gjer at ho vel å vere ein roleg og vennleg sambuar, om berre for ei kort stund (2010, 62). Likt som Dolva gjer, vil eg drøfte korleis ei av karakterlause kvinnene, Jane, stiller seg i høve til nye moglegheiter og det kjente i *RP*.

## 2.2 Resepsjon av Rødby-Puttgarden

*RP* liknar dei føregåande romanane i det at vi møter ei kvinne som ikkje tar drastiske grep for å forme sitt eige liv. I tillegg er romanen lokalisert i provinsen og det heile er formidla ved bruk av ein minimalistisk realisme og med sine lesaraktiverande dialogar. Til tross for at det skjer dramatiske hendingar, får ein med det fyrste inntrykk av at “ingenting skjer”. Gjennom den minimalistiske forma blir skjønnlitteraturen sine moglegheiter utnytta til det ytste, dersom vi godtar at særtrekket med skjønnlitteratur er at den “i særlig grad udnytter sprogets flertydighet og betydningsrom og derfor konstruerer bilder af verden, som er åbne for læserens oplevelse og overvejelse” (Jørgensen, 2008, 78). Sjølv om det indre livet blir vist fram i større grad enn det tidlegare har blitt gjort i hennar romanar, er dette formidla på ein “helle-aktig” måte. Det gjer at ein må lese det indre livet ut frå små detaljar og ut i frå det som *ikkje* blir sagt. Utvikling hjå forteljaren må ein lese på lik måte. Ein må fokusere på det indre utvikling. Dette gjer at Per Krogh Hansen hevdar romanen er meir eit psykologisk enn sosiologisk prosjekt (2011, 14).<sup>14</sup> Noko liknande hevdar Jane Blichfeldt Fogh som i sitt speciale *En analyse af Rødby-Puttgarden i forhold til realismebegrebet og Helle Helles tidligere forfatterskab* (2007) legg vekt på at

---

<sup>13</sup> Ein finn motiva i romanane *Hus og hjem*, *Forestillingen om et ukompliceret liv med en mann*, *Rødby-Puttgarden* og *Ned til hundene*.

<sup>14</sup> Det sosiologiske aspektet ligg i det at Helle skildrar livet i utkanten og den sosiale og kulturelle røynda som er her. I eit slikt tilfelle kan ein omtale henne som realist. I staden er spesielt denne romanen tettare opp mot eit psykologisk aspekt (Hansen, 2011, 14).



Helle med *RP*, har bevega seg i retning mot det meir mentale og psykologiske aspektet, enn det ho har gjort tidlegare (97). I *RP* får ein eit djupare innblikk i nokre psykologiske effektar. Til dømes tar mor til Jane stor plass i romanen, tross sin død. Det realistiske gjer seg gjeldande med eit nytt fokus på kriser og ytre katastrofar. I romanen blir tema som utruskap, forelsking, eller noko som i det minste liknar på dette, og død tatt opp. Liknande hevdar Moritz Schramm i *Kristeligt Dagblad* at *RP* skil seg frå dei føregåande romanane då Helle no går frå å skrive fram eit ironisk, men harmonisk bilete av provinsen, til at det òg inneheld ei viss djupn, ei krise og samanbrot (2005). Òg Dag Heede fokuserer på døden i *RP* i artikkelen “Death in Rødby” (2014).<sup>15</sup> Likevel vil eg hevde at romanen har fleire likskapar til dei føregåande romanane. Ut i frå Jørgensen si framstilling av *Forestillingen om et ukompliceret liv med en mand*, kan ein sjå likskapar til *RP* i det at begge hovudkarakterane er innblanda i mislukka forhold og utruskap. Vidare er karakterane sterkt knytt til leilegheita dei bur i. Dette framstår som ein viktig stad for dei, då store delar av romanen føregår her. Romanane viser begge fram død og nytt liv, og kvardagslege hendingar er tydelege.

Identitetsspørsmålet er òg gjennomgåande i *RP*, både gjennom likskapen mellom søstrene Jane og Tine og i framvisinga av fire generasjonar, frå søstrene si mor til Tine si dotter, Ditte. Søstrene opptretr mykje i par, og mora blir gjennomgåande omtalt ved namn eller som “vores mor”. Fogh hevdar at Jane nærmast står fram som eksistenslaus i romanen sin slutt, om ikkje anna, skjer det ei samansmelting av søstrene sine identitetar i romanen (2007, 92). Som Gemzøe viser, handlar ei kronotopisk lesing òg om eit fokus på korleis identiteten kjem til uttrykk. Dette ser vi i den nemnde lesing av Helles “Fasaner”. Anne Sofie Læssøe Møller undersøker i sitt speciale identitet og stad i det ho aktualiserer kjenneteikn ved heimstaddikting i Rødby-Puttgarden. Ho hevdar at Jane kjem i ei identitetskrise i det ho flytter bort frå Rødbyhavn, og set med dette identitet og stad i samband med kvarandre (2010).

I lesing av *Ned til hundene* hevdar Nils Gunder Hansen i “De gode menneskers provins” (2011) at underklassen sine liv i provinsen, kan lesast som strippa for travelheit og konstant sjølvtolking, i staden er det eit fredeleg liv i roleg tempo (N. G. Hansen, 2011, 205). Sjølv om dette kan tolkast som ei forenkling av ei stor gruppe menneske sine liv, hevdar han òg at det særeigne ved Helle sine tekstar er at *alle* kjenner seg att i skildringane hennar, uavhengig av adresse. I *Kristeligt Dagblad* skriver Freja Bech Jessen om den typiske Helle-staden. Ho

---

<sup>15</sup> I artikkelen foreslår Heede at romanen kan fungere som ein nekrolog eller ei gravferdstale for dei fire som døydde den uka og som skal gravleggast ved romanens slutt (Heede, 2014, 283).

besøker enda til Rødbyhavn i jakta på den autentiske staden som *RP* føregår på. Det er ikkje gitt at ei undersøking av den reelle staden skal kunne kaste lys over romanar sitt innhald, men Helle hevder i møte med Rikke Rottensten frå *Kristeligt Dagblad* at staden har ei tyding for tekstane ho skriv: “Det allerførste, jeg beslutter mig for, er nok stedet. Hvor teksten skal foregå. Jeg bruger altid et sted, jeg kender, det tilfører historien en masse”(2003).<sup>16</sup> Søren Kassebeer kommenterer romanen sine karakterar, og korleis dei er knytt til staden, i si bokmelding i *Berlingske*. Livet til Jane består av små forelskingar og små problem. Dødsfalla, som eigentleg er alvorlege hendingar, blir nemnd i forbifarten. Forsøk på å komme seg bort frå staden, endar – som vist i tittelen – med retur:

[P]å den måde er den, titlen, altså, meget, meget velvalgt, for det er vist nok lige præcis sådan, der er, dernede på Helle Helles barndomsø Lolland, hvor roerne gror, og de gror, og de gror: Der sker ikke så forfærdelig meget. Eller i hvert fald ikke så forfærdelig meget ud fra en almindelig opfattelse af, hvad forfærdelig meget er. Derfor er Lolland perfekt Helle Helle-land. (Kassebeer, 2006)

Igjen kan ein seie seg kritisk til ei forenkling av liva som blir skildra levd på Lolland, men i *RP* blir dei, til dels, framstilt i dette sakte tempoet. Karakterane *er* på denne staden utan at det skjer noko spesielt. Forfattar og omsettar av Helle sine romanar, Trude Marstein, trekk fram karakterane sitt forhold til staden i det ho omtaler fastlåste karakterar:

I “Rødby-Puttgarden” stopper toget når de skal til nabobyen, hotellet er stengt når de skal ut og spise. De drar fram og tilbake over havet i jobben på ferjeparfymieriet, men kommer alltid tilbake til Rødbyhavn. Og da Jane endelig kommer i land i Tyskland, er det like trist og traurig der, selv i lys av noe som ligner nyforelskelse. (Marstein, 2014)<sup>17</sup>

Karakterane si stadlege stillstand speglar samstundes ei manglande karakterutvikling. Eg vil karakterutvikling i høve til stader i delkapittel 4.5. Som vist trekk òg Nils Gunder Hansen fram korleis livet i utkanten manglar innslag travelheit (2011, 2006). På denne måten blir tida si sakte rytme tematisert, og blir enda til ein del av ein mogleg karakteristikk ved staden slik han blir framstilt i romanen. Sjølv om ikkje Nils Gunder Hansen lanserer ei kronotopisk lesing av

---

<sup>16</sup> Til tross for at Helle har budd i Rødby (5 km frå Rødbyhavn), arbeid på ferjene og at stader gjev henne stor inspirasjon i skriveprosessen, hevdar ho i intervju med Lisbeth Larsen at det ikkje er hennar eige liv ho skildrar i *RP* (Litteratursiden.dk, 2006).

<sup>17</sup> Òg Kassebeer poengterer korleis Jane ikkje kjem seg bort frå Rødbyhavn, men tar – blant anna – ferja att og fram og hamnar i hamn igjen og igjen (2006).

romanen, vil eg hevde at lesinga viser korleis ei drøfting av småbykronotopen i høve til Helle si stadsskildring i *RP* er relevant. Anker Gemzøe, som tar utgangspunkt i møtemotivet i det han analyserer novella “Fasaner”, er det einaste tilfelle eg har funne kor kronotopomgrepet har vorte brukt i lesing av Helle-tekstar. Der viktige og livsendrande hendingar i er typisk for møte- og terskelkronotopen, er det fråveret av akkurat dette som er særlege ved novella. Møtet mellom dei personane kunne ført til noko avgjerande, som ei stor forelsking eller krise, men dette skjer ikkje. Slike møter, med moglege endrande hendingar, gjer at eg vil gjere ei lesing kor eg drøftar om det same skjer i møte med terskelkronotopen eller om han blir utnytta. I tillegg peiker Gemzøe på at det nok ein gong er ei karakterlaus kvinne vi møter. Det forklarar han med at fortida blir knytt til ei frykt, som gjer at personane ikkje greier å sleppe tak i henne. Dette stoppar deira vidare utvikling (1998, 364). I same stund blir framtida eit bilete på urealiserte moglegheiter. òg Anne Sofie Læssøe Møller undersøker tida i forfattarskapet til Helle og ser tida i relasjon til dei fire generasjonane av kvinner vi møter og at dei blir knytt til staden kor liva blir levd (2010, 71). Døden blir satt i kontrast med det vesle barnet Ditte, som viser korleis tida går og går – frå vogge til grav. Eit slikt samspel mellom stad og tid, som Gemzøe og Møller tar opp, opnar for vidare undersøking av *RP* med bruk av kronotopomgrepet.

### **2.3 Mitt prosjekt i høve til resepsjonen**

Både Trude Marstein, Nils Gunder Hansen og Anne Sofie Læssøe Møller viser, på ulike vis, kor stor rolle staden spelar i Helle sine tekstar. I *RP* bur og lever personane på den vesle staden Rødbyhavn og dei arbeider på ferja til Puttgarden, ikkje ulikt det Helle sjølv gjorde ein periode av sitt liv. Dersom karakterane forsøker å reise bort, kjem dei sjeldan langt, dei stoppar undervegs og dei returnerer. Møller viser korleis Jane utviklar seg i løpet av romanen, og at ho etter Tysklandsturen gjennomgår ei forvandling og utviklar sin identitet. Dette er eit interessant poeng, som eg vil undersøke med utgangspunkt i Bakhtin sin terskelkronotop. Ambivalensen mellom stad, identitet, utvikling og framgang viser at ei undersøking av stad og identitet i *RP* har sin plass. Mi lesing, som har fokus på dette, vil bidra til å vise meir av kva som ligg i forholdet mellom ei karakterlaus kvinne og staden – karakterisert som *Helle-provinsen*. I mi lesing vil eg undersøke korleis dei eg-svake karakterane opptre på ferja, Rødbyhavn og Hamburg i *RP*. Dette inneberer, i likskap med undersøkingane over, karakteristikkar ved stadene. Likevel vil mi lesing i større grad fokusere på kva tidsuttrykk, og med desse, kva for nokre uttrykk for verdiar som kjem til syne på dei forskjellige stadene.

### 3. Teori

Mikhail Bakhtin presenterer i “Tidens og kronotopens former i romanen” hovudsakleg to forskjellige måtar å gjere ei kronotopisk lesing på.<sup>18</sup> Ei lesing knytt til utforsking av romansjangeren, vil ha fokus på korleis plotet i romanen gjer seg synleg i teksten. I disputasen i samband med Linda Nesby si doktoravhandling poengterte Atle Kittang at hovudpoeng med Bakhtin sitt omgrep er “samansmeltinga av temporalitet og spatialitet som uttrykker korleis den narrative kunsten er *ein måte å handtere tid på*” (Kittang, 2008, 307). Avhandlinga hennar inneberer derimot ein karakteranalyse som tar utgangspunkt i det andre poenget med omgrepet som Bakhtin trekk fram. Det er korleis kronotopar i verket skaper det Nesby omtaler som ei verdimesig arena for karakterane i verket: “Måten karakterer oppfatter tid, sted og verdier på har betydning for deres forståelse av verden” (Nesby, 2008, 14). Lesinga hennar inneberer drøftingar av korleis tid og verdier, slik dei viser seg på stadene, påverkar karakteren. Bakhtin legg ikkje fram ei metode for å gjere karakterundersøkingar, likevel blir karakteren si rolle tydeleg: “Som en formel-indholdsmæssig kategori bestemmer kronotopen også (i betydelig forstand) billedet af mennesket i litteraturen; dette billede er altid fundamentalt kronotopisk” (2006, 13-14). Kronotopar blir i stor grad avgjort av korleis menneska opptre, altså korleis dei stiller seg i høve til tid og rom. Den tredje tilnærminga som Bakhtin trekk fram er den *kreative* kronotopen, som handlar om lesaren sitt møte med teksten, kor det skjer kreativ meiningsskaping som påverkar lesinga (Bakhtin, 2006, 171).<sup>19</sup>

#### 3.1 Den originale Bakhtin-kronotopen

I dette kapittelet vil eg introdusere kronotopomgrep slik Mikhail Bakhtin legg det fram i høve til undersøking av tid, rom og verdier i romanar. Kapittelet inneheld ei kort innføring i utviklinga av omgrepet, før eg vil skildre korleis tid, rom og verdier gjer seg synlege i romanen og korleis karakterane blir påverka av dette.<sup>20</sup> Vidare vil eg presentera nokre av kronotopane Bakhtin sjølv skildrar i sitt essay og kva som kjenneteiknar desse. Omgrepet har vorte vidareutvikla og brukt innan litteraturforskning på forskjellige måtar. Per Thomas Andersen,

---

<sup>18</sup> Originalt utgitt i 1937-38. På engelsk er det gitt ut som “Forms of Time and of the Chronotope in the Novel”. Eg kjem til å vise til den danske oversettinga “Tidens og kronotopens former i romanen” (2006), omsett av Harald Hartvig Jepsen. I essayet kjem Bakhtin i tillegg kort inn på realkronotopen (kronotopiske tilfelle i den verkelege verda) og korleis møtet er mellom lesar og den litterære kronotopen i den *kreative* kronotopen (Bakhtin, 2006, 171). Realkronotopen er eit omgrep som Rigmor Kappel Schmidt drøfter i etterordet av *Rum, tid & historie – Kronotopens former i Europæisk litteratur* (2006). Dette samsvarar med Bakhtin sitt skilje mellom den “skildrende reale verden og den verden, der er skildret i værket” (Bakhtin, 2006, 171).

<sup>19</sup> Dette er kronotopen som i størst grad stiller seg i høve til realkronotopen, som omfatter korleis tid, rom og verdier viser seg i konkrete former i den *verkelege* verda, og ikkje i litteraturen (Bakhtin, 2006, 171).

<sup>20</sup> Eg vil gjennomgåande bruke både *person* og *karakter* om menneska vi møter i det litterære universet.

Fredrik Tygstrup, Linda Nesby, Anker Gemzøe og Atle Krogstad er blant dei innan nordisk forskning som har anvendt kronotopen i sitt arbeid. Nesby si avhandling inneheld ein tydeleg gjennomgang av forskjellige aspekt ved omgrepet. Eg har òg latt meg inspirere av Per Thomas Andersen sin bruk av Bakhtin sitt omgrep i lesingar ein finn i *Identitetens geografi* (2006), då han eksemplifiserer ei meir eklektisk litteraturlesing enn Nesby, og inneberer bruk av kronotopomgrepet, anna litteraturteori og teoretiske tilnærmingar.<sup>21</sup> Vidare vil eg igjen komme inn på Anker Gemzøe sin artikkel om ikkje-møtet i Helle si novelle “Fasaner”. Det vil fylgje ei oversikt over korleis staden, rommet, tida og verdiar fungerer i desse “knutane” som Bakhtin skriv om (Bakhtin, 2006, 13). Nokre masteroppgåver og specialer vil nemnast der dei har relevant bruk av omgrepet. Undersøking av dei forskjellige elementa vil legge til rette for ei lesing kor eg undersøker korleis småbykronotopen si tid pregar dei andre kronotopane i *RP* og korleis Jane stiller seg i høve til desse. I dette kapitlet vil eg derfor greie ut om tid, rom og verdiar og korleis dei verkar saman med personar i litterære verk, for deretter å karakterisera kronotopar i *RP* ut i frå kjenneteikna Bakhtin presenterer.

### 3.1.1 Bakhtin og kronotopomgrepet – knuten av tid, rom og verdiar

Louise Mønster trekk i sin artikkel “At finde sted” fram fleire filosofiske bidrag til forskning på staden sine eigenskapar (2009, 360).<sup>22</sup> Blant 1930-talet sine stadsforskarar, hevdar Linda Nesby at det er unikt korleis Mikhail Bakhtin, i tillegg til stadsfokuset, legg vekt på *tida* si manifestering i litteraturen (Nesby, 2008, 21). Han er elles kjent som mannen bak omgrep som det “dialogiske”, “heteroglossia”, “kronotopen” og det “karnevalske”, som alt er resultat av eit livslangt arbeid med litteratur og forskning på romanen som sjanger. Til tross for at arbeida hans strekk seg tilbake til 1920-talet, blir han fyrst kjent for vestlege akademikarar på 1970-talet, mykje på grunn av Julia Kristeva.<sup>23</sup> Mest kjent av Bakhtin sine arbeid er “Discourse in the Novel” (1934-1935), som saman med “Epic and Novel” (1941), “From the Prehistory of

---

<sup>21</sup> Per Thomas Andersen viser til dømes òg til Zygmunt Bauman, Ulrich Beck og Anthony Giddens sine teoriar kring det seinmoderne samfunnet. Medan Nesby i hovudsak fokuserer på kronotopen som teoretisk utgangspunkt utan å trekke inn sosiologiske aspekt i lesinga.

<sup>22</sup> Ho fram Martin Heidegger, Gaston Bachelard, Michel Foucault, Gilles Deleuze, Félix Guattari, Jacques Derrida og Luce Irigaray, som viktige bidragsytarar i diskusjonar kring stadsomgrepet. Dei nemnde hadde til dels forskjellige fokus på stadsundersøkingane, men var alle opptatte av staden si rolle i menneske sitt liv, anten med fokus på det psykologiske, historiske, med syn på kjønnsperspektiv eller på skilje mellom offentlege og personlege sfærar (Mønster, 2009, 360).

<sup>23</sup> I 1926-27 skreiv Bakhtin kritikk av Freud sin psykoanalyse. Han tok vidare for seg Saussure sin lingvistiske teori og kritiserte denne. I 1926 skreiv han *Problems of Dostoevsky's Art* kor han innførte omgrepet dialogisme. Elles hevda Ivan Kanaev at det ikkje var han sjølv, men Bakhtin som i 1926 skreiv “Conemporary Vitalism i Kanaev sitt namn (Renfrew, 2015, 1-21). Ein kan lese meir om Bakhtin sitt arbeid, liv og utvikling i *Mikhail Bakhtin* av Alastair Renfrew (2015).

Novelistic Discourse” (1940) og “Forms of Time and of the Chronotope in the Novel” (1937-1938), er samla i *The Dialogic Imagination* (1975).<sup>24</sup> I 1938 ferdigstilte Mikhail Bakhtin “Forms of Time and of the Chronotope in the Novel” kor han studerte korleis tid og rom er presentert og representert i litteratur.<sup>25</sup> Essayet blir likevel fyrste gong gitt ut 35 år seinare, i 1973. I samband med dette skreiv Bakhtin etterordet, “Afsluttende bemærkninger” som blir del av utgivinga (Jepsen, 2006, 10). Her blir den opphavelige teorien supplert med skildringar av fleire konkrete førekomstar av knutar av tid og rom, og det han omtalar som den *kreative* kronotopen.

I “Tidens og kronotopens former i romanen” legg Bakhtin fram korleis tid og rom oppstår i relasjon til kvarandre i litteraturen. Han innfører med dette omgrepet kronotop innan litteraturforskinga.<sup>26</sup> Ordet kjem frå gresk og tyder tid-rom. Som vidareføring av Albert Einstein sin relativitetsteori fungerer omgrepet metaforisk innan litteraturen med tanke på tid og rom slik det oppstår i litterære verk. Med overføring frå tydingssfæren fysikk til bruk av omgrepet i litteraturforsking, tar ein vare på samhörigheita mellom tid og rom (Bakhtin, 2006, 13). Store delar av essayet består av ein analyse av Rabelais sine verk, noko som eksemplifiserer korleis tid, historie og verdiar kjem til syne i det litterære verket. Det viser, saman med den historiske gjennomgangen av romansjangeren frå den greske romanen og utover, Bakhtin si interesse for romanen som sjanger.<sup>27</sup> Med dette viser han stor merksemd til kva rolle kronotopen har hatt i høve til sjangrar si utvikling. Utvikling av romankunsten inneberer endringar av karakterane i litteraturen, noko som fører med seg endring av tidlege, romlege og verdimesseige aspekt.

Undersøkinga, som Bakhtin har gjort av kronotopar opp gjennom litteraturen si historie, gjev oss tillating til å “kaste blikk fremad på visse af romanenes varianter i de efterfølgende perioder” (Bakhtin, 2006, 14). Bakhtin hevdar med dette at arbeidet med omgrepet ikkje er ferdig og

---

<sup>24</sup> Gjennomgåande i både “Discourse in the Novel”, kor Bakhtin skriv om Dostojevskij og stiller spørsmål om kva tekst er, og i sine andre verk, visar hans store interesse for sjangrane seg (Renfrew, 2015, 5). Dette ser ein òg att i essayet hans om kronotopen.

<sup>25</sup> Arbeidet speglar òg interessa hans for renessanseforfattaren François Rabelais, som seinare skulle bli gitt ut i revidert form som *Rabelais and His World* (1965).

<sup>26</sup> I etterskriftet “Kronotop” av Rigmor Kappel Schimdt hevdar ho at Bakhtin sin kronotopteori er inspirert av den sovjetiske fysiologen A.A. Ukhtomskij sine forelesingar (Schmidt, 2006, 228).

<sup>27</sup> Dette er òg tydeleg i “Epic and Novel” (1941), “From the Prehistory of Novelistic Discourse” (1940) og “Discourse in the Novel” (1934-35). I desse essaya drøfter han romanen sin etiske, estetiske og frigjørande funksjon. Vidare blir språket sin funksjon i romanen drøfta i “Discourse in the Novel”.

fullenda, men kan utviklast vidare. Dette gjeld òg utvikling av kronotopomgrepet til å undersøke fenomenen i samtidslitteratur. Bakhtin skriv i innleiinga av essayet at:

I den skønlitterære kronotop sker der en sammensmeltning af de rumlige og tidsmæssige kendetegn til et meningsfyldt og konkret hele. Tiden fortættes, komprimeres og bliver her kunstnerisk-synlig; også rummet intensiveres og drages ind i tidens, plottets og historiens bevægelse. Tidens kendetegn udfoldes i rummet, og rummet fyldes med mening og dimension af tiden. Denne krydsning af rækker og sammensmeltning af kendetegn er karakteristisk for den kunstneriske kronotop. (Bakhtin, 2006, 13)

Karakteristikken Bakhtin legg fram i dette utdraget dannar grunnlag for ein definisjon av omgrepet slik eg vil bruke det i mi lesing av *RP*. Gjennom den konkrete kronotopen i litteraturen, blir dei abstrakte elementa tid, rom, historie og plott gjort synlege i romanen sin diskurs og handling. I slike førekomstar viser verket sine verdiar seg. Desse har, i følge Nesby, vidare påverknad på karakteren og verket som heilskap:

Det sentrale for min bruk av begrepet er måten tid og rom utgjør en verdimesig arena på. Dette er igjen bestemmende for karakterenes handlinger og væremåte. Måten karakterer oppfatter tid, sted og verdier på har betydning for deres forståelse av verden. (Nesby, 2008, 14)

Verdiane er abstrakte, men kjem, som tid og rom, til uttrykk gjennom den konkrete kronotopen.

### 3.1.2 Kronotopisk analyse og stader i litteraturen

Dan Ringgaard innleiar si bok, *Stedssans* (2010), med å hevde som følger: “Denne bogs emne er ikke til at komme udenom. Bogstavelig talt. Vi kan ikke være nogen steder uden at der er steder. Intet kan finde sted uden sted” (Ringgaard, 2010, 7). At menneske er avhengige av ein stad for å eksistere, er ikkje til å komme unna. Louise Mønster gjev eit bilete på korleis ein allereie på Platon og Aristoteles si tid filosoferte over rommet sine eigenskapar. Mønster greier vidare ut om verknadshistoria til stadsforskinga. Ho trekk fram at det er Immanuel Kant, som innfører kroppen med sine sansar, som del av stadsoppfatninga. Kroppen si rolle i stadsoppfatninga legg til rette for ei meir partikulær forståing av staden. Martin Heidegger blir ståande som betydeleg for staden si rolle vidare i forskinga, òg for litteraturen si stadsforsking.<sup>28</sup> Mykje av vidare stadsforsking følger Heidegger si fenomenologiske tilnærming til staden. Det

---

<sup>28</sup> Mønster trekk spesielt fram Heidegger det han skriv om staden i “Tenke bygge bo” (Bauen Wohnen Denken).

eksistensielle rommet får ei viktig rolle i forskinga, noko Mønster følger opp i sin artikkel: “Fælles for alle [disse] steder er endvidere, at de ikke blot *er*. Steder *bliver* derimod *til* i kraft af menneskets evne til at se stederne og gennem dets interaktion med dem” (Mønster, 2009, 359). Staden blir fyrst til i det menneske interagerer med den og subjektet si oppfatning av, og samhandling med, staden avgjer korleis den framstår. Slik Anker Gemzø trekk fram i “Et ikke-mødes kronotop. Tid og rum i Helle Helles “Fasaner” (1996)”, som ei vidareføring av Immanuel Kant sine tankar om staden, som “egenskaber ved al menneskelig perception, selve de former, der overhodet gør os i stand til at opfatte verden” (1998, 357).

Eg vil komme attende til ei eksistensiell tilnærming til kronotopomgrepet i delkapittel 3.2.3. Men for at ein skal kunne erfare, sanse og tenkje, må dette komme til uttrykk i eit tid-romleg uttrykk. I likskap med staden, hevdar Bakhtin at kronotopen er avgjerande for subjektet si oppfatning av verda. Det sanslege må ta ei teiknform, noko konkret, for at menneske kan sanse det: “Uden et sådant tid-rumligt udtryk er selv den mest abstrakte tænkning umulig. Følgelig kan enhver indtræden i betydningernes sfære kun foregå gennem kronotopernes port” (Bakhtin, 2006, 175).

Den er med dette essensiell i korleis alt det ein erfarer blir formidla gjennom det konkrete. Rommet aleine er ikkje konkret, det same gjeld tida, men i det desse verkar saman, er det mogleg for menneske å skode. Inntrykk må, for i det heile tatt å kunne nå subjektet, komme til uttrykk gjennom tid og rom, i realkronotopen. Men desse grunnleggande føresetnadane for tenking og erfaring, verker på lik måte i forteljarkunst. Bakhtin hevdar det er umogleg å skilje dei tid-romlege faktorane frå kvarandre i det dei fungerer *saman* i kronotopen (Bakhtin, 2006, 161). Likevel legg han opp til at ein kan undersøke førekomstande av tid og rom kvar for seg i ei kronotopisk undersøking. Han gjer sjølv dette i både essayet om dei forskjellige kronotopane som oppstår i litteraturen si historie, og i høve til Rabelais sitt forfattarskap.

Staden kan innehalde tidlege element som gjev uttrykk for både historie og visse verdiar. Dette samhandlar subjektet med. Anten ved å stille seg i høve til dei verdimesige eller historiske uttrykka. Likevel blir ikkje staden eksplisitt nemnd i innleiinga til Bakhtin sitt essay. Det blir derimot rommet. Bakhtin poengterer at rom og tid er elementa som møtes i kronotopen, men døma han gjev på dette er likevel konkrete *stader*:

Hos de store realister – Stendhal og Balzac – er det naturligvis ikke kun dagligstuen eller salonen, der tjener som stedet, hvor de rumlige og tidsmessige rækker krydser hinanden, og



stedet, hvor sporene af tidens gang fortættes i rummet. Den er blot et af stederne. (Bakhtin, 2006, 165)

Forholdet mellom rom og stad er blitt drøfta innan både sosiologi, filosofi, litteraturforskning og arkitektur. Eg vil i større grad komme inn på korleis rom og stad har vorte behandla i kronotopiske lesingar i delkapittel 3.2.1.

Filosofen Edward Casey trekk i sine stadsundersøkingar i artikkelen “Between Geography and Philosophy: What Does It Mean to Be in the Place-World” (2001) fram at det er eit avhengigheitsforhold mellom stad og person. Han hevdar at det er “[n]o place without self and no self without place” (Casey, 2001, 684). Likt som Bakhtin sin teori, er subjektet sitt forhold til staden viktig i oppfatninga av denne. Dette vil vere viktig i mine lesingar, og eg vil omtale dette som tilfelle der karakterar *knytt band* til staden. Kronotopiske undersøkingar gjev dermed eit bilete av korleis karakteren er knytt til staden og den sine verdiar, formar for tid og historie. Det legg til rette for å ei avdekking av karakteren sitt forhold til staden. For å kunne gjere dette vil eg presentere nokre av kronotopane Bakhtin sjølv presenterer og desse vil eg ha som utgangspunkt for mi lesing av *RP*.

### 3.1.3 Originale Bakhtin-kronotopar

I “Tidens og kronotopens former i romanen” skildrar Bakhtin blant anna terskelkronotopen, småbykronotopen, slottet sin kronotop, idyllkronotopen, vegen sin kronotop og kjeltringen, narren og idioten sin kronotop. Ut i frå mi undersøking, er det småby- og terskelkronotopen som er dei mest relevante. Eg vil òg vise til idyllkronotopen som inneberer at “livet og dets begivenheder er organisk tilknyttet eller fastgroet til stedet [...] Det idylliske liv og dets begivenheder er uadskillelig fra denne konkrete krog i rummet, hvor forældre og bedsteforældre levede, og hvor børn og børnebørn vil leve” (Bakhtin, 2006, 144). Delar av denne vil vere relevant i høve til tida i Rødbyhavn. I fleire kronotopar er tida det førande elementet, men i idyllen samlar staden tida krins seg fordi ho verkar samlande for menneska på staden. Der tida kunne skilje personar frå kvarandre, blir tida mindre viktig, og staden verkar samlande. Likt som småbykronotopen, fungerer idyllen ofte saman med andre kronotopar. Bakhtin hevdar at han oppstår i variantar som familieidyll, jordbruksidyll, kjærleiksidyll og handverkarbeidet sin idyll. I staden for å gå gjennom alle desse, vil eg vise tre særtrekk som Bakhtin ser som typiske for alle førekomstande. Det fyrste særtrekket er, som nemnt, at den idylliske kronotopen er bestemt av ei eining i staden. Bakhtin hevdar at: “Stedets enhed tilnærmer og forener vugge og

grav” (Bakhtin, 2006, 145). Fleire generasjonar er knytt til same stad og liva som blir levd, og hendingane i desse, føregår på denne staden (Bakhtin, 2006, 144-145). Innafor den konkrete staden blir skilja mellom dei forskjellige generasjonane viska ut. Dette gjer at tida står fram som syklisk, noko Bakhtin hevdar er typisk for idyllen. Det andre kjenneteiknet ved idyllkronotopen er at hendingane som skjer her er få, kvardagslege og knytt til realitetane. Av den grunn er hendingane vanskeleg å skilje frå kvarandre (Bakhtin, 2006, 145). Manglande skilnadar mellom hendingane gjer at Bakhtin hevdar at ein i idyllen ikkje har noko som ein omtaler som kvardag, då *alt* ein kjenner til her er kvardag. Det tredje kjenneteiknet er korleis menneska sine liv er knytt til naturen. Våren er eit typisk element då den viser til det fruktbare, men òg til det sirkulære kretsløpet og tida si rytme som formar idyllen heilskap (Bakhtin, 2006, 145, 147).

Sjølv om dei kronotopane Bakhtin presenterer i hovudsak har namn etter stader, er det nokre førekomstar, som kjeltringen, narren og idioten sin kronotop, som er namngitte ut i frå kva type karakter som opptrer. Til tross for dette er alle nært knytt til personen si oppfatning av rommet dei oppheld seg i – med tida og verdiane som opptrer her. Til dømes er vegen sin kronotop karakterisert ved at den føregår i *karakteren* sitt kjente heimland. Personane hen møter er eksotiske slik *karakteren* opplever det. Karakteren si oppfatning av tid, rom og verdiar er avgjerande i alle førekomstane.

Liva i småbykronotopen kan stå fram i forskjellige variantar, men Bakhtin eksemplifiserer ved å skildre livet i småbyen, slik Gustave Flaubert gjer det i *Madame Bovary* frå 1856. Her møter ein ei tid som er prega av kvardag og sykliske rørsler. Dagane går, ikkje ulike dei som kom føre. Det går veker og månadar. Tida beveger seg i ei sirkulær rørsle. Dei same handlingane og rutineane skjer igjen og igjen. Det er ikkje spanande, men gjennomgåande “vanlege hendingar” som blir gjentekne:

Dag ud og dag ind gentages de samme hverdagshandlinger, de samme samtaleemner, de samme ord. Folk spiser, drikker og sover, ligger i med deres koner og (uromantiske) elskerinder, småintrigerer, sidder i deres forretninger eller på deres kontorer, spiller kort og løber med sladder i denne tid. Det er den banale og trivielle cykliske tid. (Bakhtin, 2006, 165)

Hendingane fører ikkje til endringar i kronotopen. Bakhtin omtaler også denne tida som “begivenhedsløs” og som at ho er ved “at være gået i stå” (2006, 166). På den måten kan ein

sjå den sykliske tida som eit vasshjul som står i ro, samstundes som det same skjer om att og om att. I småbykronotopen kjem ikkje karakteren ut av dette: “Her finder hverken ‘møder’ eller ‘afskeder’ sted” (Bakhtin, 2006, 166). Det manglar spenningstoppar i form av spesielle møte mellom karakterar, som kan føre til endring eller nye startar. Ei heller er det avskjedar som viser brot i tida. På grunn av det repetetive og hendingslause, hevdar Bakhtin, som eg allereie har vist til, at ei slik tid ikkje kan fungere som hovudtid i ein roman. Romanen sitt plott krev hendingar og framgang, slike ein til dømes finn i terskelkronotopen. Kvardagstida fungerer derfor i hovudsak som ein kontrast til den plutslege og hendingsfulle tida ein finn i terskelkronotopen. Elementa som opptrer i småbykronotopen kjem til uttrykk gjennom konkrete og kvardagslege former, som til dømes mat, drikke, søvn og begjær. Desse blir repetert utan særleg endring. Lokalitetane Bakhtin trekk fram som typiske er òg kvardagslege, til dømes små hus, tronge daglegstover og søvnige og støvete gater, klubbar og biljardhus (Bakhtin, 2006, 165). Verdiane som blir gjeldande i småbyen er dermed det tradisjonsberande, repetetive og bakoverskodande.

Terskelkronotopen vart fyrst innlemma i “Tidens og kronotopens former i romanen” i dei avsluttande merknadane Bakhtin skreiv i i 1973. Her hevdar han at “dens væsentlige rolle er at udfylde kronotopen for *krisen og vendepunktet* i livet” (Bakhtin, 2006, 166). Den er dermed knytt til karakteren si utvikling i løpet av romanen. Kronotopen har fått namn etter forma den ofte trer fram i, som trapper, entrear, gater eller torget: “I litteraturen er tærsklens kronotop alltid metaforsik og symbolsk, til tider i åbenlys form, men oftere implicit” (Bakhtin, 2006, 166). Det vesentlege er korleis den er knytt til verket sin karakterar si utvikling. Han består nemleg av “begivenheder, som kan få afgørende betydning for hele menneskets liv så som kriser, fald, genopstandelser, genfødsler, klarsyn og beslutninger, finder sted” (Bakhtin, 2006, 166). I fleire tilfelle kan den spesielle hendinga karakteriserast som eit vendepunkt for hovudpersonen i det litterære verket. Bakhtin sine døme på slike avgjerande augneblinkar, er personelege eller andre kriser, fall, nye sjansar eller klarsyn (Bakhtin, 2006, 166). I motsetnad til den sirkulære tida i idyllen og i småbyen, er terskelkronotopen, slik Bakhtin hevdar den finn stad hjå Dostojevskij, prega av ei tid som ikkje varer lenger enn ein liten augneblink (2006, 167). Den korte tida er ikkje prega av stillstand, men av plutslege handlingar. Hjå Tolstoj, derimot, kan “både kriser og fald, genfødsler og genopstandelser [forekomme], men de er ikke øjeblikkelige og falder ikke ud af den biografiske tids strøm, men er solidt tømret fast i den” (Bakhtin, 2006, 167). I dei tilfella terskelkronotopen opptrer i lengre tidsrom, er karakterendringane meir gradvis og del av livet slik det trer fram elles. Ut i frå døma Bakhtin trekk fram på førekomstar av tersklar

i litteraturen, kan ein hevde at der tida plar å vere det førande elementet i kronotopen, er det i dette tilfelle karakteren si utvikling – eller manglar på dette – som er det avgjerande. Nesby trekk fram korleis terskelen skaper moglegheiter for karakteren, men òg eksisterer i verket sjølv om karakteren ignorerer den moglegheita dette legg opp til (2008, 36). Dette kan ein underbygge med at Bakhtin trekk fram at den *vesentlige rolla* for terskelkronotopen er å skape vendepunkt i karakteren sitt liv, og at dette kan inntreffe plutselig. Men karakterar si innsikt eller modning kan òg bli vist i endringar over lenger tid, slik Bakhtin peiker på hjå Tolstoj. Den er dermed nært knytt til den litterære karakteren og blir i følge Nesby “sentral som karakterkonstituerende grep” (2008, 34). Ho viser til Lisa Eckstrom som òg har gjennomført ein karakteranalyse med bruk av kronotopen i ”Moral Perception and the Chronotope: The Case of Henry James” (1995). Den står i relasjon til karakteren sine kjensler. Slik kjem verket sine verdiar til uttrykk gjennom terskelkronotopen (Eckstrom, 1995, 99) Terskelkronotopen er med dette nærast knytt til analysar som handlar karakterar si eksistens og deira utvikling.<sup>29</sup> I mi lesing vil eg bruke terskelkronotopen som eit omgrep som viser livsendringar, eller eventuelle forsøk på dette, hjå karakteren.

### 3.2 Kronotopen etter Bakhtin

I denne delen av oppgåva vil eg undersøke korleis kronotopen har vorte brukt i møte med forskjellige litterære verk. Dette vil vise korleis omgrepet kan fungere som metodisk innfallsvinkel for mi lesing av *RP*. Fyrst vil eg presentere Nesby sin bruk av omgrepet i møte med Hamsun sine tekstar, deretter vil eg komme kort inn på det opponentane hadde av innvendingar mot analysane hennar. Vidare vil eg vise korleis Per Thomas Andersen har brukt omgrepet i møte med tekstar frå Hamsun, men tekstar med tematikk nærare den moderne og seinmoderne verda, og globaliseringa som fylgjer.<sup>30</sup> Deretter vil eg presentere lesingar av tekstar som ligg nærare opp mot *RP* i det at dei manglar ein dramatisk diskurs, men som derimot er prega av mangel på handling. Anker Gemzøe sin artikkel “Et ikke-mødes kronotop. Tid og rum i Helle Helles “Fasaner” (1996), Atle Krogstad si doktoravhandling *Tid, landskap, erfaring – om den norske livsverden i Dag Solstads forfatterskap* (2002), Fredrik Tygstrup sin artikkel “Kronotopisk identitet” (2000), Andrea Romanzi si masteroppgåve *Uskarpe identiteter: Dramatisering av identitetsspørsmålet gjennom rom, tid og replikker i Pirandellos Seks personer søker en forfatter, Becketts Endgame og Fosses Eg er vinden* (2017), Håkon K. Larsen

---

<sup>29</sup>Nesby viser at omgrepet frekvent er brukt i lesingar som fokuserer karakterar si utvikling. Sjå til dømes Ladin (1999), Schryer (1999), Cave (1990) og Bretz (1989).

<sup>30</sup> Sjå Appadurai (2003 [1994]) og Jonsson (1993).

si masteroppgåve *Det uhyggelige – om Stig Sæterbakkens Gjennom natten* (2014) og Henk van der Liet sin artikkel “ "Haven't You Heard . . .": Speech and Chronotope in Peer Hultberg's Novel "Byen og Verden" ” (1999) vil vere aktuelle. Utvalet er relevant for mi lesing , då det nemnde bruker omgrepet til å sjå samanheng mellom tid, stad, verdiar og karakter i verk frå 1921 til 2011. Det tidlegare forskingsarbeidet er kategorisert etter fokus på stad, tid og karakter, før eg vil kommentere bruken i møte med nyare litteratur. Til slutt vil eg presentere korleis eg sjølv vil dra nytte av kronotopen i lesing av *RP*.

### 3.2.1 Med fokus på dei konkrete stadene

I Bakhtin si innleiing til kronotopessayet blir ikkje staden nemnt med eitt ord, rommet blir derimot trekt fram som eit viktig element. Samansmeltinga av tid og rom er, som vist over, essensielt i det “[t]iden fortættes, komprimeres og bliver her kunstnerisk-synlig; også rummet intensiveres og drages ind i tidens, plottets og historiens bevægelse” (Bakhtin, 2006, 13). Nesby definerer derimot kronotopomgrepet slik: “Kronotopbegrepet er i denne avhandlingen forstått som karakterenes opplevelse av de tids- og verdimesige forhold som knyttes til et gitt sted” (Nesby, 2008, 9). Omgrepet er i dette tilfellet knytt til personen sin persepsjon av *staden* og alt det inneberer. Til tross for at Bakhtin nemnar *rommet* i si definerings av kva kronotopen er, er det altså staden som får størst merksemd hos Nesby og i Per Thomas Andersen sine lesingar.

Distinksjonen mellom rom og stad er eit spørsmål tatt opp av fleire stadforskarar.<sup>31</sup> Sjølv om dei forskjellige definisjonane av stad og rom inneheld nokre nyanseforskjellar, er det mogleg å slå fast at fyrstnemnde blir forstått som meir konkret, partikulær avgrensa og bestemt enn sistnemnde. Rommet er dermed meir abstrakt og mindre avgrensa. Det kan i større grad enn staden eksistere uavhengig av det kringliggande og konteksten det oppstår i. Men for at noko skal kunne eksistere som stad, er ein avhengig av eit subjekt som erfarer akkurat dette (Mønster, 2009, 359-360). Subjektet er viktig for staden sin eksistens, noko ein òg ser i form av karakteren si rolle i høve til kronotopomgrepet. Moglege årsakar til at rommet er erstatta av staden i kronotopiske lesingar, er det Nesby peiker på i det ho hevdar at mykje av dei “senere forskeres bruk av begrepet” har vore retta mot stadsundersøkingar (2008, 8). Per Thomas Andersen fokuserer òg på staden, og ikkje på rommet, i *Identitetens geografi*. Her bruker han kronotopen i det han drøftar identitet og identitetsutvikling, slik det er representert i litteratur frå norsk

---

<sup>31</sup> Blant anna drøftar Edward Casey, Tim Cresswell og Gaston Bachelard dette. Eg vil komme nærmare inn på distinksjon mellom tid og rom i delkapittel 3.3.1.

mellomkrigstid og engelskspråkleg postkolonial litteratur (2006, 8). Staden er i denne samanhengen eit viktig element i korleis ein fremmar ei forteljing om sjølvvet. I lesingane knytt til stad og identitet viser Per Thomas Andersen, i tillegg til Bakhtin, til forskarar som Zygmunt Bauman, Ulrich Beck og Franco Moretti. I si forklaring på kvifor staden får merksemd i identitetsundersøkingar, hevdar Andersen at: “Romaspesktene er imidlertid ikke på samme måte blitt gjenstand for oppmerksomhet. Derfor er det all grunn til å rette søkelyset mot steder i litteraturen, slik mange forskere for tiden gjør” (P. T. Andersen, 2006, 11). Som vist kan ein ikkje setje likskapsteikn mellom rom og stad. Likevel skjer dette i både Nesby og Per Thomas Andersen sin bruk av kronotopomgrepet i stadsundersøking i litterære verk. Kvifor blir det trekt likskapsteikn mellom rom og stad i desse lesingane?

Kronotopane som Bakhtin sjølv presenterer i sitt essay, er, som vist, i stor grad knytt til konkrete stader. Blant dei er tersklar, vegar og småbyar. For at abstrakte element som tid og rom skal kunne vise seg, vil det vere knytt til noko konkret. Det er ikkje nok at rommet står som seg sjølv utan noko anna. Då vil ein referere til ein abstraksjon. Bakhtin forklarar overgangen frå det abstrakte rommet til den konkrete staden med at:

Kronotopen, der fungerer som det primære redskab til tidens materialisering i rummet, er således et centrum for den illustrative konkretisering, for legemliggørelsen for hele romanen. Alle romanens abstrakte elementer – filosofiske og sociale generaliseringer, idéer, årsags- og virkningsanalyser – drages mod kronotopen, og gennem den fyldes de med kød og blod og indvies i den kunstneriske billedlighed. (Bakhtin, 2006, 168)

Slik som det i relasjonen mellom rom og stad er ein overgang frå det abstrakte til det konkrete, skjer det gjennom kronotopen den same overgangen. *Gjennom* kronotopen blir det abstrakte tilført *kjøt og blod*. Han verkar dermed som ei lekamleggjering av dei abstrakte elementa i romanen. Dei abstrakte verdiane, ideane, tida og historia visar seg i den *konkrete* kronotopen. Knuten av tid, rom og verdier blir dermed karakteristikken for kronotopen og gjer dette synleg i *eitt* rom til *ei* gitt tid. Stadene verkar som ei konkretisering av det abstrakte rommet.<sup>32</sup> Kronotopen materialiserer seg på konkrete stader i kunsten og gjer tid og verdier synleg.

---

<sup>32</sup> Til dømes, slik som Bakhtin skriv om i Kleitofons tilknytning til ein konkret stad. “*Tilfangetagelse og fængsel* forudsætter heltens *indespærring* og *isolation* på et *bestemt sted i rummet*” (Bakhtin, 2006, 27). I tillegg til stader, presenterer både Bakhtin (2006, 81-87) og Nesby (2008, 95) karakterar som kronotopar. I delkapittel 3.2.3 vil eg komme attende til dette.

### 3.2.2 Tida si særlege rolle i kronotopen

Blant rommet, verdiane og tida, er tida det førande elementet i kronotopen (Bakhtin, 2006, 14). Kva tid som er gjeldande i kronotopen former handlinga, og påverkar personen og dei verdimeessige aspekta i verket sin heilskap. Tida avgjer logikken i kvar av kronotopane. Romanen si oppbygging vil kunne vise denne logikken og vise kva for ei tid som pregar handlinga sin gang. Eit døme er eventyrtida i den greske romanen, som er prega av at hendingar skjer tilfeldig. Dette gjer at menneska sine liv blir prega av plutselige hendingar og endringar (Bakhtin, 2006, 23). Tida og logikken pregar korleis diskursen er presentert og om det er brot eller kontinuitet i handlinga si framdrift. Ein kan sjå uttrykk for tid og logikk i diskursen, med innslag av til dømes brot, kontinuitet eller repetisjon. Frekvens vil altså påverke tida i kronotopen. I tilfellet med den greske romanen, kor avbryting og endring skjer fort, vil bruk av spesifikke ord og fraser som “plutselig” og “i den same augneblink” vise akkurat dette (Bakhtin, 2006, 20). Dette viser at tida er prega av hendingar som inntreff i raskt tempo. Tidspeikande ord kan derfor indikere kva for ei tid som er gjeldande i dei forskjellige kronotopane. I ein småbykronotop vil kvardagstida, som typisk er prega av repetisjon av hendingar, vere gjeldande. Det sykliske gjer at vi blir leia gjennom handlinga med referentar som timar, dagar, veker, månadar og år (Bakhtin, 2006, 165). Menneska i kvardagstida handlar etter tradisjonar, rutinar og vaner. Dette gjer at det sykliske, som vi kjenner att frå naturen sitt naturlege kretsløp, er tydeleg i det karakterar lev eit liv etter ei naturleg tidleg rytme. Tradisjonar, rutinar og vanar er alle hendingar som er seg sjølv i form av repetisjon. Tida kan elles vere fylt opp av dramatiske hendingar. Eller ho kan vere, som nemnt hjå Flaubert, framstilt som nærmast stillestående og prega av det kvardagslege (Bakhtin, 2006, 165). Ut i frå Bakhtin sin påstand, er romanen avhengig av ei anna tid enn den stillestående, noko eg vil komme nærare inn på i mi lesing av *RP*.

Ein kan lese tida i litteraturen gjennom element som repetisjon, innslag av handlingar, symbol, språk og romanen sin hendingsgang. Opponentane til Nesby sin doktordisputas, Atle Kittang og Britt Andersen, peiker begge på at hennar undersøking har fokusert lite på dei tidlege verdiane som kjem til uttrykk gjennom kronotopane (2009, 307, 294).<sup>33</sup> Dette fører til det Kittang hevder er ei forsømming av omgrepet sin funksjon, “nemleg den samansmeltinga av temporalitet og spatialitet som uttrykker korleis den narrative kunsten er ein måte å handtere

---

<sup>33</sup> Nokre unntak finst rett nok: Nesby trekk fram tida sine sykliske trekk i ødemarka sin kronotop, noko som understreker det evige momentet, i tillegg peiker ho på at tida si regelmessighet styrker kjærleiken sitt nærvær (2008, 144, 191).

tid på” (2009, 307). Eg vil vie tida si manifestering i litteraturen merksemd i mi kronotopiske nærlesing. Korleis tid og verdiar kjem til uttrykk på staden, vil vere kjernen i mi undersøking av stader og karaktergransking i Helle sin roman. Rigmor Kappel Schmidt trekk i etterordet av den danske utgivinga av Bakhtin sitt kronotopessayet, fram at dersom karakterar ikkje endrar seg i romanen, kan ein hevde at tida står stille (2006, 230). Ho hevdar at: “Imidlertid manifesterer tiden sig især i hovedpersoner og i det kulturgeografiske rum” (Schmidt, 2006, 230). Ho trekk vidare fram at: “hovedpersonen [kan] være bærer af tidens tegn” (2006, 230). Både Nesby og Per Thomas Andersen sin bruk av omgrepet legitimerer ein analyse som fokuserer på forholdet mellom stad og identitet. Men kvifor påverkar staden identiteten? For å forstå meir av dette vil eg vise til det kva rolle karakteren har i kronotopen.

### 3.2.3 Kronotop og karakter

I staden for stor merksemd til tida, vier Nesby derimot stor plass til karakterane si og grunnjev dette i sin gjennomgangen av den eksistensielle tilnærminga til kronotopomgrepet (2008, 35-40). Dette er i forlenging av Bakhtin som òg hevdar at bileta av menneska i litteraturen fundamentalt sett er kronotopisk (2006, 13-14). For menneske er det elementært å eksistere i kryssingar av tid og rom, noko vi har sett i det Ringgaard påstår at ein ikkje kan eksistere utan å vere på ein stad. Tim Cresswell peiker i *Place: an introduction* (2015) på korleis dei kringliggande strukturane vil vere med å definere korleis ein handlar. Cresswell hevdar at ein er avhengig av dei strukturane som eksisterer på stader og at den materielle strukturen, saman med dei abstrakte normene på ein stad, gjer at ein handlar forskjellig på forskjellige stader. Strukturane knytt til staden, gjer at staden “forventar” ein tilpassa oppførsel av subjektet (Cresswell, 2015, 66).<sup>34</sup> Dette viser korleis stad og uttrykk for identitet er knytt saman og står i eit refleksivt forhold til kvarandre. Karakterane ber på forskjellige verdiar, noko som er avgjerande for opplevinga av røynda, dei er prega av kronotopen dei har vore i kontakt med. Staden sine verdimesige uttrykk er avhengige av karakterane sitt møte med denne. Verdiar kan ikkje eksistere i seg sjølv, dei er avhengige av at eit subjekt tillegger staden akkurat dette. Bakhtin forklarar personar si utvikling i samanheng med omverda i framstillinga av terskelkronotopen. Ved å undersøke denne, får ein, som nemnt, innsikt i karakteren si utvikling,

---

<sup>34</sup> Cresswell viser korleis stader føreset visse oppførselar av subjekta som interagerer med denne. Stader sine konstruksjonar kan sette fysiske grenser for oppførsel på stader, men òg andre menneske sine tidlegare handlingar på stader set normer for korleis ein skal samhandle med staden. Kulturelle og sosiale forventingar gjennomsyrrer stadene og av den grunn er forventingane dynamiske og moglege å endre som følge av eins handlingar i høve til staden (Cresswell, 2015, 66).



eller eventuelt eit fråvær av ei slik utvikling (Bakhtin, 2006, 166). Nesby omtaler verdien i kronotopen påverkar karakteren si tilknytning til denne (Nesby, 2008, 16). Relasjonen mellom stad og karakter, kan bli kasta lys over ved ei kronotopisk lesing. Terskelkronotopen er relevant i det ein skal undersøke karakterar sin identitet i tilknytning til stader. Større endringar for karakteren kan vere prega av tidlege og verdimesseige endringar og derfor vere knytt til kronotopar i romanen. Til dette formålet er terskelen relevant, då denne er nært knytt til romanens karakter (Nesby, 2008, 36-37). I følge Nesby er *Pans* Edvarda knytt til modernitetskronotopen, medan Glahn er knytt til idyllkronotopen. Slik ho ser det blir deira forsøk på eit forhold mislukka i og med at dei har eit fôr forskjellig verdisyn eller forskjellige tilhøyrle- og orienteringspunkt (2008, 100). Nesby forklarar det mislukka forholdet med ei dragninga mellom dei forskjellige verdiane. Eit resultat av dette er at Edvarda skaper seg ein eigen kronotopisk arena. Edvarda sin kronotop er berar av eigne tids-, rom- og verdielement. I følge Nesby må kronotopisk tilknytning “skje i tråd med de sosiale regler som eksisterer, samtidig som det må tas høyde for de tids- og verdimesseige forskjeller Edvarda opplever innanfor handelssteds-kronotopen” (2008, 96). Nesby knyt dette vidare til kjønnsproblematikk, men eg vil hevde denne tilknytninga kan vere mogleg å drøfte ut i frå identitetsspørsmål aleine då tilpassing til sosiale reglar er noko som gjeld for alle, uavhengig av kjønn. Det er forskjellige normer å følgje for dei forskjellige kjønna, men faktum at ein *må tilpasse seg* gjeld for alle. I det ein person er meir knytt til ein annan kronotop, enn den som eksisterer der ein oppheld seg, vil det mest sannsynleg få følger. For Edvarda skjer det, i følge Nesby, eit sjølvrealiseringsprosjekt (2008, 97).

Nesby deler verknadshistoria til Bakhtin sitt omgrep inn i tre kategoriar ut i frå kva fokuspunkt ein har i lesinga (Nesby, 2008, 33-46). Ein kronotopisk analyse kan ha hovudvekt på det semiotiske, det kognitive eller det eksistensielle aspektet ved omgrepet. Det semiotiske aspektet legg vekt på korleis personen si verd er framstilt og korleis ho blir representert i verket. Gjennom skildringa av det omliggande, får verda mening. Eit semiotisk tyngdepunkt handlar derfor om representasjonar i verket og det som skaper handling (Bakhtin, 2006, 167 og Nesby, 2008, 41). Dersom ein derimot har fokus på dei kognitive aspekta, vil ein undersøke korleis lesaren hentar ut mening frå teksten. Sjølve prosessen kring å forstå, og korleis dette skjer, vil vere interessant i slike tilfelle.<sup>35</sup> Eit fokus på dei eksistensielle forholda vil derimot vise til korleis personen stiller seg i høve til omverda. Interaksjonen mellom kronotopane og karakteren

---

<sup>35</sup> Den kreative kronotopen er dermed ein viktig kronotop i ei slik undersøking då den retter fokuset på møtet mellom lesar og tekst.

vil vere relevant. Nesby peiker på relasjonen mellom karakter og denne karakteren sin eksistens i verda. For å oppfatte både tid og rom må eit subjekt prosessere desse inntrykka (Nesby, 2008, 34). Den eksistensielle dimensjonen ved kronotop-omgrepet, forklarar ho med å vise til Bakhtin som hevdar at tid og stad er naudsynt for all kognisjon. Vidare hevdar ho at:

Slik åpner kronotopbegrepet for en måte å studere karakterenes væren i verden på. Deres stedlige plassering, med de temporale og verdimessige implikasjoner det innebærer, betinger deres handlinger og væremåte. Et sted kan romme flere kronotoper, fordi det primære er karakterenes opplevelse av stedet som en tids- og verdimessig enhet. Slik kan kronotopanalysen røpe forskjeller, utvikling og modning hos enkeltkarakterer til tross for tilsynelatende stillstand. Eller en kronotopisk analyse kan avsløre manglende utvikling, slik tilfellet er når karakterer unnlater å konfrontere terskelkronotopiske situasjoner. (Nesby, 2008, 54)

I sin kronotopiske analyse fokuserer Nesby på korleis karakteren er på staden, med dei formar for rom og tid som denne inneheld. Ho legg dermed mest vekt på korleis karakteren oppfattar dei forskjellige kronotopane, med dei elementa dette fører med seg. Til tross for at Nesby hevdar at ein stad kan romme fleire kronotopar, vil eg i mi lesing vie ein kronotop til kvar stad. Dette er gjort for å kunne få oversikt over tidsførekomstane i eit spekter av kronotopane i romanen. Nesby viser vidare korleis kronotopen har påverknad på karakteren: “Det er identifisering og forståelsen av de ulike kronotopenes funksjon innad i romanene og deres betydning for karakterfremstillingen som har vært bestemmende for avhandlingens metodiske innfallsvinkel” (Nesby, 2008, 34). Som òg Cresswell er inne på, tilpassar subjektet seg stadene det oppheld seg på. Det same gjeld den litterære personen. Det refleksive forholdet mellom staden og karakter er sentralt i ei kronotopisk lesing: “Henvisningen til eksistensielle forhold viser måten karakterene oppfatter sine tids- og stedsmessige forhold på, og hvordan disse har betydning for fremstillingen av karakterene” (Nesby, 2008, 35). Innblikk i dei forskjellige stadene, vil kunne forklare korleis personen blir påverka av kronotopen. Dei tidsmessige faktorane kan vere årsak til påverknaden, men det vil oftast vise seg eit komplekst bilete som òg inneberer eit sett med verdiar. Kronotopen sine føresetnadar for å undersøke dei tidsmessige og stadlege forhold, vil vere sentral i denne teksten. Nesby viser mellom anna til Bakhtin-forskaren Michael V. Montgomery. I *Carnivals and Commonplaces. Bakhtin's Chronotope, Cultural Studies, and Film* (1993) fokuserer han på den sterke relasjonen mellom kronotop og person. Slik Nesby presenterer det, hevdar han i tillegg at ein kronotopisk analyse skal rekonstruere karakteren sitt forhold til røynda (Nesby, 2008, 35). Det er i heilskap eit refleksivt

og tett band mellom verda slik ho framstår i kronotopane og personen i det litterære universet. Dette poengterer Nesby: “[I]dentifisering av kronotoper bidrar til å avdekke en karakters virkelighetsforståelse” (2008, 39). Å undersøke kronotopane i romanen, vil derfor kunne kaste lys over karakteren si eksistens i omverda – plassert på stader.

Når det gjeld dei tre tradisjonane Nesby skisserer, er ho inspirert av alle retningane, men ho plasserer seg i stor grad i rekka av eksistensielle tilnærmingar (2008, 41, 50). Dette bygger på ei forståing av omverda slik karakteren forstår ho, og påverknaden dette har på korleis karakteren oppfører seg. Omverda er situert gjennom kronotopane, med sine tidlege og verdimesige aspekt (Nesby, 2008, 35). Kronotopiske undersøkingar av litterære verk, kor ein analyserer karakterar og deira relasjon til sin omverden og det den inneheld av tid, rom og verdiar, tar ikkje inn den reelle verda i behandlinga av verket, i staden blir det litterære universet sett som ein autonom storleik.<sup>36</sup>

Både fokuset på stader og karakterar er likskapar mellom lesingane til Nesby og Per Thomas Andersen. Han undersøker korleis endringar med menneskekroppen har påverknad på idyllkronotopen som er gjeldande på Sellanrå. Etter Inger har vore i byen, blir kroppen hennar endra og Andersen hevdar at ho “får ein bykropp” (2006, 31), som står fram som ein trugsel mot idyllkronotopen. Ei slik forståing viser kor viktig relasjonen mellom karakteren og staden er i ein kronotopisk analyse. Det presenterer tankar om at kroppen, inkludert subjektet, blir prega av staden. Tida får ei viss merksemd i det Per Thomas Andersen peiker på kvardagstida som oppstår i Bakhtin sin småbykronotop, og knyt denne til tida som dominerer i Cora Sandels *Alberte og Jacob* (1926). I undersøkinga av romanen si tid viser Andersen korleis Alberte reagerer på tidsord, kva årstider ein møter og Sandels forteljarmåte. Forteljinga er fortalt i rammer av årstidene sitt skifte, noko som knyt tida til det sykliske. Repetisjon er synleg i det forteljaren fortel om “*hver morgen i Albertes liv*” (P. T. Andersen, 2006, 42). Slike skildringar, i tillegg til at det blir fortalt gjennom generell presens, som understreker det repetitive, er romanen “fri for den slags øyeblikk og begivenheter som vanligvis skaper spenning og mening i fortellinger” (P. T. Andersen, 2006, 42). Ut av repeterte handlingar, blir livet framstilt som trivielt og med innhald som Per Thomas Andersen les som eksistensiell stillstand. Dette blir stilt i kontrast til Alberte sine egentlege ønsker, som blir vist i Jacob sitt liv då han reiser til sjøs og opplever nye ting. Med Alberte sin søken etter “avgjørende ord, som bringer klarhed og gir

---

<sup>36</sup> Til tross for dette er Helle, som vist, utalt inspirert av faktiske stader i sine skriveprosessar.

håb, må falde. En dag må det indtræffe, kanskje i dag, hvorfor ikke?” (Sandel, 2002, 56), får ordet si tyding i høve til handlinga sin logikk eksplisitt merksemd. Ho søker etter ord som kan føre handlinga framover, men som Per Thomas Andersen peiker på: “[D]et hender ingenting” (2006, 42). Tida blir framstilt som stillestående. Sandel og Hamsun var delvis verksame i same periode, men nokre av Per Thomas Andersen sine kronotopiske analysar skil seg likevel frå Nesby sine med tanke på det litterære materialet han tar tak i. Det moderne og utviklinga til det seinmoderne, får ei viktig rolle saman med globaliseringa si påverknad på litteraturen. Han skildrar korleis Michael i J. M. Coetzee sin roman *Life & Times of Michael K* (1983) skriv om Michael som oppheld seg i ei forlaten hule kor opplevinga av tida endrar seg. Per Thomas Andersen skriv òg om V. S. Naipul i *Half a Life* (2001) kor individet alltid er på reise, men “på feil sted overalt” (2006, 191). Av Per Thomas Andersen sine analysar har eg sett korleis kronotopen viser fram elementa tid, stad og identitet i litteratur, som ikkje inneheld element som skapar spenning og meining – noko som ikkje er ulikt skildringane av Helle sin handlingslause litteratur med sine karakterlause kvinner (Aabenhus, 2011, 36-37). Per Thomas Andersen viser at den sykliske tida set rammene og hindrar utvikling for Alberte. Han trekk òg fram korleis det seinmoderne menneske kjenner på mangelen på tilhøyring til stader, noko som vil vere relevant i drøftinga av ikkje-stader i Helle sin roman (2006, 43). I vidareføring av hans lesingar vil eg vise eit utval av forskning kor kronotopen har vorte brukt som tilnærming til litteratur, som liknar Helle sin roman, nemleg litteratur kor det delar av det sentrale er korleis hendingar *ikkje* skjer. Dette er litteratur som vendar seg inn i subjektet og, på den måten, formidlar verdiar og oppfatninga av verda kring seg. Desse liknar i større grad på lesinga eg vil gjere då det handlar om handlingsfattig litteratur med karakterar prega av det seinmoderne.

### 3.2.4 Kronotopar i nyare litteratur

I det Anker Gemzø lesar Helle si novelle “Fasaner”, med utgangspunkt i møtekronotopen, vier han det tidlege mykje merksemd. Utan å komme meir inn på Bakhtin si sjangerdrøfting, trekk Gemzø fram at novellesjangeren understreker det korte tidsrommet, som gjer det tydeleg at lesaren berre får eit kort glimt inn i kvardagen. I tillegg trekk han fram “Fasaner” sin sirkulære komposisjon og drøfter korleis fortid og framtid manifesterer seg i handlinga sitt rom.<sup>37</sup> Gemzø viser korleis terskelen eller møtet *ikkje* er verkar avgjerande for karakterane i Helle si

---

<sup>37</sup> Det skal nemnast at rommet kor handlinga går føre seg i “Et ikke-mødes kronotop”, ved siden av å skje i eit hus, føregår det Gemzø kallar eit “eg-hus”. Huset står fram som eit symbol på dei indre prosessane i novella sin hovudkarakter, det eksistensielle forholdet mellom karakter og kronotop er dermed tydeleg og det viser ei sterk kopling mellom stad og karakter.

novelle. Der ein som lesar forventar eit viktig møte for karakteren, er det i staden fråveret av dette som er gjeldande.

Atle Krogstad bruker i si doktoravhandling *Tid, landskap, erfaring - om den norske livsverden i Dag Solstads forfatterskap* (2002) kronotopen for å undersøke dei litterære universa vi møter i Solstad sitt forfatterskap. Kronotopane hjå i Solstad liknar kvarandre og Krogstad kategoriserer dei i kvar sine tiår. Ut i frå novellene “Det plutselige øyeblikk” frå *Spiraler* (1965) og “Sveve, sveve” frå *Svingstol* (1967) finn Krogstad ei tid som pregar Solstad sitt univers: “Med sin vektlegging av henholdsvis den momentane og flytende tid representerer også de to tekstene den doble retoriske og eksistensielle bevegelsen som ligger til grunn for framstillingen av den norske livsverden i Solstads forfatterskap” (Krogstad, 2002, 328). Ein ser med dette at Krogstad brukar framstilling av tida til å forklare korleis verda er bygga opp i verka. Påverknaden viser korleis kronotopen er “bestemmende for bildet av mennesket i dets konkrete omgivelser” (Krogstad, 2002, 328). I framstillinga av 1970-tallsverka er tida annleis presentert og Krogstad finn dermed ein annan kronotop. Denne er prega av ei plutselig tid, som indikerer ei verd prega av oppbrot og raske endringar. Han omtalar dermed kronotopen som revolusjonær. Byen sin plassering, ein kystby som har utopiske grenser mot havet, understreker det revolusjonære med sitt håp om det utopiske. Vidare blir karakter og stad spegla i “byens demografiske og klassedelte struktur nedfelt i gestaltningen av hovedpersonens splittede, kroppslige eksistens” (Krogstad, 2002, 328). Dette viser korleis det er eit påverknadsforhold mellom karakteren sin kropp og dei geografiske stadene i romanen.

Kronotopen inneber verdiar som kjem til uttrykk gjennom materialisering i kunsten. Ting, rutinar, hendingar og skildringar står fram som indikatorar på ei viss oppfatning av tida. Repetisjon av dei same hendingane viser at det er ei tid som rører seg syklisk. Plutselige hendingar kan indikere ei tid som er prega av tilfeldigheit og mangel på logikk. Logikken, som Bakhtin omtalar som skjebnen, avgjer korleis handlinga i romanen blir formidla og det avgjer kva hendingar som skjer med, eller som følger, av karakteren (Bakhtin, 2006, 23). Nokre romanar er prega av mykje handling og utvikling, medan andre ikkje er det. I tillegg til å vere grunnleggande i eksistens, og derfor vidare i formidling, inneheld kronotopen uttrykk av verdiar. I alle val som er tatt for å fylla ein kronotop, ligg det verdimesige føringar. Tilknytning til tradisjonar, eller lausriving frå desse, kan til dømes vise til tradisjonelle eller meir moderne verdiar. Dette påverkar korleis kunstverket fungerer i heilskap. Desse kan ha grunn i forfattaren sine visse og uvisse val, men ei levande og kunstnarisk betraktning “indfanger kronotopen i

dens helhed og fylde. Kunsten og litteraturen er mættet med kronotopiske værdier af varierende grad og omfang. Ethvert motiv, ethvert udskilleligt moment af det kunstneriske værk er en sådan værdi” (Bakhtin, 2006, 161). Det vil vere av tyding for det verdimesige å undersøke korleis personen handlar saman med omverda. Korleis personen stiller seg i høve til tida og rommet som oppstår, og eksisterer med sine verdier, vil ha innverknad på kva verdier som kjem til uttrykk i kronotopen. Eit døme kan vere Per Thomas Andersen si merksemd mot Alberte sitt forhold til ord som “plutseleg”, som indikerer endring og nye impulsar. Alberte er berar av tradisjonelle og konservative verdier i det ho reagerer negativt på dei hurtige endringane som skjer kring henne. Dømet viser kor tett opp mot kvarandre tida og verdiane ligg i eit verk. Vidare har karakteren ei viktig rolle i framstillinga av kronotopen sine verdier. Også Nesby viser, som nemnt, til karakterar som berar av verdier i det ho hevdar at Inger i *Markens Grøde* representerer det moderne etter fengselsopphaldet i Trondheim. I møte med dei tradisjonelle verdiane på Sellanrå, blir det vist fram ei spenning mellom det “moderne” og det “tradisjonelle”. Det kan, som Bakhtin hevdar, vere vanskeleg å skilje elementa frå kvarandre då dei verkar saman. Henk van der Liet viser kronotopen sine verdimesige føringar og peiker på korleis desse kan vise til ideologiske og eksistensielle element i verket. Han viser at Peer Hultberg sin roman *Byen og Verden* ikkje inneheld konkrete skildringar av stader, men at staden likevel blir tydeleg berar av verdier i formidling av forholdet mellom karakter og staden Viborg:

Thus, Viborg as a chronotope becomes synonymous with the testing of human values, codes, or taboos (at a certain moment). The city is, in that sense, a kind of fictional laboratory in which the individual, by means of trial and error, learns how the complicated rules of the adult world work (*Bildung*). (Liet, 1999, 216)

Byen Viborg, som eigen kronotop, fyller ein funksjon i romanen, og påverkar karakteren med sine sosiale spelereglar, som vidare spelar inn på karakterutviklinga. Liet sin bruk av omgrepet er fokusert på dei verdiane som blir formidla i verket. Frederik Tygstrup undersøker kronotop og identitet i Martin Søndergaards diktsamling *Ubestemmelsssteder* (1996). Som utgangspunkt for identitetsutviklinga spør Tygstrup kva staden gjev subjektet med tanke på moglegheiter for utvikling (2000, 41).<sup>38</sup> Dei konkrete romlege og tidlege situasjonane som oppstår gjev føresetnadar for kva for ei utvikling av identiteten som skjer. Undersøking av

---

<sup>38</sup> Med utgangspunkt i Tygstrup si forståing av det litterære rom og Bakhtins kronotopomgrep undersøker Stein Tingvold i si hovudoppgåve frå UiO (2003) korleis historisk påverknad og rommet verkar som føresetnad for sjølvrealisering.

identitet ved hjelp av kronotopen er òg gjort av Andrea Romanzi (2017). I si masteroppgåve skildrar han korleis oppløysing av tid og rom påverkar karakterane. Han viser korleis nedstripping av tid og rom har påverknad på identitetsforståinga i verk av Becket, Fosse og Pirandello. Oppløysinga av tid og rom fører til ei av-individualisering av personane, noko som òg visar seg i språket som understreker det eksistensielle preget. På den måten viser han korleis kronotopleing kan brukast til å drøfte samanheng mellom rom, tidsaspekt, språk og personar sin identitet. Håkon K. Larsen viser i si masteroppgåve frå 2014 korleis endringar og utvikling i *Gjennom natten* (2011) av Stig Sæterbakken kan forklarast ved hjelp av terskelkronotopen. Han skildrar korleis handlingar i romanen viser tydelege brot og blir viktige hendingar for personane i romanen.

### 3.2.5 Min bruk av kronotop som metode

Bakhtin hevdar, som vist, at vidare undersøking av tids- og rom-element i litteraturen vil vere med å utvikle kronotopomgrepet: “Dette arbeidet vil i sin videre utvikling supplere og, muligvis, fundamentalt korrigere de karakteristikkene, som vi her giver af romankronotopenerne” (Bakhtin, 2006, 14). Òg Nesby trekk fram potensiell utvikling av omgrepet då Bakhtin tek utgangspunkt i relativt få verk i sitt essay. Ho hevdar at det gjev eit noko svakt utgangspunkt for å trekke faste slutningar om kva for nokre kronotopar som kan oppstå i litteraturen (2008, 25). Eg lar meg inspirere av dei kronotopane Bakhtin legg fram i sett essay. Deretter vil eg finne nye tilfelle kor tid, rom, verdier og karakter kjem til syne i form av kronotopar i *RP*. Dette vil bli gjort med utgangspunkt i kronotopane eg har presentert over. Spesielt vil eg vere merksam på korleis småbykronotopen verkar i høve til Rødbyhavn og drøfte korleis terskelkronotop blir framstilt i *RP*. Gjennom nærlesing av romanen vil eg finne førekomstar av tidlege og verdimesige element, uttrykt gjennom konkrete stader, ting og hendingar. Sidan Bakhtin hevdar at tida er det styrande elementet i kronotopen, vil eg vie mykje merksemd til korleis tida kjem i uttrykk i form av korleis handlingar blir framstilt i diskursen. Dette vil vere i likskap med det ein ser i arbeidet til Krogstad, P. T. Andersen, Nesby og Romanzi. Både Tygstrup, van der Liet og Romanzi viser korleis endringar i tid og rom har innverknad på karakteren, noko som kan vere relevant i det eg vil undersøke Jane sitt møte med forskjellige kronotopar. I tillegg vil eg sjå om tida, framstilt i diskursen, kan seie noko om kva tid som er dominerande i romanen sine kronotopar.

I staden for ei metode, viser Bakhtin korleis ein kan finne førekomstar av kronotopar i litteratur. Bakhtin sin påstand om at det finst forskjellige variantar av kronotopane, gjer at eg vil bruke

omgrepet til å forklare fenomen ved staden, framfor å gjere meg avhengig av å finne dei forskjellige kronotopane han sjølv presenterer (Bakhtin, 2006, 144). Desse opptrer sjeldan i reine former, ein må i staden vurdere tid, rom, verdiar og karakteren si rolle og sjå slektskap til den eine og/eller den andre av Bakhtin sine kronotopar. Eg vil vise korleis kronotopane, uttrykt gjennom konkrete stader, er berar av tidlege element og verdiar i *RP* og avdekke kva for ei tid som er sterkast til stades i romanen.

I nærlesinga har eg tatt utgangspunkt i tre stadlege førekomstar: Rødbyhavn, hotellrommet utanfor Hamburg og ferja mellom Rødby og Puttgarden. Undersøkinga av Jane sin identitet vil innebere ei studie av personen sin oppførsel, handlingar og eventuell utvikling i møte med dei nemnde stadane. Karakteren sitt forhold til staden kan òg blir uttrykt gjennom endringar av utsjånad, slik som Nesby, Tygstrup og Per Thomas Andersen har vist døme på.<sup>39</sup> Lesinga ligg nærast opp mot ei eksistensiell tilnærming til kronotopen, slik Nesby presenterer det (2008, 39). Eg vil dermed fokusere på korleis karakteren eksisterer i omverda, korleis ho opplev det og korleis dette påverkar henne. Både kronotopen og staden inneberer eksistensielle aspekt, og eg vil i det følgande gje ei innføring i staden og ikkje-staden. Her vil eg vise korleis omgrepa kan bidra i mi lesing av *RP*.

### 3.3 Ikkje-staden

Ein teknologisk revolusjon har skjedd dei siste 100 åra. Dette har ført til at ein no kan trosse det ein før kjente som fastsette rammer for tid og rom. På timar kan ein reise strekkingar som før tok dagar, veker, månadar eller år. Utviklinga har påverka forholdet ein har til stader. Dei tradisjonelle verdiane, bruksområda og meiningane som har vore knytt til staden, er blitt endra. Nokre av dei nye stadene inneheld typiske trekk ved moderniteten, dette skriv Marc Augé om i 1992 i *Non-Places, An Introduction to Supermodernity*. Her trekk han fram relasjonane ein har til stader og peiker på korleis desse er annleis her enn på meir tradisjonelle stader. Han byggjar vidare på Michel de Certeau sine studiar av kvardagslivet og menneske sine møter med kvardagen sine fenomen.<sup>40</sup> Augé sitt omgrep vil kunne forklare aspekt ved stader som kan supplere kronotopomgrepet i mi lesing av *RP*. I denne delen av oppgåva vil eg hovudsakleg forklare omgrepet *ikkje-stad*, men òg i den samanheng, skildre kva som kjenneteiknar ein *stad*.

---

<sup>39</sup> Tygstrup viser korleis historia si utvikling på sametid er knytt til kroppen, og viser ei oppdaging av kroppen hjå i diktsamlinga *Ubestemmelsssteder*(1996) av Morten Søndergaard (2000, 45).

<sup>40</sup> I *The Practice of Everyday Life* (1980) undersøker de Certeau korleis menneske, som sosiale deltakarar, fungerer i høve til dei normene og forventingane ein omgås i form av politikk, kultur og kommersielle krefter. Han vier òg mykje merksemd til den reisande som er i rørsle frå ein stad til ein annan.



### 3.3.1 Rom, stader og ikkje-stader

Mønster hevdar at stadsforskinga frå midten av 1900-talet var prega av ei vending “bort fra det abstrakte, ubegrænsede og kvantitative rumbegreb mod det konkrete, afgrænsede og kvalitative stedbegreb, der er intimt forbundet med menneskets væren” (Mønster, 2009, 360). Mønster gjer det tydeleg at rommet er abstrakt, medan staden er meir konkret. Likt som både Ringgaard og Per Thomas Andersen, peiker ho på korleis staden er tett knytt til mennesket sin eksistens (Mønster, 2009, 360-361).

Augé skil derimot mellom stad og rom ved å hevde at: “an event (which has taken place), a myth (said to have taken place) or a history (high places)” (Augé, 1995, 82). Sjølv om Augé godtar staden som noko relativt abstrakt – ei hending eller ei historie som har funne *stad* – hevdar han staden *er* meir konkret enn rommet. Han hevdar at ein antropologisk og tradisjonell stad eksisterer i forhold til noko anna og på denne måten er den relasjonell.<sup>41</sup> Plassering påverkar staden sine kjenneteikn og særtrekk, den er dermed ikkje lausriven frå sin kontekst. Fortida kan vise seg i form av konkrete ting eller abstrakte handlingar og tradisjonar. Geografisk plassering er relevant i høve til kva tradisjonar og kultur som er aktuell. Subjektet si tilknytning og tidlegare erfaringar på staden pregar tilknytninga og opplevinga ein har av denne.

Rom er derimot ein abstrakt førekomst som Augé hevdar er det ein ser, når ein ser ut av togvindaug i fart, utan at ein interagerer med det:

Space, as a frequentation of *places* rather than a place, stems in effect from a double movement: the traveller’s movement, of course, but also a parallel movement of the landscapes which he catches only in partial glimpses, a series of ‘snapshots’ piles hurriedly into his memory and, literally, recomposed in the account he gives them, the sequencing of slides in the commentary he imposes in his entourage when he returns. (Augé, 1995, 86)

Når ein reiser forbi stader, er det ein reiser *i* ei form for rom. Augé hevdar vidare at denne forma for rom som oppstår, er den typiske førekomsten av ikkje-stader: “The traveller’s space may thus be the archetype of *non-place*” (Augé, 1995, 86). Dette inneberer eit *rom* som følger den

---

<sup>41</sup> Augé definerer antropologiske stader som: “formed by individual identities, through complicities of language, local references, the unformulated rules of living know-how” (1995, 101). Dei styrkar vidare det relasjonelle og sosiale, medan ikkje-stader legg opp til einsemd (1996, 78, 94).

reisande uansett kor han er. Den reisande vil oppleve staden på sin måte, ein lausriven måte i følge Augé, kor staden si historie ikkje er del av den reisande sitt bilete. Rommet som den reisande eksisterer i, står fram, på grunn av den reisande sitt (manglande) forhold til den, som ein ikkje-stad.<sup>42</sup> Det er ein geografisk avgrensa og konkret førekomst, som i motsetnad til rommet *ikkje* er abstrakt og uavgrensa.

I sin definisjon av ikkje-staden presenterer Augé både det særleine med stader og med ikkje-stader: “If a place can be defined as relational, historical and concerned with identity, then a space which cannot be defined as relational, or historical, or concerned with identity will be a non-place” (Augé, 1995, 77-78). Som eg har nemnt, er eins person sin identitet påverka av eiga historie og tilknytning til staden. Tilknytning til historia kan vise seg i form av ritual og tradisjonar, ei form for handlingsbasert historie. For at det skal vere ein stad, må subjektet kjenne ei grad av tilknytning, anten i form av historie eller andre identitetsmarkørar. Sosiologen Anthony Giddens skriv i *Modernitet og selvidentitet* (2010) om det seinmoderne menneske sin eigen identitet. Individet kan uttrykke si tilhøyre til staden gjennom identitetsmarkørar. Det kan komme til syne gjennom ting (interiør, klede, utsjånad), aktivitetar (fritidssysler) eller veremåte (handlingar, val av venner og handlingsmønster) (2010, 120-122). Identitetsmarkørane blir brukt av individet til å uttrykke sin sjølvidentitet. Dette vil eg bruke i mi lesing då det kan vise uttrykk for tilknytning eller fråvær av tilknytning til stader i *RP*.

I følge Augé, førekommer typiske ikkje-stader i det seinmoderne samfunnet, som han omtalar som supermoderniteten. Denne forma for modernitet er prega av endringar. Representert på stader er dette spesielt tydeleg i form av transittpunkter. Ein oppheld seg på desse stadene for å oppnå eit konkret mål, flytte på seg, gjere innkjøp eller liknande. Dette fører til at det flyktige og skiftande er typisk, noko som fører til korte opphald på ikkje-staden. Andre typiske ikkje-stader er midlertidige bustadar, hotellrom, feriestader og supermarknadar (Augé, 1995, 78-79). Augé forklarar forholdet mellom stad og ikkje-stad som plasserte på ei linje, kor staden er plassert i den eine ytterkanten og ikkje-staden i den andre. Dei færraste førekomstane kan plasserast heilt i ytterkant av denne linja, men dei opptrer ofte mellom ytterpunkta og gjerne med trekk frå både den eine eller andre polen (Augé 1995, 78-79). Tim Cresswell hevder at handlingane ein gjer på moderne stader, som på kjøpesenter, supermarknaden, hotell og flyplassar er lausrivne frå kontekst, noko som fører til at staden går i oppløysing. *Kor* desse

---

<sup>42</sup> Augé forklarar at den reisande eksisterer i ei form for rom: “we use the word 'space' to describe the frequentation of places which specifically defines the journey” (1995, 86).

moderne ikkje-stadene er lokalisert, er ikkje relevant for oppfatninga av dei (Cresswell, 2015, 75). Til dømes vil ein flyplass vere prega av dei same inntrykka uavhengig av kor i verda den er plassert, den er lausriven frå sin omliggande stad og kontekst. Vidare vil eg vise kjenneteikna ved ikkje-staden med utgangspunkt i Marc Augé sin teori.

I følge Augé føregår lite av kommunikasjonen på ikkje-stader direkte mellom menneske (Augé, 1995, 108). Det meste føregår heller gjennom gestar og abstrakte handlingar. Ein kan sjå skilt, med anten tekst – ofte i form av påbod eller forbod – eller symbol, som typiske formar for kommunikasjon på ikkje-stader. Subjektet har ikkje kontakt med reelle menneske, men med automatar, eller ein mottar informasjon i form av einvegskommunikasjon. I staden for at møta ein har er med andre menneske, er ein i møte med ein form for institusjon, eller moralsk autoritet, som uttrykker seg via andre medium enn menneske (som til dømes skilt) (Augé, 1995, 96). På ikkje-staden er det ikkje lagt opp til at ein skal skape sosial kontakt med andre, dei er derimot til for å reise gjennom eller forbi: “Since non-places are there to be passed through, they are measured in units of time” (Augé, 1995, 104). For det fyrste, fortel det tida sin funksjon, for det andre, er det vanskeleg for subjekta å opprette langvarige og tette relasjonar. Dette gjer av individet kan kjenne seg einsamt og utan historiske tilknytning til staden ein oppheld seg på (Augé, 1995, 78 -79). Når subjektet er lausriven frå si historiske tilknytning, vil det òg kunne kjenne seg lausrive frå sin eigen identitet.

### 3.3.2 Tid og identitet på ikkje-staden

Tette relasjonar og langvarige forhold manglar på ikkje-staden, og Augé hevdar at:

Everything proceeds as if space had been trapped by time, as if there were no history other than the last forty-eight hours of news, as if each individual history were drawing its motives, its words and images, from the inexhaustible stock of an unending history in the present. (Augé, 1995, 104-105)

Augé hevdar altså at augneblinken og notida står sterkt på ikkje-staden. Identiteten – som Giddens omtaler *sjølvidentitet* og hevdar er eins forteljing om sjølvet (2010, 14) – er ikkje lenger strekt bakover i tida, men dratt inn i notida. Ikkje-stadene blir derfor “lived through in the present” (Augé, 1995, 104). Fråveret av fortida får påverknad for personen som oppheld seg her. Dersom historia likevel oppstår, er det knytt til målet for ikkje-staden. Det kan vere handel, trafikk, fritid eller transitt, ofte med kommersielle årsakar. I så tilfelle vil ikkje historia

bli formidla som historie i seg sjølv, men som antydande tekst, tilpassa målet for formidlinga (Augé, 1995, 103-104). Det skal kunne tene for eit formål på ikkje-staden – til dømes å få den reisande til å stoppe akkurat ved *denne* bygningen, fordi den har ei historie som er kan skape interesse. Turismen bygger i stor grad på dette.

Som vist bruker Giddens omgrepet sjølvidentitet for å skildre måten menneske *lev* på og korleis ein presenterer si eiga historie. Han trekk fram biografien som eit bilete på korleis vi ikkje *har* ein biografi, men vi *lev* ein biografi (Giddens, 2010, 25-26). Han skildrar sjølvidentitetsomgrepet som ein måte å *fortelje* om sin identitet gjennom handlingar, utsjånad og kvardagslege val på. Det vil fungere som grunnlag for mi vidare forståing av identitetsomgrepet i denne oppgåva. Menneske har eit grunnleggande behov for relasjonar til andre menneske og til stader. Augé trekk familie og erindringsstadar som døme på dette (1995, 25). I møte med ikkje-staden er det derimot mangel på relasjonar og historie. Personar oppheld seg her i kortare tid og for å oppnå eit formål – det er ein ekstern årsak til at dei er her og det er ein del av vegen for å nå eit anna mål (Augé, 1995, 78). Heller enn å knyte seg til der ein oppheld seg, reiser ein forbi ikkje-staden. Likevel er det fleire menneske her, som ein må stille seg i høve til og fungere saman med. Dette fører til ei kjensle av einsemd: “The space of non-place creates neither singular identity nor relations; only solitude, and similitude” (1995, 103). I den konkrete romlege førekomsten opptrer ein som anonyme. Ein har lagt vekk sin eigen i individualitet og ein framsyner ein midlertidig lausriven identitet.

I møte med ein antropologisk stad hevdar derimot Augé at subjektet kan uttrykke identiteten sin, fordi ein har lokale referansar, normer og språklege band som knyt ein til staden. Subjektet skapar sin eigen identitet i møte med staden (Augé, 1995, 101). Eit døme på dette kan vere korleis familiegarden er med å definere odelsbarnet sin identitet. Men subjektet sitt møte med ikkje-stadane skapar ein form for felles identitet kor ein, innan eit gitt tidsrom, er fri. Samstundes er ein likevel del av eit kontraktband mellom dei som har bestemt desse rammene og seg sjølv. Augé omtalar desse som ein ekstern entitet, eg bruker omgrepet ekstern autoritet (Augé, 1995, 96). Den felles identiteten er lik for alle som er del av kontrakten på ikkje-staden, noko som gjer at ein framstår anonyme (Augé, 1995, 101). Ein knyt ikkje relasjonar til rommet ein oppheld seg i på, og heller ikkje til andre personar (Augé, 1995, 103). Likt med Augé, hevdar Edward Relph i *Place and Placelessness* (1976), at med *stader* kan ein derimot identifisere seg: “To be inside a place is to belong to it and identify with it, and the more profoundly inside you are the stronger is the identity with the place” (Relph, 1976, 49).

Subjektet sin identitet og tilknytning er viktig for å kunne identifisere seg med staden, og den påverker eins oppfatning av staden. På ein ikkje-stad blir individet sett i kontakt med eit anna bilete av seg sjølv, ein annan identitet enn den ein har på *stader*. Ein blir enda til *pålagt å skape ein ny identitet* (Augé, 1995, 79, 101). Den nye identiteten er prega av ikkje-staden sine verdiar i form av likskap, mangel på historie og at notida er den gjeldande tida. Ein treng ikkje opptre i forlenging av si reelle sjølvidentitet, ein er for eit gitt tidsrom autonom frå eins opphavslege identitet (Augé, 1995, 103).

Ein oppheld seg på ikkje-staden i kortare periodar, med eksterne mål og av praktiske årsakar. Derfor er tida målt i *einingar*. Det er ikkje mogleg å bruke reiserutene utan at ein òg brukar tidtabellar og derfor er tida sine avgrensingar på ikkje-staden bestemt på førehand (Augé, 1995, 104). Ein kan hevde at menneske *alle* stader måler tida i einingar, uavhengig av kor ein er. Likevel trekk Augé fram dette som eit typisk trekk ved ikkje-staden. Dersom ein er på ein *stad* vil gjerne tida, i mindre grad, vere styrt av tidseiningane, medan på ikkje-staden er desse meir dominerande. Eg vil hevde at ein forskjell kan vere at ikkje-staden er prega av *konstruerte* einingar av tid. Ein stad er, i større grad, prega av naturlege einingar tid, som ikkje menneske har rådigheit over. I lesinga av *RP* kan dette derfor bidra til å avdekke typiske trekk ved ikkje-staden. Tidsrommet ein oppheld seg på staden, er bestemt av ytre faktorar, som til dømes avreise og framkomst. Dette gjer at det blir skapa ein tidsbestemt identitet, som i det gitte tidsrommet er felles med dei andre som oppheld seg her. Augé hevdar at grunna denne identiteten blir alle behandla på lik måte ut i frå dei normene som er gjeldande på ikkje-staden. Ei slik felles identitet kan enda til skape ei kjensle av fridom for individet, ein slepp å opptre i sin eigne opphavslege veremåte (Augé, 1995, 101-102). Påstanden om lik behandling kan likevel problematiserast. Dei færreste ikkje-stadene eksisterer i rein forstand, og på fleire ikkje-stader vil eins utsjånad, veremåte eller etnisitet sjeldan vere heilt irrelevant. Dette er grunna *staden* sine element som ikkje utelukker historie, kultur og kontekst.

### 3.3.3 Min bruk av ikkje-staden som omgrep i undersøking av kronotopar i *RP*

Nokre av kronotopane i *RP* inneheld, som vi skal sjå, trekk frå ikkje-staden. Augé viser til transittstader og hotell som typiske for slike førekomstar. Er ferjekronotopen og hamburgkronotopen hos Helle prega av notida, slik som ein typisk ikkje-stad er, eller av småbykronotoptida? I “Der skal vel også lidt kød på” presenterer Henk van der Liet kort tanken om at ferja mellom Rødby og Puttgarden trer fram som ein eigen parallell verkelegheit. Han foreslår å omtale ferja med Marc Augé sitt omgrep, som ein ikkje-stad, utan å kome meir inn

på kva som gjer dette utslaget (2012, 172). Stader er konkrete rom som subjektet erfarer. Det føreset at individet opplever ein relasjon til staden eller knyt eins eiga historie til denne. På ikkje-stader hevdar derimot Augé at subjektet opptrer anonymt, utan tilknytning til verken eins opphavslege identitet eller til staden si historie. I utforskinga av karakterar si tilknytning til staden vil eg òg vise til Giddens sin teori om sjølvidentitet.

## 4. Lesing

I dette kapittelet vil eg søke svar på om tida, slik ho viser seg i *RP*, bryt med Bakhtin sin teori om at tida i småbykronotopen ikkje kan vere hovudtida i ein roman. I det følgande vil eg drøfte korleis tid og verdiar kjem til uttrykk i romanen sin diskurs i form av hendingar, personane sine handlingar, ting og verdiar. Eg vil fokusere på hovudsakleg tre kronotopar: rødbyhavn-, ferje- og hamburgkronotopen. I tillegg vil eg drøfte karakteren si utvikling med å bruke Bakhtin sin terskelkronotop. Karakteren sin relasjon til kronotopen, vil hovudsakleg vere retta mot tilknytning i form av kjensler, identitetsuttrykk og historie. Gjennom eit indre kronotopisk perspektiv er det karakterane sitt forhold til hendingar og stader i romanen som er mitt utgangspunkt for lesinga. Ikkje-stadsomgrepet til Marc Augé vil supplere Bakhtin sitt omgrep i dei tilfella stadane inneheld tydeleg trekk frå ikkje-staden. Fyrst vil eg introdusere romanen med si form og handling.

### 4.1 Handlingsreferat

*RP* er delt inn i 35 kapittel, fordelt over fire delar: KONGELEDDET, FÆRGELAND, VORES MOR og DANMARK-TYSKLAND. Jane, som er romanen sin fyrstepersonforteljar, er flytta inn hjå søstera Tine. Ho bur saman med si snart eitt år gamle dotter, Ditte, i Kongeleddet. Tine skaffar Jane arbeid på ferja: “Hun ringede og pralede med min studentereksamen, jeg var blevet student i fireogfirs” (*RP*, 5). Allereie her får lesaren inntrykk av at Jane er den rolige, medan Tine er den meir utettervende søstera. Til tross for fire dødsfall i løpet av to veker – som romanen si fyrste setning fortel oss – går kvardagane i Rødbyhavn med til å jobbe, planlegge måltid, lese, løyse kryssord og passe på Ditte. I KONGELEDDET blir dagane skildra med store likskapar til det livet søstrene tidlegare levde saman si mor, som no er død. Vidare følger vi søstrene i møte med kollegaer, diverse menn og familievener. Dei to søstrene har forskjellige fedrar som ingen av dei har kontakt med. Tine har arbeidd sidan ho var 16 år, medan Jane har tatt vitnemål frå vidaregåande. I det ho var oppe til eksamen, døyrr

mor deira heime i leilegheita. Ein analepse fortel lesaren om det halvanna år lange studieopphald i Næstved, som Jane avslutta like innan romanen si handling starter. I samband med arbeidet sitt på ferja, får ho kontakt med Aksel, som inviterer henne til å bli med han til Tyskland. Medan Aksel er på jobb, sit derimot ho inne på hotellrommet, tar ein liten tur ut. På naborommet bur Aksel sin kollega, Jens. Han er inne grunna ein halsbetennelse. Utan at Aksel får vite noko om det, blir Jane og Jens kjende. Etter at utanlandsturen plutselig blir avbroten, reiser ho heim att på Påskeaftan og ser at ferja ho skulle ha vore med, er hamna i ei ulukke. Like før ho skal delta i ei av dei to gravferdene som skal føregå denne dagen, avsluttar romanen med at Jane sit i gyngestol, som vi òg har sett mora sitje i – og som vart øydelagt i byrjinga av forteljinga – likt som i romanen opnar.

Jane er ein observerande og registrerande fyrstepersonsforteljar, noko som gjer at lesaren ikkje får direkte tilgang til hennar refleksjonar. Synsvinkelen er i hovudsak plassert hjå ho, men det skjer likevel nokre skifte i løpet av romanen. Ved eit tilfelle følger den Tine, samstundes som eg-forteljaren Jane er i eit anna rom:

Jeg vendte tilbage til mine dukker. Tine var stadig dårlig og gik ind og lagde sig på sofaen med fødderne i vores mors skød. Vores mor lagde et tæppe over hende, og Tine faldt i søvn, en tung søvn, og drømte om søgræs og vilde dyr og korn, der bølgede i blæsten. Da hun vågnede, var hun våd af sved i håret. Hun blev liggende med lukkede øjne, kopperne klirrede stadig ved sofabordet. (RP, 122)

Jane er framleis fyrstepersonsforteljar, men det *minner* om ein allvetande tredjepersonsforteljar. Dette er òg tydeleg i analepsen VORES MOR, kor hendingar i Henriette sitt liv blir skildra. Lesaren får tilgang til Henriette sine indre tankar og sanseerfaringar:

At flytte ind i et fremmed hus betød at miste alting. Henriette gik rundt i stuerne og frøs og vidste ikke, hvor hun skulle være. Der lugtede fugtigt og toiletbrættet var iskoldt. Hun sad ved køkkenbordet og kiggede ned i sine havregryn, mens de havde travlt med at kysse. (RP, 117-118).

Den etterstilte fyrstepersonsforteljaren melder om det som er skjedd i preteritum. På romanen si siste side, skjer det derimot eit brot i tida: “Det er riktig nok. Der var ikke andre” (RP, 175). Tempusforma skiftar til presens og lesaren får inntrykk av at heile romanen er eit tilbakeblikk kor forteljarsituasjonen er plassert i notida. Siste side i romanen stiller spørsmål ved forteljaren

og truverdet hennar. Brot og skifte mellom forteljarinstansen i *VORES MOR*, gjer det usikkert kven som er forteljar og kva belegg forteljaren har for å fortelje akkurat dette. Ein kan tru at forfattaren har endra forteljarinstans, då sanseopplevingane blir omtalt som Henriette sine, og lesaren får ta del i mindre refleksjonar kring hendingane. Likevel blir Jane sine foreldre blir enno omtalt som *vores* mor og “min far” (*RP*, 120) og dette indikerer at det enno er Jane som er forteljar. Desse sanseopplevingane kan derimot komme som følge av at Jane dikter. Romanen tematiserer kommunikasjonen som føregår gjennom dialogar, men òg i skifte av forteljarinstansen. Vidare krinsar romanen om tema som død, utruskap, identitet, utkantstader og kjønnsroller.

## 4.2 Rødbyhavnkronotopen

I 2017 hadde småbyen Rødby, som ligg på sørkysten av den danske øya Lolland, 2085 innbyggjarar. Det som opphavleg var ein hamneby, fekk områda kring seg tørrlagde på byrjinga av 1900-talet for å unngå flaum. Derfor vart i 1912 den nye hamnebyen Rødbyhavn etablert cirka 5 km unna. Denne småbyen, som i 2017 hadde 1669 innbyggjarar, er ein viktig del av reiseruta frå Danmark til Tyskland. Ferjestrekninga, som har gjeve namn til romanen, fraktar både bilar og togsett over Femernbeltet. Arbeidsstadane i Rødbyhavn er i stor grad knytt til denne ferjeforbindinga. Fugleflugtlinja er kallenamnet på transportlinja, som via Puttgarden – Rødby, går frå Hamburg og nordover på E47. Linja er framleis ein viktig arbeidsstad i småbyen Rødby, og truleg i Rødbyhavn. . I 1988 vart bade- og leikelandet Lalandia grunnlagd i Rødby. Med sine 400-450 tilsette og 750.000 årleg besøkande, sysselset føretaket innbyggjarane i byen og kringom. Hamnebyen Rødbyhavn er i verkelegheita, og i *RP*, viktig med tanke på transport og reise mellom Danmark og Tyskland.

Romanen si handling er altså plassert i utkant-Danmark. Tine og Jane bur enda til i ein kunstig etablert hamneby i utkanten av Rødby. I *RP* møter vi mange som er tilsette ved hamna og på ferjene. Men det er òg to hotell plasserte i Rødbyhavn, Danhotel og Hotel Fugleflugten. Desse sysselset òg nokre av innbyggjarane. Jane og Tine bur i blokkbustadane kalla Kongeleddet. Dette er faktiske bustadblokker som vart teikna av arkitekten Niels Jørgen Holm, som mellom anna er kjent for sine sosialbustadar i området Lolland-Falster (Landsbyfogden, 2014, 88). Kongeleddet er ein av desse. I romanen framstår Rødbyhavn anno 1980-talet som ein keisam



småby kor lite skjer, og det er lite som tilseier at dette har endra seg sidan.<sup>43</sup> Som nemnt, hevdar Helle at stadene kor romanane føregår, har relevans for korleis romanen tar form. Helle vel ein stad kor romanen skal føregå *før* ho byrjar å skrive og ho hevdar at val av stad for romanen si handling kan tilføra historia ein heil del (Rottensen, 2003). Ei kronotopisk lesing av romanen vil kunne kaste lys over korleis staden som kronotop, påverkar romanen sine karakterar, verdiar og tidsoppfatning. Undersøkinga av Rødbyhavn som småbykronotop inneberer ei lesing av korleis leilegheita i Kongeledet blir framstilt, tida, verdiane og forholdet mellom desse elementa og karakterane. Sjølv om det er nærliggande å sjå Rødbyhavn og Kongeledet som to forskjellige kronotopar, er dei, som vi skal sjå, prega av dei same oppfatningane av tid og liknande uttrykk av verdiar. Eg vil sjå funna i høve til Bakhtin si skildring av den typiske småbykronotopen, slik han presenterer det i sitt essay.

#### 4.2.1 Saktegåande tid

Som tidlegare vist, forklarar Bakhtin at tida i småbykronotopen er “begivenhedsløs og synes derfor næsten at være gået i stå. Her finder hverken ‘møder’ eller ‘afskeder’ sted. Det er en tyktflydende og klæbrig tid, som snegler sig gennem rummet” (Bakhtin, 2006, 166). Til tross for at *RP* inneheld både død og utruskap, noko som i seg sjølv må reknast som dramatiske hendingar, blir desse økonomisk og klinisk formidla på typisk Helle-vis. Indre skildringar blir via liten plass og den minimalistiske skrivestilen pregar formidlinga. Sjølv Tine hevdar at det ikkje skjer noko som helst i Rødbyhavn: “– Der skal ske noget. – Hvad? – Der sker jo ikke en skid” (*RP*, 16). Kva er det med rødbyhavnkronotopen som gjer at Tine opplev tida som hendingslaus? Ikkje ulikt den typiske tida i småbykronotopen, brukar timar, dagar, månadar og år å gå i Kongeledet, utan å skilje seg nemneverdig frå kvarandre. Dagane, med dei rutinane dette inneberer, kjem og går:

Jeg satte kaffe over, mens Ditte lå på sit kludetæppe på gulvet og så på mig. Jeg gjorde også en flaske klar til hende. I løbet af en times tid stod Tine op og kom ud til os. Hun satte sig, spiste to stykker knækbrød og drak en masse kaffe. Vi talte næsten ikke. Først når Ditte var blevet lagt ud for at sove formiddagslur, begyndte vi at sige noget. Vi sad ved spisebordet og lagde planer. Manglede vi rugbrød? Skulle vi på posthuset i dag? Hvilke plader skulle vi låne næste gang på musikbiblioteket? (*RP*, 13)

---

<sup>43</sup> Ei av Kongeledet sine blokker vart riven i i 2014, som følge av finanskrisa i 2007 då det ikkje lenger var etterspurnad etter bustadane grunna stor fråflytting frå Rødbyhavn (TV Øst). Ferjeturen over Femernbeltet, skal i 2026 erstattast av ein undersjøiske senketunnel. Dette viser korleis staden sin funksjon, som stoppestad på reisa, ser ut til å svekkast.

Der uttrykket “å legge planer” gjer at ein kan forventast spanande aktivitetar, består heller planlegginga av å finne ut kva mat dei treng å handle inn. Daglege aktivitetar og plikter er i fokus. Søstrene planlegg ikkje større handlingar, enn akkurat det som er kravd av situasjonen. Tempoet som pregar denne kvardagsmorgonen viser ei tid som sniglar seg framover og framstår som seig og hendingslaus, ikkje ulikt Bakhtin si skildring av tida i *Madame Bovary*. Dei fyller tida med hendingar som er essensielle. Alle må skaffe mat, men hjå desse er dette det dei vil vie merksemd, då dei oppfattar tida som saktegåande. Den saktegåande tida er enda til innført som ein del av rutinane i heimen. Livet til Jane og Tine er prega av ei rekke av kvardagar med sine kvardagslege element som måltid og prat om vêret.

På romanen si fyrste side blir vêret skildra: “Det regnede, regnen satte lange våde striber på blokkene” (*RP*, 5). På veg til arbeid fortel Jane at: “Det regnede, græsribatten var oppløst” (*RP*, 86) og “Det var den syttende februar, men luften følte mild. Det regnede en lille smule” (*RP*, 49). Slike merknadar fortel om vêret, men òg om Jane som forteljar. Det liknar på småprat mellom folk som ikkje har mykje anna å snakke om. Å prate om vêret handlar i dei færraste tilfelle om å utveksle informasjon om sjølv temaet. Det er ein måte å oppretthalde kontakt med andre menneske, gjennom å snakke om noko nøytralt som alle kan samtale om. Den russiske strukturalisten Roman Jakobson, skriv om språket sine funksjonar i “Closing Statement: Linguistics and Poetics” – utgitt fyrste gong i antologien *Style and Language* (1960). Her analyserer han språket sine funksjonar og deler dei i seks forskjellige kategoriar, som alle verkar samstundes i det vi bruker språket. Jakobson trekk mellom anna fram ytringar som ikkje inneheld viktig informasjon, men som i staden bekreftar at begge partar er aktive i samtalsituasjonen. I slik kommunikasjon er det Jakobson kallar den fatiske funksjonen sterk, noko han eksemplifiserer ved å vise til Dorothy Parker, som viser ein samtale mellom to personar på denne måten: “‘Well,!’ the young man said. ‘Well!’ she said. ‘Well, here we are’ he said. ‘Here we are,’ she said, ‘Aren’t we?’ ‘I should say we were,’ he said, ‘Eeyop! Here we are.’ ‘Well!’ she said. ‘Well!’ he said, ‘well’” (Jakobson, 1987, 68-69). Når den fatiske funksjonen til språket er sterkast, kommuniserer ein berre for å “sjekke kontakten”, slik at begge partar får bekrefte at ein snakker eller skal til å snakke. I det Bo er på besøk i Kongeledet og sit med Jane og Ditte i sofaen seier han: “– Her sidder vi, en fredelig forsamling, sagde Bo” (*RP*, 79). Utsegna manglar anna innhald enn at ho bekreftar det som er tilfelle – at dei sit i ei stove. Derfor er den fatiske funksjonen sterk. Slike døme finst det svært mange av i *RP*, og eg

vil hevde at dette understreker kor lite handling som pregar tida i rødbyhavnkronotopen.<sup>44</sup> I staden for å snakke om noko av det som skjer kring dei, fyller personane tida med samtalar som ikkje handlar om noko, men som i seg sjølv bekreftar samtalen.

Jane viser undervegs i romanen vissheit kring korleis menneske kommuniserer og vissheit kring kva forskjellige funksjonar språket kan ha. Ho er viss at ein ikkje naudsynt meiner akkurat det ein seier: “Jeg vidste ikke rigtigt, om han mente, hvad han sagde. Jeg stod lidt og tøvede. Han begyndte at grine” (*RP*, 42). Her er Jane merksam på at Tim kanskje snakkar utan å meine det han seier, han kommuniserer berre for å oppretthalde kommunikasjonen mellom dei to eller for å fylle tida med noko.<sup>45</sup> Forteljaren sitt fokus på vêret i *RP* kan seiast å understreke denne funksjonen. Den pregar dermed ikkje berre dialogane, men òg korleis forteljaren formidlar handlinga og skildringar til lesaren. Eg vil hevde at naturskildringane, som i stor grad er knytt til vêret i rødbyhavnkronotopen, kan vise at den fatiske funksjonen er til stades òg på forteljarnivået i romanen. Ein sterk fatisk funksjon i romanen sitt språk understreker at han er prega av lite handling. Den fatiske funksjonen i språket vises både på romanen sitt forteljarnivå og i dialogane mellom karakterane som snakkar saman berre for å oppretthalde kontakten.

Det kvardagslege ser ein blant anna i gjentakning av dei same orda, handlingane og samtaleemna blir repeterte dag etter dag (Bakhtin, 2006, 165). Maten si rolle er klar her – mattradisjonar blir vidareført frå ein generasjon til ein anna. Det viser det sirkulære, men òg mangel på utvikling. Både Bakhtin sin karakteristikk av tida som tjuktflytande, og at ho er gått i stå, er formuleringar som skildrar tida som nærmast stoppa opp. Dette indikerer ikkje noko positivt, men er heller prega av noko negativt. Ein sjå dette i korleis Tine fyller ein heil dag:

– Ser det ud, som om jeg har lavet noget?

Lejligheden så ud som dagen forinden. Alle rum flød. Tine havde ellers hængt et gardin op foran garderoben i entreen og omdøbt stedet til “skidtskabet”. Det var meningen, at vi skulle stuve vores rod derind. Vi kunne også for eksempel stille skraldeposen dér, hvis vi ikke orkede at gå helt ud til affaldsskakten. (*RP*, 46-47)

---

<sup>44</sup> Karoline Furset skriv i si masteroppgåve om korleis teksten skaper spenning på det narratologiske nivået i *Hvis det er* (Furset, 2016).

<sup>45</sup> Ved fleire tilfelle viser Jane vissheit kring kommunikasjonssituasjonar, språket og dets funksjonar: “Nu vidste jeg ikke mere, hvad jeg skulle sige. Jeg stod og nikkede hele tiden. Tim nikkede også. Vi nikkede og nikkede” (*RP*, 83).

“Jeg frygtede indimellem, at han lagde en masse betydning i min tavshed. Men jeg havde slet og ret ikke vidst, hvad jeg skulle sige til ham” (*RP*, 21).

Tine har altså gjort *noko*: Ho har lagt til rette for at dei kan la huset vere rotete og fylt med søppel. Ho har enda til laga ei eiga avdeling i leilegheita kor bosset kan stå og lukte. Dette er det motsette av forbetring og kan sjåast som ei utvikling mot noko verre. Eg vil hevde at scena viser korleis tida og handlingar i Kongeledet ikkje fører til utvikling, men heller viser tendensar til resignasjon.

Til tross for at småbykronotopen si tid er saktegåande, er ho i følge Bakhtin, òg prega av ei sirkulær rørsle som manglar framsteg og utvikling. I staden for at den sirkulære tida fører med seg utvikling, gjer ho at ein blir ståande stille på same stad. Syklisk tid gjer at i staden for utvikling, er kronotopen sin “fremadrettethed [...] begrenset af cyklussen” (Bakhtin, 2006, 130). I *RP*-utdraget over blir dette gjort tydeleg då det blir etablert ein konkret stad til å plassere søppel, heller enn å ta det med ut av døra. På denne måten fører mangelen på ei handlingsprega tid til forfall og – konkret forstand – søppel, heller enn framgang.

I avgangshallen venter Mona, Jane og kollegaer på ei forsinka ferje frå Tyskland. Mona syng: “Og de ventede til de døde, og de ventede til de døde” (*RP*, 38). Utdraget viser at tida manglar hending og ho går og går medan dei er sittande på same staden. Ingenting skjer, og før noko eventuelt gjer det, er ein, i følge Mona sitt utsegn, døde. Døden viser til tida sin gang, det forgjengelige og mangel på hendingar. Venting understreker det at hendinga enno ikkje har funne stad. At tida går i ventehallen blir understreka av uret: “Det store ur i ventesalen viste kvart over otte, men det var halvanden time foran. Det var noget, alle vidste” (*RP*, 37). Uret viser korleis tida går, medan personane i hallen sit i ro. Sidan *alle* veit dette, kan uret vise til korleis tida *går frå* personane i Rødbyhavn, utan at dei kan gjere noko med. Ein kan lese dette som at innbyggjarane venter på at ting skal skje. Medan dei venter går tida frå dei – før dei, til slutt, døyr. Handlingar er fråverande, ingen stiller uret, og dermed har dei slått seg til ro med at tida dei eksisterer i er ei anna enn det uret representerer. Bakhtin skildrer den typiske tida i småbykronotopen som så saktegåande at ho stopper opp (2006, 166). Tida i avgangshallen har likskap med den typiske tida i småbykronotopen, med at ho for det fyrste går sakte – noko Mona sitt utsegn kan vise til. For det andre viser ikkje døden til utvikling, men heller det motsette. Dette gjev i heilskap eit uttrykk for at tida på den konkrete staden, Rødbyhavn, nærmast har stoppa opp, til og med uret i ventehallen er gått i frå dei. Som eg allereie har vist, blir lesaren presentert for døden i romanen si fyrste setning: “På en uge døde fire, sådan var det hernede. En af dem var Martin. Han boede i blokken bag os. Vi havde talt om at invitere ham over til

kaffe, men det blev aldrig til noget” (RP, 5). Dette gjev uttrykk for eit subjekt som ikkje klarer å handle i tide, men òg uttrykk for tida som pregar staden. I tillegg til dei fire dødsfalla har mor til Jane og Tine, Henriette, sin død ei viktig rolle i romanen. Analepsen “VORES MOR” gjev lesaren innblikk i livet hennar, enno fortalt av forteljar Jane. Elles blir lesaren presentert for konkret attgjevne dialogar, noko som gjer forteljarinstansen noko uklar:

Måske kunne sorg være så stor, at den dulmede sig selv. Som barn faldt Henriette over en harve og fik revet huden på anklen op helt ind til knoglen. Det så frygtindgydende ud, men kunne overhovedet ikke mærkes. Hun sad og smilede, mens lægen klippede lidt af huden og syede såret sammen.

Hun kunne ikke få tårerne frem.

Måske var det en kemisk proces i kroppen.

Måske var der noget, der havde hårdet hende. Det håbede hun. Hun følte sig meget hårdet. (RP, 119)

Lesaren får kjennskap til Henriette sine indre tankar gjennom fri indirekte stil, noko som ikkje er mogleg for romanen sin opphavslege forteljar, Jane, å formidle. Dette underbygger at Jane dikter i det ho fortel om Henriette sine erfaringar. At handlinga delvis er flytta bakover i tid gjer at fortida kjem enno sterkare til uttrykk. Analepsen viser at i tillegg til at tida er saktegåande og nærmast stillestående har den visse sykliske trekk. Bakhtin hevdar at det narrative vil kunne bidra til å vise fram forskjellige tidssyn og at analysane han gjer i sitt essayet handlar om “tidsproblemet (det førende elementet i kronotopen) og alt det, og kun det, som har direkte og umiddelbar relation til det” (2006, 15). Som opponent under Nesby sin disputas, hevdar Atle Kittang at kronotopen viser korleis tid og rom smeltar saman og viser korleis “den narrative kunsten er ein måte å handtere tid på” (2009, 307). Tilbakeblikket understreker fortida og det kan vise til eit syklisk element i det at fortida blir trekt inn i notida. På den måten blir fortida gjenteken, og ein kan hevde at det viser til eit sirkulært aspekt. I tillegg viser visse kompositoriske grep, i formidlinga av romanen si handling som heilskap, det same. Romanen sin sirkelkomposisjon kor den konkrete gyngestolen plassert i stova går att på romanen si fyrste og siste side understreker det same. I fyrste kapittel blir stolen øydelagd av Jane si gynging, undervegs i romanen reparerer Bo han og på siste side er “[g]yngestolen [...] kommet på højkant i stuen” (RP, 175). Lesaren kjenner att gyngestolen i sin heilskap og Jane sin plass i stolen, gyngande att og fram. Som Hanna Dagsland Schei skriv i si masteroppgåve *Om cowboybukser og frikadeller. Noe skal det jo stå i bøkene* (2016) at gyngestolen kan gi ei kjensle

av nærleik til mora: “Bildet av moren i gyngestolen gir Jane en slags trygghetsfølelse, og siden hun sjelden taler om henne, blir det kanskje lettere for henne å sette seg der moren satt” (Schei, 2016, 50). Det er ei emosjonell tilknytning til stolen. Dersom ein godtar Schei sin påstand, er gyngestolen ein gjenstand som gjer at minnet av mora hennar er knytt til ein konkret ting. Gjennom denne blir ei historie fortalt. Tilbakeblikket understreker fortida sitt nærvære i kronotopen og sirkelkomposisjonen viser til ei sirkulær tid. I tillegg til det romlege aspektet som blir gjenteke ved romanen sin start og slutt, er Martin sin død tema i både fyrste og siste kapittel i romanen. I det fyrste får vi vite at han er ein av dei døde og det siste kapittelet føregår same dag som gravferda hans. Forteljarmåten kan òg knytast til det sirkulære ved tida i romanen. Frekvensen i romanen kan seie noko om korleis tida fungerer i rødbyhavnkronotopen:

Vi sad bøjet ind over sofabordet i timevis, indtil en af os fik ondt i ryggen og gik ud og lavede kaffe. Andre gange læste vi. Vi havde samme smag. Det skulle helst være noget med nogen, der havde det hårdt. [...] Om torsdagen var det anderledes, så læste vi ugeblade på skift og spiste vandkringle eller nat-og-dag, som hun havde købt på vej hjem fra arbejde. Vores mor kunne være helt opslugt af sådan et blad i gyngestolen. (RP, 131)

Gjennom minnet blir vi romleg plassert i stova. Gyngestolen blir trekt fram som ein stad kor Henriette kunne sitte i lange stunder. Til vanleg liker Jane og Henriette å lese om nokon som har det vanskeleg, men ein dag i veka gjer dei *noko annleis* – dei les vekeblad. At det blir skildra som noko dei gjorde kvar torsdag, gjer at det er skildra som ei rutine og dermed noko som skjer fast. Dette understreker det sirkulære på staden. Det skal òg nemnast av delar av diskursen i romanen går att. Det gjeld til dømes bilturmotiv. Begge mennene Jane knyt romantiske relasjonar til, tar henne med på biltur, noko som igjen viser til det sirkulære. Her visast, med den repetitive frekvensen, at dei same tinga skjer igjen og igjen. Per Thomas Andersen trekk i *Norsk litteraturhistorie* fram at ein iterativ frekvens er kjenneteikna ved “at mange hendelser som likner hverandre blir fortalt bare èn gang” (2012, 387). I Cora Sandels *Alberte og Jakob* hevdar han at den iterative frekvensen understreker ei tid som er monoton og rutinepreget (2012, 387). Dette er ikkje einaste verknaden bruk av iterativ frekvens kan ha. Eit døme som viser korleis den iterative frekvensen kan underbygge framstillinga av ein idyll, er i novella “I dag blåser det” (1970) av Liv Køltzow. Anders Gullestad hevdar i *Dei litterære sjangrane* at den iterative frekvensen i novella viser til ei heil rekke av gode sumarminner (2018, 79). Skildringa av det som i utgangspunktet framstår som éin sumardag, viser seg i sluttinga av novella å handle om ei lang rekke av dagar. Forteljaren tar i bruk den iterative frekvensen til å

vide attende til ei rekke av gode minner på ein stad. Ein slik bruk understreker korleis framstillinga nærmar seg idyllkronotopen med sine sykliske element. I *RP* viser forteljaren attende til eit minne som indikerer ei hending som har skjedd fleire gongar. Til tross for at det blir framstilt som at det skjer noko spesielt, framstår det rutineprega og kvardagsleg. Familiebanda blir tematisert då dei har same smak i lesestoff og at dette var noko dei gjorde saman. Tross tematiseringa av familiebanda, blir det ikkje framstilt som idyllisk. Det er heller ikkje skildra som keisamt og negativt, slik det monotome blir hjå Sandel. Hjå Helle blir det skildra nøktern og usentimentalt, det berre *er*. Det iterative understreker at karakterane lever liva prega av kvardag, rutinar og det normale. Det framhevar ei rytme som fastslår tida sin sakte gang. *Kvar torsdag* gjer dei den same rutinen, som i seg sjølv viser det sirkulære. Det understreker ei monoton og rutineprega tid i rødbyhavnkronotopen, som utdraget på førre side viser at Kongeledet er ein del av. I samtale med Sandra Lillebø omtalar Helle hennar typiske karakterar som menneske i provinsen som lever ein stille eksistens (Lillebø, 2015). Den stille eksistensen kan ein sjå att i gjentakninga av dei kvardagslege hendingane.

Torsdagsrutina, kor Jane les vekeblader med mora, viser korleis hendingar knytt til mora vart gjentekne om att og om att. Mora si rolle i dei sirkulære hendingane ser ein òg den dagen urna hennar blir senka i jorda. Like etter nedsenkinga går Jane heim og stiller seg framfor komfyren: “Jeg tog gryden af blusset. Hvis nogen spurgte vores mor, hvordan hun havde det, fortalte hun, hvad hun havde lavet. Nu havde jeg lavet stikkelsbærgrød. Tine kiggede på mig” (*RP*, 140). I staden for å snakke saman, slik søstrene får beskjed om i forkant av dette, går Jane heim og gjer akkurat slik hennar mor ville gjort – ho lagar mat. Reaksjonen viser at mora sin måte å takle kjensler på, òg er arva av Jane. Men det er ikkje det einaste ho har arva av si mor:

Ved et tilfælde hed min far også Birger. Han kom ude fra Fuglse og ville måske gerne have giftet sig med vores mor. Men det kunne ikke nytte noget, for han var ret så lavpandet, og desuden kunne han ikke sætte to ord sammen på et stykke papir.

– Alt det skriftlige har du fra mig, sagde vores mor, når jeg sad med mine første sætninger ved spisebordet i Syltholmsparken. (*RP*, 120-121)

I utdraget blir temaet skriving tatt opp. Som eg kort har vore inne på, finn ein fleire gongar i løpet av romanen metakommentarer om språk og om det å skrive: “Jeg var elleve år og på vej hen efter en ordbog i min skoletaske. Jeg skulle se, om ordet “bekomst” virkelig fandtes. Det

rimede på blomst” (RP, 88).<sup>46</sup> Førekomsten av slike kommentarar viser til skrivesituasjonen. Jane har, i følge mora, arva det skriftlege frå henne. Arv, og dermed generasjonsrekka, blir igjen framheva i det ein ser at Henriette vidarefører noko ho sjølv har lært av si eiga mor. Vi får vite at viss Tine “beklagede sig, sagde vores mor: Sludder og vrøvl, tag en syltetøjsmad” (RP, 6). Det same vart sagt til Henriette i det ho masa om mat: “– Sludder og vrøvl, tag en syltetøjsmad, sagde hendes mor” (RP, 115). Uttrykk og talemåte er ikkje einaste likskapen mellom dei to. Henriette døydde som ung og ugift, ikkje ulikt hennar eiga mor, som vi får vite at døydde ugift berre 39 år gamal. Det er heller ikkje fyrste gong vi ser ein familie utan ei farsrolle. Helle tematiserer dei farlause familiane ved å vise at Henriette ikkje hadde ein nærverande far, og at Jane og Tine er vaksne opp utan fedrar, noko Ditte òg ser ut å gjere. Kjønnsmønsteret gjeld enda til i songen som Ditte lærer: “Tine sad ved spisebordet med Ditte på skødet og klappede kage med de små hænder: – En til mor og en til mor” (RP, 33). Dei har endra versjonen av songen slik vi kjenner han, med ord frå “ein til *far* og ein til mor”. Kanskje kan ein seie at Ditte har to mødrer, Tine og tanta. Uansett er den farlause familien er vidareført frå eit slektsledd til eit anna.

Ei syklisk tid foreinar vogge og grav, barndom og alderdom og dei skiftande slekter sine liv (Bakhtin, 2006, 145) – ikkje ulikt det vi kan sjå i foreininga av Henriette, søstrene og Ditte sine liv i romanen. Generasjonane si sterke tilknytning til staden, arven som blir framheva og tre familieledd knytt til Rødbyhavn, skaper ei syklisk tidsrytme. Romanen antyder at rutinar og livsmønster som Jane og Tine har vidareført frå mora, vil – mest sannsynleg – òg vidareførast av Ditte. Dersom romanen hadde vist meir av Ditte, ville ein kunne hevde at tida var meir framoverretta og, enda til, lineær. Men diskursen vier Henriette mykje større plass, noko som viser at fortida blir igjen trekt inn i notida. På eitt vis lever mora vidare gjennom døtrene, i form av deira rutinar, oppførsel og måtar å formulere seg på. Tidskontrasten, som Anne Sofie Læssøe Møller peiker på i høve til Ditte og Henriette, viser korleis tida er sirkulær (2010, 70). Den første generasjon sitt livsmønster blir ført vidare til neste generasjon, frå Tine si mormor, til hennar mor, no til henne og potensielt, vidare til Ditte. Som vist er minnet etter mora tydeleg knytt til

---

<sup>46</sup> Jane viser ved fleire tilfelle interesse for språket. Eit anna døme er: “At vi skulle sørge for at tale meget om, hvordan vi havde det. Det var det eneste, der kunne lindre. / Jeg hæftede mig ved det ord, lindre. Soothe” (RP, 139). Utdraga viser korleis Jane gjev merksemd og reflekterer kring språket. Jane er tydeleg i gang med å skrive dikt, då ho undersøker rim-par, elles stoppar ho opp og tenker på ord og ho skriv enda til ned nokre ord på turen hennar til Hamburg. Forteljinga om ei ung kvinne som i løpet av romanen utviklar seg til å bli forfattar, er tydeleg i Helle sin roman *Dette burde skrives i nutid* (2011). Ein ser dei same tendensane i RP, men ikkje like tydeleg. På siste side ser ein likevel noko som tematiserer samansmelting, i alle fall ei vissgjering kring forholdet mellom forfattar, forteljar og karakterar.



staden. På denne måten er historia vist i den konkrete i kronotopen og fortida som viser seg i notida (2006, 165). Rutinar og språket sin sterke fatiske funksjon understreker at tida består av hendingar som ikkje skapar store endringar for personane. Eg vil med det omtale ho slik Aabenhus har føreslått, som hendingslaus. Den hendingslause tida går att frå ein generasjon til neste, som igjen understreker den sirkulære rørsle.

#### 4.2.3 Historieberarar og verdiar i rødbyhavnkronotopen

Henriette er tydeleg til stades i Kongeledet, til tross for at ho er død. Konkrete ting i romanen blir omtalt som “vores mors” – slik ein ser i formuleringane; “jeg lå i vores mors sofa” og “vores mors uldfrakke” (RP, 78, 32). Jane ser seg sjølv tydeleg knytt til Tine, dette ser ein i dei gjennomgåande formuleringane “vores mor”. Vidare heng handlingane og ytringar hennar att i leilegheita. Ein gong har ho kommentert at Jane gjekk for hardt på hælane, noko som fortsatt pregar gangen hennar. Søstrene har òg overtatt Henriette sine vaner: “Men vi kunne lide de samme gode gamle retter med sovs. Vi kunne også lide at ligge i sofaen, især mig. Dertil kom vores fælles glæde ved bagerbrød og ugeblade hver torsdag” (RP, 10). I Kongeledet eksisterer kopiar av Henriette sine matrettar framleis, men i det søstrene skal lage ein av mora sine hoffrettar, ender det dårleg:

Når mørket faldt på ved fem-tiden, fandt vi kagebøgerne frem. Tine talte tit om, at vi burde lave gode ben. Det var en af vores mors hofretter. En enkelt gang forsøgte vi os, men vi kunne ikke huske, hvor sovsen skulle komme fra. Nøglebenene tørrede ud i ovnen, mens vi vred vores hjerner. Kartofflerne var for længst kogte og vandet hældt fra. Bouillonterninger havde vi glemt at købe. Til sidst komponerede Tine en sovs af vand, mel og salt. I mangel af fløde hældte hun lidt ymer i. Sovsen mindede os om kærnemælkssuppe. (RP, 15)

Søstrene forsøker å lage tradisjonsmat, slik som Henriette gjorde det, men forsøket feilar. Både scena med morgonrutinane, lagning av stikkelsbærgraut og forsøket på å lage ein av mora sine favorittrettar, viser kor sentral rolle maten har i RP. Både stikkelsbærgrauten, livretten og rugbrødet er mat som kan sjåast å ha ei kopling til ein stad. For det fyrste vil eg hevde dei alle kan knytast til det nordiske kjøkkenet generelt, og til det danske kjøkkenet spesielt. Rugbrødet er typisk dansk mat. Stikkelsbærgrauten er direkte knytt til Rødbyhavn. Den er laga av bær søstrene har fått same dagen som dei gravla si eiga mor: “Tage Hansen selv kom ud og rakte os to bakker stikkelsbær fra bordet. Han ville ikke have nogen penge” (RP, 140). Mora sin livrett og ting, som trer fram i romanen, tydeleggjer korleis subjekta si historie er knytt til staden.

Maten òg ei del av rutinane og vanene til søstrene held seg innan eit kjent univers, utan å utforske andre moglegheiter. Giddens hevdar at menneske fundamentalt sett er prega av ei angst som grunnar i frykt frå å bli separerte frå omsorgspersonar. Han trekk fram kvardagsrutinar som ein måte å halde fast på kjensleforholdet ein har til omsorgspersonar. Rutinane kan, i følge han, halde kjensla av angst i sjakk (Giddens, 51-60). At søstrene vidarefører *mora sine tradisjonar*, kan vise at dei jobbar mot angsten og frykta for separasjon frå mora.

Bakhtin hevdar materialisert historie kan visast i konkret form i kronotopen: “Vi behøver blot minde om de fremragende skildringer af huse som materialiseret historie hos Balzac, og skildringerne af gaderne, byen og de landlege landskab i lyset af hans bearbejdning af tiden og historien” (Bakhtin, 2006, 165). Der Balzac materialiserer historie i hus og gater, vil eg hevde at Helle gjer det same i form av mat og mora sine ting, vaner, utsegn og tradisjonar. Det formidlar historie og fortid og fungerer som berar av historie, identitet, tradisjon og minner. Tilknytninga til staden skjer i form av tradisjonelle rettar. Tilknytning til identitet ser ein i det søstrene sitt opphav blir representert i mora og gjennom staden kor tidlegare generasjonar av deira familie har tilknytning. Mora sin stikkelsbærsgrot, hennar favorittrett og søstrene sitt forsøk på å lage beinsuppe viser korleis dei tradisjonelle verdiane blir forsøkt vidareført, viser korleis mat, tradisjonar og verdiar er nært knytt i rødbyhavnkronotopen. Maten er dermed noko som knyt dei til historia på staden, samstundes som det viser korleis tida er prega av det hendingslause. Den same tilknytninga til staden kan ein sjå i det Jane avbryt ergoterapeutstudiane sine i Næstved for å flytte inn hjå Tine og Ditte i Kongeledet. Forsøket endar med at ho bestemmer seg for å flytte heim att – ho blir tatt hand om av Tine som lar henne bu sjå seg og som vidare skaffar henne arbeid. Det mislukka forsøket ender med at Jane tyr til den trygge løysing – å flytte attende til omstende ho er kjent med – attende til ei tid og til verdiar som ho kjenner i rødbyhavnkronotopen.

Reaksjonane kring stadsskildringane til Helle er blanda. Christensen og Zangenberg viser at stadene ikkje utelukkande indikerer noko positivt. Dei kan derfor ikkje seiast å vere klare framstillingar av idyllen.<sup>47</sup> I følge Bakhtin er staden si eining viktig i idyllkronotopen, her er, likt som i *RP*, dei forskjellige generasjonane sterkt knytt til ein stad. I *RP* vil eg hevda at dei abstrakte verdiane kjem til uttrykk i konkrete hendingar og handlingar – ein ser det i døtrene si

---

<sup>47</sup> Reaksjonane deira er ikkje direkte knytt til *RP*, men som eg har trekt fram i kapittel 2., har fleire av stadene i Helle sine romanar likskapstrekk. Eg vil hevde at framstillinga av Rødbyhavn har fleire likskapar med det som Kassebeer omtalar som “helle-land”.

vidareføring av matrettar, tradisjonar og talemåte. Vidare er mora knytt til rødbyhavnkronotopen gjennom konkrete ting i Kongeledet – både sofa, skatoll og klede. På denne måten er tre generasjonar representerte på ein og same stad. Dette vil eg knyte til Bakhtin si skildring av idyllkronotopen, kor han eksplisitt trekk fram slekter sin gang på staden.<sup>48</sup> Eg vil likevel ikkje hevde at rødbyhavnkronotopen er ein rein idyllkronotop. Den manglar tilknytning til naturen og viser ikkje tydeleg fram det positive ved staden. Men element frå idyllkronotopen, spesielt tida, smeltar saman med småbykronotopen i rødbyhavnkronotopen. Sjølv om Bakhtin hevdar at den sykliske tida indikerer noko negativt, vil eg heller ikkje hevde tida er negativt framstilt i *RP*. Ho er knytt til småbykronotopen, og nærmast stoppa opp, noko som kan indikere eit negativt aspekt. Medan det sykliske og staden si klåre rolle, som er typisk i idyllkronotopen, viser til det positive. Eg vil derfor hevde at rødbyhavnkronotopen er prega av begge desse tidene. Dette fører til tidsoppfatninga, som både Kassebeer og Helle sjølv trekk fram, karakterane *eksisterer* utan klare indikasjonar på ei positiv eller negativ framstilling av tida.

#### 4.2.4 Rødbyhavnkronotopen som heilskap

Rødbyhavn, som hamneby, ein utkant av utkantstaden Rødby, er det stadlege utgangspunktet Helle har hatt i det ho skulle skrive om livet til Jane og dei andre innbyggjarane. Store delar av romanen føregår akkurat her. I romleg forstand møter vi ikkje eksplisitt små hus, slik Bakhtin hevdar er tilfelle i ein typisk småbykronotop, derimot føregår mykje av handlinga i Kongeledet. Bustadblokkene kan seiast å vere ei meir moderne utgåve av det Bakhtin omtaler som “købstadens små huse og trange dagligstuer, med de søvnige gader, med støvet og fluerne, med klubberne og billardbordene og så fremdeles” (Bakhtin, 2006, 167). Rødbyhavn har likevel fleire ytre kjenneteikn som kunne gjort at ein ville ha omtalt han som ein ikkje-stad. Det er for det fyrste ein stad ein kjører forbi som del av Fugleflugten. Menneska som bur i Rødbyhavn går på arbeid på det Augé omtalar som typiske ikkje-stader – det er ferja og hotell. I rødbyhavnkronotopen møter vi ei tid, som Mona i avgangshallen omtalar som så stillestående at ein kan døy av det. Noko òg fem personar gjer i løpet av heile romanen – og fire personar gjer i løpet av ei og same veke. Døden si rolle understreker i kva grad staden er prega av stagnasjon. Tida er i hovudsak saktegåande og dagane er fylt med kvardagslege hendingar som inneberer småprat og planlegging av måltid. Generasjonane sitt nærvære i romanen

---

<sup>48</sup> Som vist hevdar Bakhtin at: “Stedets enhed tilnærmer og forener vugge og grav [...], barndom og alderdom [...] og de skiftende slægtsleds liv, som blev levet på det samme sted, under de samme betingelser og med den samme udsigt” (Bakhtin, 2006, 145).

understreker det sirkulære, i tillegg blir vi vitne til dagar som “gentages [med] de samme hverdagshandlinger, de samme samtaleemner, de samme ord” (Bakhtin, 2006, 165). Samtalane krinsar kring ingenting og nokre av frasene blir enda til ordrett gjentekne av neste generasjon. Ved bruk av Jakobson sin teori om språket sine funksjonar kan ein hevde at dette er ein innhaldslaus kommunikasjonsmåte kor ein snakkar saman utan anna mål enn å samtale.

Historia står sterkt på staden, noko som Bakhtin trekk fram i det han skildrar tida i daglegstove- og småbykronotopen (2006, 165). I *RP* blir dette tematisert og framsynt i rødbyhavnkronotopen i form av konkrete ting som mat og møblar Kongeledet. Dei abstrakte elementa oppstår og blir synlege gjennom konkrete hendingar til ei gitt tid, er tradisjonar, rutinar og talemåte. I romanen blir fortida prioritert føre framtida. I dette ligg fordelinga mellom kor mykje merksemd Henriette får i motsetnad til Ditte. Barnet får ei viss merksemd og nokre punkter peiker på at også ho vil arve livsforma dei føregåande kvinnene i denne generasjonen har hatt. Fortida sin tydelege posisjon gjer at ein kan ikkje knyte rødbyhavnkronotopen, slik han blir opplevd av karakterane, til ikkje-staden. Dei narrative elementa analepse, sirkelkomposisjon, iterativ frekvens og gjentakning av replikkar viser korleis det sirkulære er til stades i romanen sin diskurs. Det kompositoriske understreker det sirkulære tidssynet. Den sirkulære kvardagstida er saktegåande og stundom på grensa til regressiv. Bakhtin hevdar enda til småbykronotopen si tid er prega av eit negativt aspekt som hindrar utvikling, noko ein kan sjå tendensar til i Tine si måte å systematisere avlastning av søppel i gangen deira på. Han hevdar vidare at: “Denne købstad [provinsbyen] har flere varianter” (Bakhtin, 2006, 165). Eg vil hevde at rødbyhavnkronotopen står fram som like mangelfull på handling som Bovary-dømet Bakhtin sjølv trekk fram i sitt essay. I det følgjande vil eg gjere ei lesing av kronotopførekomstar som kan knytast til Augé sitt ikkje-stadsomgrep. Fyrst vil eg gjere ei lesing av ferjerommet, slik det viser seg og slik karakterane verkar saman med det, deretter ei lesing av det eg vil kalle hamburgkronotopen.

### **4.3 Framstilling av ferja**

Ferja over Femernbeltet er eit framkomstmiddel i stadig rørsle. Det er verken fast plassert i Rødbyhavn eller i Puttgarden. Det er eit konkret rom som flyt på havet, og er derfor meir utsett og ustabil enn ein stad som er fast forankra på eitt geografisk punkt. Ferja sin ustabile faktor blir tydeleg i det ho går på grunn i slutten av romanen. Vidare er rørsla til ferja prega av at ho går att og fram igjen og igjen: “Både Danmark og Theodor Heuss og Dronningen nåede at

lægge til og fra” (*RP*, 103). Ferjer kjem og går, både dag og natt, noko som gjer at det arbeider folk her heile døgnet. Romankarakterane oppheld seg i hovudsak på tre konkrete stader på ferjene: parfymieriet, supermarknaden og personalrommet. I parfymieriet arbeider det berre kvinner, og vi møter fleire av dei i par. Jane og Tine står fram som eit par, dei er søstrer som liknar på kvarandre. Ris og Ros er søskenbarn og gift med kvar sin bror i Nysted. Det siste paret er Mona og Marie Svendsen, som òg er søstrer. Fyrste vakta vi følger Jane i arbeidet på ferja, jobbar ho med dei sistnemnde. Tim og Lauge er enda to arbeidarar som ein finn saman i supermarknaden på ferja. Det oppstår ein flørtande tone mellom Jane og Tim. Når ei av parfymedamene ikkje har mykje å gjer, går dei til supermarknaden for å få snop med skada emballasje, såkalla “brækage”. Elles er vi vitne til ein pause på personalrommet, kor det blir halde ein “frikadellefest” (*RP*, 53). Personalrommet, parfymieriet og supermarknaden fungerer som konkrete avgrensa rom og kunne vorte undersøkte kvar for seg, som avgrensa stader i staden. Eg vil peike på mindre forskjellar mellom dei, men eg vil likevel omtale dei under eitt – nemleg ferjekronotopen.

Personalet er éi gruppe menneske ein finn om bord, den andre gruppa er passasjerane som bruker ferja for å transportere seg frå A til B. Dei to gruppene er der av forskjellige årsakar og har derfor forskjellig forhold til ferja. Av den grunn kan den same staden framstå på forskjellige måtar. Sidan Jane er forteljar, får lesaren innsikt i korleis arbeidarane, og ikkje passasjerane oppfattar staden. Det ein får vite om passasjerane er gjennom Jane sin synsvinkel: “Min næste kunde var lastbilchauffør. Det sagde han selv. – Jeg skal have koldcreme med hjem til konen. Jeg er lastbilchauffør” (*RP*, 44). Det same gjeld Jane sitt fyrste møter med Aksel om bord:

Jeg ledte efter talkum i skuffen under disken, og da jeg rejste mig op, kiggede jeg lige ind i ansigtet på elektrikerens, som Tine havde kaldt Abel. Vi genkendte hinanden med det samme.

– Der er travlt i dag, sagde han.

– Det må du nok sige.

– Kan du holde til det?

– Det går. Hvad kan jeg hjælpe dig med?

Han lagde en seddel på disken, og jeg fandt varerne frem. Visible Difference, White Linen og en eyeliner. Han betalte med check på beløbet, og jeg fik lejlighed til at se hans rigtige navn på id-kortet, mens jeg skrev nummeret på bagsiden af checken. Han hed Aksel Hansen.

– Mange tak. Nu er der en, der bliver glad, sagde han og tog imod posen.

– Det var da dejligt.

– Det er min brors kone. Hun er storforbruger. Jeg køber altid med til hende.

Lesaren får vite namnet til Aksel gjennom hennar synsvinkel. *Jane* får moglegheit til å sjå namnet hans, derfor får òg lesaren det. Eg vil komme kort inn på passasjerane sin situasjon, sjølv om ein får lite innsyn i deira oppleving av staden. Tida sin struktur på ferja, og personar si opphaldstid om bord, er bestemt av ytre faktorar som avstand mellom hamnene og farten til ferja. Passasjerane stiller seg annleis til tida enn det arbeidarane gjer, då dei er om bord for ei kort tid. Målet deira er å reise vidare, dei er på veg frå ein stad til ein annan. Det er ein transittstad med likskapstrekk til det Augé hevdar er typisk for ikkje-stader (1995, 84-85). For passasjerane er ferja ein transittstad som dei ikkje har personleg eller historisk tilknytning til. Når tida dei oppheld seg om bord, enda til er bestemt av transportetappen, kan ein hevde at ferja, for dei, fungerer som ein ikkje-stad. For arbeidarane framstår ferjekronotopen annleis. *Jane* sine erfaringar og hennar tilknytning til ferja, pregar framstillinga av ho i *RP*. Verdiane som er til stades, vil vere påverka av karakterane sine relasjonar til kronotopen. Dersom småbykronotopen si sykliske tid er den bærande tida i romanen som heilskap, vil denne òg vere mogleg å finne om bord på ferja. Er ferjekronotopen, slik *Jane* opplev han, prega av småbykronotopen si tid og verdiar, eller er det ein ikkje-stad kor notida er gjeldane, historia er borte og menneska sin identitet er svakt til stades?

#### 4.3.1 Tid i ferjekronotopen

Drift av ei ferjestrekning, er sterkt avhengig av konkretisering av tida i form av fastsette tidspunkter. Ferja følger rutetider som avgjer når avgang og framkomst skal skje. Tida si rytme er på denne måten regulert av ein ytre autoritet. Augé ville omtalt autoriteten som ein ekstern entitet som avgjer premissa for tida på ein potensiell ikkje-stad (1995, 96). Ferjeselskapet er ein institusjonen som avgjer vilkåra for dei som oppheld seg om bord. Det avgjer tida passasjerar og arbeidarar er her og når dei kan vere her. *Jane* måler tida i kor mange gongar ferja rekk over Femernbeltet på ei vakt: “På nattevagten nåede man frem og tilbake mellem Tyskland og Danmark i alt tre gange” (*RP*, 54). Tida om bord er knytt til ferja sin funksjon, nemleg å frakte menneske og varer over havet, noko som er sett til visse tidspunkt slik at det er mogleg for brukarar av tenesta å forholde til dette. Den er bestemt av avstand, ferja sin kapasitet og behovet for avgangar mellom hamnebyane. Rutetidene er tidsrammene som pregar ferja som stad. Tida si rørsle er, til tross for at den naturlege tida er svekka, repetitiv og har dermed eit syklisk preg. Ferja si rørsle understreker det sykliske aspektet ved denne kronotopen, men i motsetnad til tida i ein småbykronotopen si sykliske rytme, er tida om bord bestemt av ytre praktiske årsakar

(avstand og fart). Staden – og med det, tida – blir oppfatta forskjellig av passasjerane og arbeidarane. Ei naturleg og syklisk tid følger naturen sine skifte mellom natt og dag. I staden for at Jane og dei andre arbeidarane følger denne tidsrytmen og søv om natta, arbeider dei natt som dag. På den måten er dei lausrivne frå den naturlege tidsrytmen som døgnet setter.

Likevel skifter tida tempo. Forventningane om ei roleg natt på vakt, med lite aktivitet, visar seg å stemme: “Vi talte kasserne efter og fylgte en lille smule op. Færgen lagde fra, informationsdamen bød velkommen. Der kom ingen kunder” (RP, 51). Mangelen på kundar fører med seg ei mangel på handling, det er mindre for Jane og kollegaene å gjere på arbeid. Færre hendingar har innverknad på oppfatninga av tida:

Den drøjesten overfart var den næstsidste mod Tyskland ved fire-tiden. Der var ingenting at lave, og øjenlågene følte virkelig tunge. Jeg var også træt i benene. Jeg tog skoene af og stod på strømpefodder. Stephanie Christensen havde lagt sig på gulvet bag disken. (RP, 54)

Dette gjer at tida liknar meir på den hendingslause tida ein kjenner att frå rødbyhavnkronotopen. Kollegaen Stephanie er ein forsiktig type: “Alle Stephanie Christensens bevægelser var meget forsigtige. Jeg havde aldrig set nogen hælde vand på et tebre med sådan en omhu” (RP, 50). Den saktegåande og hendingslause tida blir understreka av at rørslene hennar føregår i eit lågt tempo. Tempoet blir skildra, likt som i rødbyhavnkronotopen, med å vise til døden: “Der var dødt på hele overfarten og også på turen tilbage” (RP 52). Døden blir brukt til å skildra den stillestående tida slik ho blir oppfatta av Jane under nattevakta. Det er så lite å gjere at Stephanie legg seg til å sove på golvet i parfymieriet.

Ein ekstern autoriteten avgjer at ferja skal tene strekninga over Femernbeltet både dag og natt. Den har med det avgjort at Jane og kollegaene må arbeide til alle døgnet sine tider. Det er krevd at Jane må gjere sine arbeidsoppgåver på dei bestemte tidene – både natt og dag. Sjølv om arbeidarane skal gje slipp på den naturlege tida, er det vanskeleg i praksis. Det er eit anna tempo om dagen enn om natta, sjølv om det blir lagt til rette for arbeid heile døgnet. Like før morgonen gryr, ser vi at Jane gjer seg klar til temposkiftet som er mellom natt og dag:

Egentlig var det min tur til at hvile, men jeg havde ikke lyst. Jeg var bange for, at det ville blive alt for svært at vågne igen, og der kunne godt være meget at lave på den sidste tur hjem fra Tyskland om morgenen. (RP, 54)

Her lar Jane vere med å kvile i frykt for å måtte gå frå eit roleg tempo – sove – til eit raskare – å vere vaken og ekspedere kundar heim frå Tyskland om morgonen. Vissheita kring temposkiftet gjev eit bilete av at det er ei pulserande tid som fungerer i parfymieriet. Det blir i tillegg skildra variablar som påverkar tida sitt tempo om bord: “Nå, Jane, tror du, vi får noget at lave i nat? De siger, der er vinterferie i Sverige. Jeg kan så godt lide svenskere. – Vi havde mange svenskere i går. – De køber meget, og de er meget pæne” (*RP*, 49). I det er mykje å gjere, mykje å fylle tida med, kjenst tida som ho går raskare – dei får “noget at lave”.

Tim sin invitasjon om kortspel under “frikadellefesten”, viser aktivitet som Bakhtin karakteriserer som “gentagne ‘vanligheder’” og som han samanstillar med sladder (Bakhtin, 2006, 165). Elsebeth undrar på om Jane spelar kort, og lesaren forstår at det er dette dei føretar seg i pausane om bord: “Spiller du kort? – Nej. – Gudskelov. Så skal vi bare have de andre hoveder til at vågne lidt op” (*RP*, 50). Ved sida av at karakterane fyller tida med kortspel, bruker Jane og Tine tid på å snakke om andre personar. Tine lar ikkje Jane vere i fred i det ho har møtt elektrikaren på ferjekaia:

- Nå, ham. Det er Abel. Han har røven fuld af penge.
- Man kan da ikke hedde Abel.
- Det kalder vi ham. Abel Spendabel.
- Hvor ved du fra, han har penge?
- Han køber altid det dyre til sin kone. Var han ikke lyshåret?
- Jo. (*RP*, 33)

Søstrene snakkar saman om Aksel og trekker slutningar om andre personar på ein måte som ein kan definere som sladder, òg dette er typisk for småbykronotopen: “[Folk] spiller kort og løber med sladder i denne tid” (2006, 165). Kortspelet og sladderprat viser korleis, det Aabenhus omtalar som hendingslause hendingar, òg pregar ferjekronotopen. Vidare kan besøket av “Abel” bryte det gjentakande aspektet ved hendingane på ferja. Møtet legg opp til at det skal skjje noko spesielt, noko som kan endre livet til Jane – jamfør Bakhtin sitt møtemotiv i terskelkronotopen. Forholdet hennar til Aksel blir vidare drøfta i delkapittel 4.5.



I tillegg til ei tid utan dramatiske hendingar, dukkar felles historie faktisk òg opp i ferjekronotopen. I det Jane er i supermarknaden på ferja, kjenner ho att Tim frå ein idrettsdag i Brandstrup:

- Men du kommer da ude fra Brandstrup, ikke? sagde jeg.
- Jo, hvor ved du det fra?
- Jeg kan huske dig fra en idrætsdag. Du brækkede et eller andet.
- Min tå. Var du dér?
- Ja, det var ved kuglestød.
- Idiot, sagde Lauge.
- Det var i syvoghalvfjerds. Det er rigtig nok.
- Vi er nogen med god hukommelse, sagde jeg. (RP, 51-52)

Jane si historiske kjennskap til Tim viser korleis det historiske eksisterer på ferja, gjennom ei referanse til ei spesiell hending på ein annan stad på eit gitt tidspunkt. I personalrommet under “frikadellefesten” kan ein òg hevde at historia er til stades. Gjennom aktivitetar visar fortida seg og ho blir ført vidare gjennom dei repeterte handlingane. Ferjeselskapet har bestemt vaktplanen og avgangar, men som vi ser i den indre rytmen på ferja, er det lite å gjere på vakt om natta. Det er roleg vår, fråvær av arbeidsoppgåver og enda til kollegaen Stephanie rører seg seint. Om dagen er det travlare og dette viser korleis den naturlege tida faktisk pregar tida på ferja. Det *er* forskjellar på dag og natt i ferja. Dagar kjem og går, ferja kjem og går og det sykliske viser seg i rørsle og i tida sin døgnrytme. Dermed er både tida si pulserande og sykliske rytme til stades.

#### 4.3.2 Verdier i ferjekronotopen

Eg har vist korleis tida på ferja har trekk både frå den som er typisk på ein ikkje-stad og i ein småbykronotop. Augé omtalar ikkje-staden som historielaus og med manglande tilknytning til eins identitet. Eg vil undersøke verdiane og om ein kan finne spor av historie, tradisjonar og relasjonar mellom karakterane og deira tilknytning til ferja.

Tine har lenge arbeidd på ferja. Dette gjer at Jane, over lang tid, har hatt eit forhold til visse element frå dette universet: “‘Brækage’ havde været en del af mit ordforråd, siden Tine begyndte på færgerne” (RP, 41-42). Allereie før ho begynte som parfymeekspeditrise, hadde Jane sitt språk vorte prega av ferjekronotopen. Ho melder til Elsebeth at ho kjenner til ferja på

førehand. Elsebeth spør: “Jeg kender slet ikke så mange her, gør du? – Nej. Jo, af udseende” (*RP*, 31). Jane har ei form for tilknytning til ferjekronotopen, både når det gjeld folka og at ho kjenner til fenomen som er typisk om bord, innan ho sjølv byrjar å arbeide der. Om bord planlegg Elsebeth at kollegaene skal ha eit festmåltid: “Hvad skal du med alle de frikadeller? – Jamen, søde skat, vi skal da have lidt natmad. Måske en lille frikadellefest” (*RP*, 50). Saman steller dei i stand: “Lidt før vi var i havn omkring midnat, gik Elsebeth rundt og inviterede på frikadeller. – Og Gerda har trekornsbrød, sagde hun” (*RP*, 52). Fleire bidreg til frikadellefesten, som består av tradisjonsrik mat som tradisjonelle kjøttkaker, trekornsbrød, smør og sylta raudbetar. Når Elsebeth si mor blir nemnd i samband med maten, hennar gode kjøttkaker og kor dyktig ho er til å steike and, blir det tradisjonelle forsterka. Det er dansk tradisjon å ete and på julaftan. Maten dei et, og snakkar om, er tradisjon som kjem til uttrykk i personalrommet på ferja. Felles tradisjonar og måltidet sine samlande funksjonar gjer at kollegaene knyt relasjonar mellom seg. Det blir òg nemnd at Ellis, mor til Palle, hekler til heile familien sin. Mødrene – og på den måten ein representant for noko eldre, noko frå førre generasjon – legg vekt på tradisjonen sitt nærvære på ferja. Dette gjer det tydeleg at familierelasjonar er viktig for karakterane og at slike band òg blir vektlagt når dei òg er på ferja, ikkje berre i rødbyhavnkronotopen.

Som i rødbyhavnkronotopen kan ein trekke fram korleis samtalar blir haldt i gang for den skuld at ein samtalar. Karakterane snakkar og tullar utan naudsynt å utveksle informasjon med kvarandre. Dette aspektet ved språket vier Jane merksemd i det ho snakkar med Tim i supermarknaden.<sup>49</sup> Som tidlegare vist, har Jane vissheit kring språket sine funksjonar. Tim snakkar med Jane for å opprette kontakt, det Jakobson omtalar som den fatiske språkfunksjonen. Kommunikasjon kor funksjonen er å halde kontakten mellom partane ved like, er framfor anna, relasjonsbyggande. Eit anna aspekt ved språket om bord, er at ein møter kommunikasjon, som i motsetnad til den fatiske funksjonen, har som sin sterkaste funksjon å dele informasjon. Jakobson omtaler denne forma for kommunikasjon som innehavar av ein sterk referensiell funksjon (Jakobson, 1987, 68). Augé hevdar at ein på ikkje-stader møter anonyme personar eller maskiner som skal dele informasjon med dei som oppheld seg på ikkje-staden (Augé, 1995, 99). Dette kan ein sjå i høve til den referensielle kommunikasjonen. Om bord på ferja i *RP* mottar passasjerane informasjon gjennom høgtalarar: “Informationsdamen

---

<sup>49</sup> “Jeg vidste ikke rigtigt, om han mente, hvad han sagde. Jeg stod lidt og tøvede. Han begyndte at grine” (*RP*, 42).

bød velkommen om bord, allerede før vi var ude gennem molerne. Så hurtigt gik det ikke hver gang” (RP, 43). Typisk trekk ved Augé sin ikkje-stad er nemlig at kommunikasjon blir formidla via skilt, og at informasjon og instruksjonar kjem frå anonyme avsendarar – den eksterne entiteten (1995, 96). Informasjonsdama viser korleis einvegs- og referensiell kommunikasjon eksisterer i ferjekronotopen.

Gjennom historie, i form av mat og i samtalar mellom karakterane, blir tradisjonelle verdiar representert om bord på ferja. Kommunikasjonen mellom arbeidarane viser at dei forsøker å knyte band mellom seg, noko som understreker relasjonar mellom kvarandre som ein verdi som er til stades. Dette er tydeleg i samtale mellom Tim og Jane. På denne måten er dei tradisjonane og relasjonane verdiane, som er viktige og sterke i rødbyhavnkronotopen, òg til stades i ferjekronotopen. Likevel finst det òg kommunikasjon som er typisk for ikkje-staden, nemleg kor den referensielle verdien er sterkast og kor avsendar er anonym. Her er òg mottakarane ei anonym masse, nemleg passasjerane. Det understreker passasjerane sitt forhold til ferja som ein ikkje-stad.

#### **4.3.3 Karakterundersøking i ferjekronotopen**

For Jane framstår det ikkje som viktig kva ferje ho arbeider på, men kven ho arbeider saman med og kor mykje det er å gjere på arbeid. Jane arbeider i uniform, noko som gjer at ho i utgangspunktet blir lik å sjå til som sine kollegaer. Under, det ein kan omtale som eit kort jobbintervju, påpeiker Alsing at ho er lik på søstera: “Han nikkede. Han blev ved med at se på mig, også mens han rakte mig papirerne igen.– Ja, I ligner hinanden. Du får uniformen derinde” (RP, 8). Jane sin identitet framstår dermed ikkje som særeigen, men blir sett som lik i høve til søstera – ved at det blir påpeikt at dei er like – og kollegaer – ved å bruke uniform. Uniforma blir enda til supplert med søstera sine klede: “Jeg prøvede min uniform med forskellige sko og halskæder, men der var ikke noget, der var rigtig godt. Jeg endte med at tage hvide nylonstrømper og et par af Tines brune ballerinaer på” (RP, 86). Jane tar ikkje på seg identitetsmarkørar, som kan gi uttrykk for *hennar* identitet, men tyr til søstera sine skor. Ho blir anonymisert ved å ta på seg uniforma og ho supplerer denne med Tine sine identitetsmarkørar. Slik Giddens hevdar, utviklar ein sin eigen sjølvidentitet, “selvet som det refleksivt forstås af personen på baggrund af vedkommendes biografi” (Giddens, 2010, 68). Dette gjer ein ved å kle seg på visse måtar, ha visse hobbyar eller leve livet på visse måtar (Giddens, 2010, 100-101). Jane kan ut i frå dette seiast å prøve å forme sin eigen sjølvidentitet i retning mot slik Tine.

Dei to søstrene har forskjellige forhold til sine identitetsuttrykk. Når Tine får kommentarar om korleis ho har tatt på augeskugge, svarer ho: “– Ser det ikke meget godt ud? Det skal gå lidt højt op. – Det kan godt være” (RP, 93). I staden for å endre sminka, hevdar ho at dette er slik det skal gjerast. Jane sin reaksjon på liknande hending er motsett:

Mona havde kommenteret det en dag:

– Skal du ikke have noget på læberne?

– Nej. Jeg får sådan en stor mund af læbestift.

– Nå. Jeg synes netop, du har en virkelig lille mund.

I dagene efter anstrengte jeg mig for at brede underansigtet ud, også når jeg var helt alene i parfumen, indtil Elsebeth en dag kom flyvende forbi med en stang cigaretter under armen og bremsede op foran glasdørene:

– Hej, søde Jane, hvad er der galt med dig?

– Der er da ikke noget galt.

– Du ser så anspændt ud i hovedet. Nu har vi snart fri.

Så holdt jeg op med at spænde i kæbemusklerne. (RP, 43)

Der den eine søstera er uanfakta av andre si merksemd og meiningar, reagerer den andre med å endre det ho får kommentarar om. Ho tilpassar utsjånaden, ein form for identitetsmarkør, i høve til dei kring seg. I det Aksel er innom parfymieriet, ser vi at Jane gjev uttrykk for same smak, eller i det minste meiningar, som kollegaene:

– Kan du sige mig, hvad for en sæbe, der er den allerbedste? Den, du allerbedst kan lide.

– Kenzo, sagde jeg og i munden på mig både Mona og Marie Svendsen ovre fra deres kasser:

– Kenzo.

– Ja, Kenzo. (RP, 89)

Det kan vere eit tilfeldig samantreff, men ut i frå Jane sine tidlegare tilpassingar i høve til andre, er det sannsynleg at ho òg kopierer meiningane Mona og Marie Svendsen har om produkta. Dette viser korleis Jane søker seg mot andre sin identitet. Handlingane bak parfymedisken kan samsvare til søkinga etter rutinar som kan halde kjenslene, som Giddens omtalar som frykt og angst, i sjakk. Det kan vere eit svar på den usikkerheita som pregar det seinmoderne menneske i deira utvikling av eit *sjølv*. Identitetssøkinga til Jane, som endar med at ho kopierer andre sin utsjånad og/eller handlingar, skjedde òg i det ho reiste som student til Næstved. Dette kan vere hennar reaksjon i det ho blir tatt bort frå sitt trygge element. Eg vil kort kommentere opphaldet

hennar i Næstved under delkapittel 4.5.2. Jane gruar seg til å begynne å arbeide på ferjene: “Jeg så ikke frem til at skulle begynne” (RP, 13). Motsetnadane mellom søstrene er òg tydeleg i dette tilfelle:

[Tine] glædede sig. Hun trængte til at se mennesker. Hun havde sagt direkte, at hun var ved at gå ud af sit gode skind. Jeg sagde, at jeg godt forstod hende, men det passede ikke, og det vidste hun godt. Jeg havde fantasier om at sidde hjemme resten af livet. Jeg skammede mig over det, men jeg kunne ikke modstå tanken. Det gik lige med en vagt på færgen eller en halvdagstur til Maribo. Jeg kunne godt gå rundt og gebærde mig, men ikke for længe ad gangen. (RP, 48)

Det viser seg at søstrene har ulik tilknytning til rødbyhavn- og til ferjekronotopen. Tine ser fram til å byrje på ferja att, medan Jane helst ville vore heime. Jane er i større grad knytt til rødbyhavnkronotopen, medan Tine liker å vere på ferja. Ho synst at ho opplever mykje om bord

Hun fortalte om en af parfumedamerne, som knækkede hælen af sin sko, lige da hun ville skridte over dækket foran to italienske mænd:

– Vi så det alle sammen, vi sidder oppe og tager sol i alle pauserne.

Samme eftermiddag havde Tine fået lov at stå ved roret i styrhuset under en overfart:

– Jeg har helt glemt at fortælle det. Sikke en udsigt.

– Skulle du ikke passe dit arbejde? sagde vores mor.

– Det var kun ti minutter. Det var Kaj Hansen, der spurgte om jeg ville.

– Er han kaptajn? sagde jeg.

– Nej, han er styrmand. Han har et blødt punkt for mig.

– Du skulle ikke føjte sådan, sagde vores mor.

– Jeg føjter ikke. Jeg ville bare gerne prøve at stå ved det ror.

– Hvordan var det? sagde jeg.

– Bare fordi du aldrig har prøvet noget som helst, sagde Tine til vores mor, og hendes stemme var meget presset:

– Du har jo ikke prøvet en skid. (RP, 136-137)

Tine liker godt å oppleve nye ting og møte forskjellige menneske om bord på ferja. Ho ser seg som annleis enn Jane og Henriette som i så måte blir sterkare knytt til rødbyhavnkronotopen. Tine veit at Jane liker seg best heime: “– Nårh, Jane, nu er vi næsten sneet inde. Så er du lykkelig” (RP, 21). Søstrene blir sette opp som motsetnadar. Der Tine ønsker å vere blant menneske, lengtar ikkje Jane etter dette. Det indikerer at Jane ikkje har funne “sin plass” på

ferja. Ho fantaserer om å bli verande heime, utan å måtte forholde seg til andre personar. Ho kjenner seg utanfor det sosiale samspelet som elles føregår mellom folk:

Af og til tænkte jeg på mig selv som en silo i udkanten af en pløjemark. Jeg vidste ikke, hvad der var indeni. Måske var der ingenting. Jeg tænkte også på, hvordan andre så på mig. De måtte gerne bemærke mig, men så heller ikke mere. (*RP*, 91).

Jane vier stor merksemd mot korleis andre oppfattar ho. Giddens hevdar at ein i seinmoderniteten er ansvarlege for korleis vår kropp si utforming og dermed eins måte å uttrykke oss til andre (2010, 124). Hjå Jane kjem dette til uttrykk gjennom at ho er veldig merksam på korleis andre oppfattar henne. Ein kan hevde at Jane kjenner seg aleine i det at ho helst vil vere heime og ho kjenner seg som noko som står utanfor – denne siloen i utkanten. I møte med ferjekronotopen strevar ho etter å finne ein måte å uttrykke seg på – jamfør hennar endra andletsuttrykk etter kommentarar frå kollegaene. Hennar sjølvforteljing – vist i klede og andlet – blir dempa i det ho er på ferja. Jane nærmar seg dei andre sine utsjånadar, ho distanserer seg ikkje. Andrea Romanzi viser korleis endringar i rommet kan føre til avindividualisering av karakterar. Men der han trekk fram at romlege element frå dramascena blir fjerna, fører ferjekronotopen til endra forventingar til oppførsel. Det fører til at Jane sin identitet blir mindre tydeleg i ferjekronotopen, ho blir meir anonym. Oppførselen hennar i parfymet viser korleis ikkje-stader, kan føre med seg ei kjensle av einsemd. Ved å endre utsjånad, både i andletet og i klede, blir individualiteten svekka. Dette er likt med korleis Augé skildrar ikkje-staden som ein stad kor subjektet går tapt i massen (1995, 87, 92). Både gjennom Jane sitt ytre og i hennar meiningar, framstår ho som ein av parfymedamene.

#### **4.3.4 Ferjekronotopen som heilskap**

Tida i ferjekronotopen liknar i stor grad den ein finn i rødbyhavnkronotopen. På ferja er går dei sama rutinane att. Døgnet blir representert og ferja si rørsle understreker det sirkulære elementet. Tida prega av kortspel, mat og småprat, noko som understreker mangel på dramatiske hendingar, og dermed oppfattast tida som saktegåande. Ei hending skil seg derimot ut frå dei andre om bord, det er hennar møte med Aksel. Dette vil eg komme attende til i delkapittel 4.4. Tradisjonane følger elles med arbeidarane frå Rødbyhavn, noko ein ser i fellesmåltidet på personalrommet. Eg vil hevde at dei nemnde elementa; kjøtkakene og brødet dei et, men òg det dei snakkar om; anda, mødrene og hekling, viser korleis eit samla sett med verdiar, historie, tradisjon skapar samvær blant dei som arbeider på ferja. Dei har tatt med seg

element som er knytt til historie, identitet og felles tradisjonar frå Rødbyhavn til ferja. Dersom ferja hadde vore ein rein ikkje-stad, vil ho vore fri frå tilknytning til fortid og historie, og arbeidarane ville ikkje hatt tilknytning til staden. Småbytida pregar med dette ferjekronotopen med sine sett av verdier.

Til tross for likskapstrekk med småbykronotopen, er det òg visse trekk ved ferja som er knytte til ikkje-staden. Tida om bord er styrt av ferjeselskapet sine avgjerder. For passasjerane er det ein transittstad kor dei ikkje skal vere for lange tider, men det er ein post på veg til ein endeleg destinasjon. Dei er her berre for ei kort tid. Lesaren får ikkje inntrykk av at dei knyt relasjonar til ferja, det einaste tilfellet måtte vere forholdet mellom Aksel og Jane. Supermarknaden, som Augé trekk fram som ein typisk ikkje-stad, kunne vere eit argument for å omtale ferja som ein klar ikkje-stad. Det same kan Jane sin anonyme og utviska identiteten i parfymieret vere. Men som Augé poengterer, finst verken stader eller ikkje-stader i rein form. Ferjekronotopen inneheld aspekt som viser til både fortid og historie. Ein ser korleis ein typisk ikkje-stad, ein transittstad, som enda til inneheld supermarknad, blir påverka av småbykronotopen sine relasjonar og historie. Han kjem enda til å likne på denne, som følge av menneska og deira påverknad på staden. Tida er syklisk i ferjekronotopen, tradisjonar, og med det er identiteten til karakterane, er gjeldande. Ferjekronotopen inneberer ei dragning mellom dei to det tradisjonsberande, historiske og relasjonelle mot notid, anonymitet og det flyktige. Dette ser ein i verdiane og tida som kjem til uttrykk, og korleis karakterane fungerer i høve til dette. Pauserommet har tydelege trekk frå småbykronotopen, medan parfymieret i større grad er knytt til den typiske ikkje-staden.

#### **4.4 Framstillinga av hamburgkronotopen**

Kapittel 29-35 i *RP*, delen som heiter “DANMARK – TYSKLAND”, handlar om at Jane blir med Aksel til Hamburg kor han skal arbeide. Eg vil i det følgande undersøke korleis hamburgkronotopen fungerer i høve til karakterane, tid og verdier som kjem til syne i *RP*. Jane har, fram til no i romanen, vore ein av dei fastbuande – både i rødbyhavnkronotopen og i ferjekronotopen (kor ho hadde felles bakgrunn med kollegaene på staden forbi-passerende opplevde som ein ikkje-stad). No er ho på eit hotell, som Augé omtalar som ein typisk ikkje-stad (Augé, 1995, 78-79). Store delar av handlinga i hamburgkronotopen er knytt til Hotel Opera. Eg vil drøfte korleis karakterane oppfører seg her, korleis tid og verdier kjem til uttrykk og sjå på dette i høve til kronotop- og ikkje-stadsomgrepet.

#### 4.4.1 Karakterane i hamburgkronotopen

Det er Jane sin fyrste tur til Hamburg, medan Aksel (og Jens) har vore der fleire gongar på grunn av jobb. Likevel er begge tilreisande, som er her for eit kort tidsrom, med kvar sine årsakar. Aksel er her på grunn av jobb og Jane er her for å vere med Aksel. No er det ho som er den tilreisande, og ho er her berre for eit kort tidsrom. Om dagane er Jane aleine på hotellrommet, kor ho trivs, men ho tenker at å bli verande her neppe er nok:

Jeg blev ved med at føle, at jeg burde gå ud i byen. Men jeg var bange for at fare vild, og jeg var også bange for sproget. Jeg kunne udtale alle tal og priser perfekt, men jeg var ikke vant til at konversere eller bare spørge om vej på tysk. (*RP*, 144)

Jane er i ein ny by i eit anna land, men ho har ingen eigne ønske om å gå ut og oppleve noko av det byen Hamburg har å by på. Å kjenne at ein *bør* gjere noko, er ikkje det same som å faktisk ha lyst til det. Ho vil ikkje gå ut då ho vegrar seg for samtalar med andre. Giddens hevdar at det moderne menneske er eit sjølvutviklande individ som står fritt til å forme seg sjølv slik ein ønsker. Dette gjer at individet heile tida står føre val, noko som kan gjere at ein blir fylt av tvil og angst (Giddens, 2010, 50-52).<sup>50</sup> Korleis Jane blir avgrensa av frykt, ser ein att frå tidlegare i romanen. Ho vegrar seg for det ukjende og at ho er veldig viss korleis kommunikasjonen mellom andre føregår. Vissheita fører til ei frykt for å bli misforstått. Til tross for desse vegringane, er tankane hennar om korleis ho står fram for Aksel viktigare:

Jeg kunne mærke, at jeg under alle omstændigheder ville blive nødt til at bevæge mig ud. Når Abel spurgte, hvad jeg havde lavet, ville jeg gerne kunne svare noget interessant [...] Jeg forlod hotellet med raske skridt og gik til højre, som om jeg havde et vigtigt mål i dén retning. Der var en, der piftede ovre fra byggepladsen, men jeg vendte mig ikke. Da jeg var nået ud for enden af vejen, drejede jeg igen til højre. Jeg havde ikke gået ret langt, før jeg kunne se, at jeg var på vej ind i et nybygget villakvarter. Jeg blev ved med at gå målbevidst af sted. På bagsiden af den fjerde villavej fik jeg heldigvis øje på noget, der lignede forretninger. [...] Jeg gik tilbage til hotellet gennem villakvarteret. Der var slet ikke så langt, som jeg havde troet. Klokken var ikke engang tre. Jeg lagde mig på sengen og tændte fjernsynet. (*RP*, 144-145)

---

<sup>50</sup> Giddens hevdar at med den globaliserte verda, som fører med seg reorganisering av tid og rom, har ein behov for å kontrollere rommet kring seg. Dette gjer ein gjennom rutinar og vaner (2010, 11).



Jane går av hotellrommet, men ho utforskar ikkje byen. Ho unngår å oppdage dei elementa som Augé hevdar gjer ein stad til ein stad – nemleg dets historie og det særeigne ved den (1995, 77). Ho lar være å bruke sansane for å sjå, lukte og kjenne på det unike ved staden. I staden går ho tilsynelatande målviss omkring. Fokuset på retningar, heller enn på gatene med det dei inneheld, viser korleis ho ikkje er interessert i å utforske staden. Jane sin tur utafør hotellet endar ikkje med at ho blir kjent med staden si bakgrunn eller historie. Ho blir derimot glad i det ho ser ein stad kor ho kan handle: “Det var en slags arkade med tøybutikker og et stort supermarked og en bager. Jeg var sulten. Jeg kjøpte en bolle med skinke og spiste den, mens jeg gikk rundt og kiggede på butiksruderne. Bagefter kjøpte jeg en pose mandler til Tine og en plastichund til Ditte” (RP, 145). Jane ender med å handle, noko som kan hevdast å vere ein typisk aktivitet på ikkje-staden. Augé trekk fram supermarknaden som typisk for ikkje-staden, ein arkade er ikkje naudsynt det same som ein supermarknad, men funksjonen ved dei er i dette tilfelle det same. Dei er stader kor ein kjem for å handle og det kommersielle aspektet er dermed gjeldande i både supermarknaden og arkaden. Jane kjenner seg redda av at ho finn butikkar. Ikkje-staden framstår som ei redning for henne. Opphaldet hennar på eit anonymt hotell blir avbrote av ein tur ut, som tilsynelatande er på eige initiativ, men kor det ho ser ikkje blir sett i høve til byen sin kontekst og det som skil han frå andre byar. Det kunne, ut i frå skildringa vi les, vore møte med kva for ein by som helst. Til Aksel framstiller ho det derimot annleis: “– Jeg gikk en tur. Jeg var ude at se på byen” (RP, 148). Men det kan stillast spørsmål ved om det eigentleg var det ho gjorde. Dersom ein definerer eins identitet som den historia ein fortel om seg sjølv, altså slik ein vel å framstille seg for andre, viser Jane fram ein tilpassa sjølvidentitet til Aksel. Det er ein anna identitet ho fortel om til Aksel, enn den ho faktisk lever ut gjennom sine handlingar. Ho tar, for det fyrste, denne turen slik at ho kan fortelje om den til Aksel. For det andre, kan det, ut i frå hennar måte å fortelje at ho *såg* byen, seiast å vere eit utsegn spesielt tilpassa mottakaren Aksel. Utsegna legg opp til at han skal tru at ho gjorde meir enn det som faktisk blir skildra frå hennar korte tur utafør hotellet.

Jane manglar interesse for staden. Det verkar som om den kunne vore kor som helst og ein kva som helst stad. Jane har ikkje, og skaper ikkje, tilknytning til staden i seg sjølv, det relevante for ho er at Aksel er der. Dette fortel ho i samtale med Jens:

– Nå, Jane. Hvad synes du så om at være i Tyskland?

Han udtalte mit navn på engelsk, det kunne jeg godt lide.

– Det ved jeg ikke. Jeg har ikke tænkt over det.

– Du har da været ude og se på byen. – Ja. Jeg så ikke rigtig noget. Jeg er mest kommet på grund af Aksel. (RP, 154)

Sjølv om Jane fortel at ho er i Tyskland på grunn av Aksel, blir forholdet dei i mellom uklart i det Jens spør ho: “– Er du meget forelsket i ham? – I hvem? I Aksel? Jo” (RP, 147). I det ho skildrar kleda til Aksel, legg ho merke til det negative: “Han havde en grøn mærkebaresweater på. Jeg kunne godt lide farven, men den klædte ham ikke rigtig” (RP, 151). Ho har ikkje lenger eit positivt bilete av den ho er reist til utlandet saman med og ho har heller ikkje ei særleg interesse i staden ho er reist til. Det kjem derimot fram, i form av Jane sitt tankereferat, at ho har interesse for Jens: “Jeg følte mig fuldstændig tryk i hans selskab” (RP, 147). Jane liker Jens sitt smil og korleis han uttalar namnet hennar.

Tyskland sin største hamneby, er i røynda, ein stor kontrast til den vesle hamnebyen Rødbyhavn. Dette gjer at ein kunne forvente at Jane sitt møte med Hamburg ville innebere hendingar som kunne indikere at ho oppheld seg i Tyskland sin nest største by. Men det ender heller som eit møte med ein ikkje-stad kor subjektet ikkje knytt til staden si historie eller kultur. Jane sin tur ut i gatene, indikerer at ho oppfører seg likt i bybilete, som heime i Rødbyhavn. Det blir forsterka av at ho handlar med seg suvenir heim. Køyreturen med Jens understreker òg korleis handlingane heime går att her. Rødbyhavnkronotopen er dermed enno gjeldande.

Som i rødbyhavnkronotopen, har Jane på seg Tine sine klede. I hamburgkronotopen brukar ho hennar lyseraude skinnstøvlar, noko ho har skiftande kjensler kring i løpet av opphaldet. Når Jane og Aksel er ute og et på restaurant, kjenner ho seg framand i støvlane: “Jeg var ikke helt dus med de lyserøde skindstøvler. De var stive i skafterne. Jeg havde også en fornemmelse af, at Abel ikke brød sig om dem” (RP, 148). På ein ny stad, og ikledd identitetsmarkørar som ikkje er hennar, kjenner ho seg framand. Vidare reagerer ho på si eiga stemme:

Der var også noget galt med min stemme, jeg kunne ikke få den til at lyde naturlig. Der var noget påtaget ungpigeagtigt ved den, og jeg tror også, han bemærkede det. På et tidspunkt gik vi forbi en sportsforretning, hvor en bold trillede rundt og rundt på en oplyst bane i udstillingsvinduet.

– Se, den bold, sagde jeg skingert og ville standse op, men han trak mig videre med det samme, stadig med hånden hvilende på min skulder:

– Slap af, det er bare en bold, sagde han.

Senere tyssede han på mig i restauranten. (RP, 148-149)

Jane sin måte å kommunisere på blir endra, i forsøk på å tilpasse seg staden og situasjonen ho no er plassert i. Ho er merksam på korleis Aksel reagerer på oppførselen hennar. Dette gjer det klart at Jane er var for teikn som kan indikere at ho må endre sin sjølvidentitet. Ho søker vidare etter ein måte å uttrykke sin identitet på i det dei sit på restaurant:

– Det er så trist, at folk holder op med at snakke sammen på restauranter, når de bliver gift, sagde jeg. Nu havde jeg fået en ny tone. Jeg lød ikke længere som en meget ung pige. Jeg kunne se, at Abel spidsede ører. (RP, 149)

Men til tross for at Aksel viser interesse for ho som følge av denne ytringa, vil Jane endre samtalen si retning: “Jeg ville gerne afslutte debatten. Jeg vidste ikke rigtig, hvordan jeg skulle komme videre. Når alt kom til alt, sad jeg bare og gentog noget, Tine havde sagt, da hun arbejdede på Hotel Fugleflugten” (RP, 150). Jane formar sin identitet og forsøker å tilpassa seg i høve til situasjonen ho er i. Ho har på seg kostyme i form av skorne og ho seier sine replikkar, som ho har kopiert frå Tine. Jane er som til framsyning når dei er ute og går: “Når vi gik, satte jeg skindstøvlerne foran hinanden som i en slags catwalk” (RP, 150). Ho viser seg fram slik modellar gjer på ein motemolo, noko som understreker det kunstige ved sjølvframstillinga.

Jane oppheld seg på ein ny stad i ei anna tid, uavhengig av rødbyhavnkronotopen. Då vel ho, likt som heime, å kopiere trekk ved Tine. Likevel er åtferda hennar ulik den vi kjenner frå rødbyhavnkronotopen. Dette ser ein vidare under opphaldet i hamburgkronotopen. På hotellrommet får vi sjå ei ny framstilling av Jane:

Jeg glemte fuldstændig min hals, jeg snakkede og snakkede. [...] Jeg sprang op og trådte ned i skindstøvlerne og dansede rundt uden andet på. Jeg kastede mig frem og trak underbukserne af ham, han fangede mig og fejede alt ned ad skrivebordet med den ene arm. Lampen hang over hans hoved som en tørrehjelm, han slog hele tiden hovedet op i den, og jeg hev og sled i gardinet, så det gav efter i ringene. Vi trillede over i sengen og kyssede, hældte mere whisky op, lå helt stille og så på hinanden, rejste os og trak det skæve gardin til side. Vi var begge to nøgne bortset fra sokker og skindstøvler. (RP, 147)

Dette er motsett av korleis Jane oppfører seg i rødbyhavnkronotopen kor ho er meir beherska og roleg.<sup>51</sup> To faktorar kan påverke endringa. Den fyrste er indikert ved at ho berre har på seg Tine sine støvlar. Ho knyt seg dermed til ei rolle kor ho kan opptre i mindre samsvar med sin eigen identitet, men meir lik Tine som er meir laussleppt. Den andre faktoren som kan påverke Jane sin oppførsel, er at hamburgkronotopen er prega av ikkje-staden sine element. I følge Augé sin teori er ein sett i kontakt med eit anna bilete av seg sjølv kor identiteten svekka. Og kor fortid og historie ikkje er relevant (1995, 78, 92). Ein kan hevde at Jane legg frå seg handlingsmønsteret ho har følgd i rødbyhavnkronotopen, ein oppførsel som er sterkt prega av rutinar, tradisjonar og mora sine reglar og meiningar. Men der ikkje-staden er gjeldande, kjenner ho ikkje på kjensler som seier at ho bør oppføre seg på den eine eller andre måten. Hennar historie og bakgrunn er fråverande og med dette blir hennar eigne, opphavelige identitet svekka. Augé hevdar at: “No doubt the relative anonymity that goes with this temporary identity can even be felt as a liberation” (Augé, 1995, 101). Ikkje-staden frigjer individet ved å gjere det anonymt. På den eine sida er Jane lausriven frå sin eigen identitet, men på den andre sida kjem ho dermed i kontakt med nye sider av seg sjølv. Men paradoksalt nok er desse veldig like identitetsmarkørane vi har sett hjå Tine. Identiteten til Jane sin reisepartner er òg lausriven frå sin opphavelige identiteten. “Jeg slog døren op og trådte ud, altanen fortsatte til begge sider hen til de andre værelser. Abel fulgte efter” (RP, 141). Til *han* omtalar ho han alltid som Aksel, men i samtale med andre, og som forteljar, brukar ho kallenamnet Abel. Det kan hende at Jane sitt fyrsteintrykk, og det ho har fått fortalt om at han har ei kone, pregar synet hennar på han.

#### 4.4.2 Tid i hamburgkronotopen

Tida på ferja er styrt av ferjerutene, noko som òg påverkar Jane i det ho er i Tyskland: “– Hvor længe kan du blive? sagde han. – Til på onsdag. Jeg skal arbejde torsdag” (RP, 142). Men før den tid, skal ho og Aksel ha nokre dagar saman på Hotel Opera i Hamburg. På førehand er det bestemt ein ende på opphaldet i Hamburg: “– Det er et mærkeligt liv, I lever hernede, sagde jeg. – Tjo. Det er jo kun en overgang. Der er ikke nogen, der bliver ved” (RP, 151). Aksel er reist ned med ei anna årsak enn å vere på staden, han er der for å jobbe. Det midlertidige besøket gjeld for dei begge, og er ikkje ulikt det Augé hevdar er eit av kjenneteikna ved ein ikkje-stad.

---

<sup>51</sup> Sexen mellom Jane og Lauge, som går føre seg i Kongeledet, er skildra ganske annleis: “Vi lagde os på sofaen, hans hår faldt frem i panden på en måde, der ikke klædte ham, og alle knapper sad for godt fast i hans knaphuller. Så fyldtes luften med arme og ben, alt for mange arme og ben, jeg fik ondt af alle de urolige lemmer og slog mine egne arme omkring ham. Skuldrene havde heldigvis noget bredde, mere end jeg forventede. Jeg holdt godt fast. Jeg sagde pæne ting til ham. Han pustede lige ud for mit ansigt: – Mener du det? Mener du virkelig det? Du er dejlig. – Tak. – Mener du virkelig det? – Ja, ja. Ordvekslingen fortsatte, indtil der ikke var mere at puste af. Jeg holdt stadig godt fast i de skuldre, han blev tungere. Han gled helt ned ved siden af mig” (RP, 84).

Hotellet som transittstad understreker at personar er her midlertidig (Augé, 1995, 104). Både for Jane og Aksel gjeld dette. I motsetnad til ferjekronotopen, er ikkje tida i hamburgkronotopen styrt av tidtabellar, men ho er likevel avgrensa med ein bestemt retur. Den korte tida dei er her, fyller dei med hendingar som Bakhtin skildrar som typiske for småbykronotopen – dei ligg med kvarandre, et, søv og driv med hendingslause hendingar (Bakhtin, 2006, 165). “Jeg hørte slet ikke, at han tog af sted om morgenen. Det var middag, da jeg vågnede. Jeg stod op og trak gardinerne fra. Det havde sneet lidt” (RP, 143). Når Aksel er på arbeid, søv Jane til langt på dag, ser på TV og på utsikta ut mot byggeplassen. Sjølv om hendingane Bakhtin trekk fram òg skjer på andre stader, er det karakterestisk for den lite dramatiske småbykronotopen. Det er hendingar som ein kan fylle tida med, heller enn at dei viser endringar. Eg vil hevde at forma dette er formidla gjennom, ein avmålt skrivestil som ikkje legg vekt på indre opplevingar og kjensler, forsterkar lesaren sin kjennskap til *handlingane*. Tida som er gjeldande i rødbyhavnkronotopen, og som understreker at karakterane berre *er* utan at noko endrast, gjeld òg i hamburgkronotopen.

Sjølv om kollegaene til Jane påstår at Aksel kjøper kremar til kona si, nyter dei to augneblinken og lever i notida – slik Augé hevdar er typisk på ikkje-staden (1995, 104). Aksel vil helst ikkje snakke om si eiga historie: “– Der er ikke så meget at savne. Jeg har kun min bror og så min mor og far. – Og din brors kone. – Ja. Også hende” (RP, 142). Men Jane grev meir i Aksel si historie. Ho trekker fortida inn i notida:

Du må da savne din familie. [...]

– Sikke du spørger. Vil du virkelig gerne vide det?

– Ja. Selvfølgelig.

– Min bror er også elektriker. Min mor og far har en blomsterforretning.

– I Brønshøj?

– Nej, i Rødovre. De har haft den hele mit liv.

– Så har du garanteret altid kunnet få gratis blomster?

Han smilede:

– Det kan du tro. Jeg har haft blomster med overalt.

– Har du haft mange kærester?

– Nogle stykker. Men de var meget dumme og grimme.

– Det var ikke derfor, jeg spurgte.

– Var det ikke? Lad os snakke om noget andet. Nej, måske skulle vi prøve at sove nu.

– Hvad er det længste, du har haft en kæreste?

– Jeg har altså ikke taget tid, Jane.

Han rejste sig og slukkede lampen på skrivebordet, kom tilbage i seng, kyssede mig og trak dynen langt op over vores ansigter:

– Lad os sove nu. Sov nu. (*RP*, 142-143)

Aksel vil ikkje at fortida eller at hans personlege bakgrunn skal trekkast fram. Han presenterer ei sjølvforteljing som er lausriven frå bakgrunnen sin, og som er tilpassa situasjonen han er i med Jane. I det dei enno lever i notida, er dei ute og et og, som vist, nemnar Jane at det er trist at dei andre para et i stillheit. Men Aksel er ikkje automatisk einig:

– Tror du ikke bare, de sidder og nyder maden?

– Det kan godt være. Men det er alligevel trist.

– Hvorfor synes du det?

Jeg trak på skuldrene:

– Måske kan det ikke undgås. Men hvis de endelig taler sammen, virker det helt kunstigt. Jeg synes, det er så nedslående. Jeg vil aldrig ende sådan. (*RP*, 149-150)

Ein kan hevde at tida, som er representert her, stemmer overeins med den som er typisk for ikkje-staden, då det er notida som er i fokus. I utgangspunktet er ikkje historia deira tema i dei er i Hamburg, men når sanninga om at Aksel har ei kone kjem fram, endrar stemninga seg. Karakterane si fortid endrar kronotopen sitt uttrykk, noko som òg skjer i det Jane trekk fram *si* historie:

Abel havde taget det for givet, at jeg var ked af det, fordi han havde en kone. Det var jeg også. Men jeg sagde til ham, at det ikke var det eneste. Han spurgte, hvad der mere var galt, men jeg vidste ikke, hvad jeg skulle svare. Jeg fortalte lidt om Kongeledet. At jeg allerhelst ville blive boende dér og fortsætte på færgerne, men at jeg også følte, jeg burde gøre noget andet. Jeg fortalte om Ditte og Tine og til sidst også lidt om vores mor. (*RP*, 161).

Notida har vore den gjeldande tida, men når karakterane sine historier og fortid blir del av kronotopen, endrar han seg. Når dei no er ute og et, er relasjonen mellom dei to endra: “Først ved ni-tiden om aftenen gik vi ned på den nærmeste grillbar og spiste. Vi var begge to meget sultne. Vi spiste i stilhed” (*RP*, 161). Tidlegare uttalte Jane at det var trist å sjå korleis det ikkje vart sagt noko mellom dei som åt saman. Kontrasten mellom måltida er derfor tydeleg, når dette no er det skjedd med dei òg. Noko som indikerer at forholdet mellom dei er endra.

Sannsynlegvis er det Aksel si historie som gjer at praten ikkje går som før. Fortida tek enno større plass i hamburgkronotopen i det kona til Aksel er hamna på sjukehuset med sprengt blindtarm. Jane skaffar hjelp hjå Jens, og det blir tydelega at dei er på ein ikkje-stad: “– Jeg skal nok køre dig *hjem*. Vi kører med det samme” (RP, 166, mi framheving). Dette antyder at ingen av dei har relasjon til staden. Staden som Aksel er knytt til, kor fortida – og kona – lev, er derimot ein stad han reiser tilbake til. Typisk for ikkje-staden er at ein er der for ei kort tid og no er returen eit faktum for Aksel. Kronotopen som *var* prega av notid, som hadde likskapar med ikkje-staden og verka frigjerande for ei kortare tid, blir endra når fortida trer inn i han. Rødbyhavnkronotopen si tid gjer seg gjeldande òg her. Både Jane og Aksel handla utan kopling til si eiga historie og sin opphavslege identitet, men når Aksel sitt liv, som er knytt til fortida hans, innhentar han, må han dra.

#### 4.4.3 Verdier i hamburgkronotopen

Det einaste som indikerer at karakterane i hamburgkronotopen er i eit anna land, er at det blir vist til D-mark og språket. Jane har problem med å formulere seg i møte med ei tysk dame:

– Kann Ich Ihnen helfen?

– Nein. Danke.

Jeg rystede på hovedet, tårene sprøjtede fra mit ansigt. Jeg måtte ligne et springvand, jeg smilede til hende:

– Ich bin dänisch. (RP, 159)

Jane si meddeling om at ho er dansk, er i utgangspunktet ikkje naudsynt for å oppklare situasjonen. Ho har allereie avslått hjelpa. Samtalen kan indikere at Jane derfor ikkje kan uttrykke seg meir, ho er dansk og kan ikkje språket.<sup>52</sup> Men det kan òg vise til at Jane kjenner det som om ho ikkje høyrer heime her og at ho er borte frå heimlandet sitt. Ut i frå samtalen kunne dama oppfatte det som at Jane grin fordi ho er på ein framand stad. I det ho svarer på spørsmålet om ho treng hjelp med å vise til sin nasjonalitet, poengterer Jane at ho er på ein framand stad. Kommunikasjon mellom karakterane blir gjennomgåande tematisert i romanen og subjektet sitt tap av sin eigen identitet, er noko ein òg ser i denne situasjonen. Dette er ikkje ulikt framandkjensla Augé trekk fram i omtale av ikkje-staden (1995, 94). Jane bryt med

---

<sup>52</sup> Dette ser ein òg i det Jane og Aksel er på ein bensinstasjon i nærleiken av Hamburg: “Mens Abel stod og rodede ved en hylde, gik jeg hen til den unge ekspedient og smilede: – Tschüs, sagde jeg. Ekspedienten nikkede en gang og kiggede spørgende på mig, ind til Abel kom mig til undsætning: – Haben Sie eine Toilette, die meine Frau benutzen kann?” (RP, 144).

rutinane ho har følgt i rødbyhavnkronotopen. Dei er ikkje del av dagane ho oppheld seg i Hamburg. Her bryt ho med rutinane ho elles har følgt. Tap av identitet og kjensle av anonymitet kan understrekas av eit kort blick på korleis det kommersielle opptrer i hamburgkronotopen. Einaste staden i romanen kor ein møter Cola er på hotellrommet, kor karakterane drikk Cola ved fleire høve. Dette kan knytast til Augé sine teori, då handel er eit av formåla ikkje-staden kan ha, og det kommersielle på staden er derfor relevant. Coca Cola er eit tydeleg døme på kommersielle krefter. Ikkje før Jane er på hotellrommet i Tyskland, drikk ho Cola. Elles, både i Rødbyhavn og på ferja, er det tradisjonell mat som er gjeldande. Eg vil hevde colaen forsterkar ikkje-staden sitt preg på i hamburgkronotopen.

Likevel kan Jane sin tur saman med Jens til ei aude strand indikere at det er ein *stad*. Stranda har to badehytter som dei to går inn i. Badehyttene kan indikere ei form for historie på stranda, at her har folk oppheldt seg på mange sommardagar. Men òg stranda er prega det kunstige og lite naturlege element: “Der var anlagt en kunstig sandstrand nede ved søbredden” (*RP*, 156). Det kunstige, og dermed fråveret av det naturlege, indikerer ikkje-staden sitt preg på kronotopen.

#### 4.4.4 Hamburgkronotopen som heilskap

Jane er eit subjekt som viser liten evne til sjølvstendig handling, verken heime i Rødbyhavn eller når ho er i Hamburg. Jane Blichfeldt Fogh hevdar at hennar identitet er grunna i å kopiere andre (2007, 92). Jane, i *RP*, framstiller seg likevel annleis for Aksel i Hamburg, enn det ho gjer heime. Hennar eiga fortid og historie er ikkje lenger knytt til ho. I rødbyhavnkronotopen har ho allereie lånt kledda til Tine, men i hamburgkronotopen tar ho òg over handlingar og ytringar frå henne. Hennar forhold til Tine er del av hennar historie og på den måten kan ein hevde at Jane si historie *er* synleg i kronotopen. Men Jane si frigjering frå sin eigen identitet, som skjer i møte med ikkje-staden, er i stor grad ei kopiering av Tine sine identitetsmarkørar. Tida Jane oppheld seg i hamburgkronotopen er avgrensa og ho fyller denne med hendingar utan dramatisk preg, som Bakhtin omtaler som typiske for småbykronotopen. Ho søv, har samleie og et. Hamburgkronotopen fungerer som ein nøytral stad kor Jane og Aksel reiser utan at dei bringar med seg fortida. Her er dei lausrivne frå historia. Aksel har lausreve seg frå kona heime, som han har historie med og som han har investert mykje av fortida si i. Jane skaper eit nytt identitetsuttrykk og ein ny sjølvidentitet, som er spesielt tilpassa Aksel og hamburgkronotopen. Begge karakterane blir til ei viss grad satt i kontakt med eit anna bilete av seg sjølv, og blir til dels anonymiserte, likt som på ikkje-staden. I det fortida å dukkar opp og pregar notida, endrar



kronotopen seg. Den blir oppløyst i det Aksel drar heim. Jane er dermed låst ute frå hotellrommet. Medan ho venter på å returnere til Rødbyhavn, får ho ikkje tilgang til tinga sine, rommet ho har vore i eller personane ho har vore med.

I rødbyhavnkronotopen var tradisjonane tydelege, noko som prega heilskapen ved å aktualisere tradisjonelle verdiar på staden og det påverka karakterane sitt forhold til staden. I hamburgkronotopen finn ein derimot at Jane kjenner seg framand i møte med staden og den eine personen ho møter som (kanskje) bur i byen. Elles er det kommersielle til stades, gjennom besøket i arkaden og cola-boksen sine mange framsyningar i kronotopen. Eg vil hevde at fråveret av verdiar i hamburgkronotopen er klarast. Karakterane oppheld seg i stor grad på anonyme stader som hotellet og restaurantar, stader kor det er meininga at ein skal vere på i kort tid. Dei har ikkje tilknytning til nokre av stadene dei er på, Aksel har enda til fått nytt hotellrom for anledninga. Både verdiar, historie eller tradisjonar er i liten grad synlege. Sjølvidentiteten, slik dei uttrykker han i hamburgkronotopen, er utan tilknytning til si eiga historie og fortid, noko som indikerer at ikkje-staden er gjeldande. Sett i høve til Augé sin definisjon av ikkje-staden, som utan historiske referansar, subjektet si manglande tilknytning til staden og manglande historie knytt til denne, kan ein hevde at hamburgkronotopen har fleire likskapar med denne.

#### 4.5 Potensielle terskelkronotopar

Som vist i innleiinga av oppgåva, hevdar Bakhtin at småbyen er avhengig av kronotopar med andre formar for tider, då hendingane her inneberer få endringar. Slike finn ein derimot i terskelkronotopen.<sup>53</sup> Som nemnt, viser òg Anker Gemzøe til korleis fråværet av karakterutvikling er slåande i si kronotopiske lesing av “Fasaner”. Han fokuserer på årsaken til dette. Møtet fører ikkje til karakterutvikling og karakteren forblir uforandra. I likskap med lesinga hans, vil eg fokusere på kronotopiske førekomstar som kan endra karakterane sine livsvegar vidare – deira forhold til terskelkronotopar. Både den sirkulære, saktegåande og hendingsslause tida, som ein kjenner frå Bakhtin sin småbykronotop, er sterkt gjeldande i rødbyhavnkronotopen. Dette pregar dei andre kronotopane òg. Likevel er det fleire hendingar

---

<sup>53</sup> “Den [cykliske hverdagstid] bruges af romanforfatterne som en bitid, den væves sammen med andre, ikke-cykliske tidsrækker eller afbrydes af dem, og ofte fungerer den som en kontrasterende baggrund for begivenhedsrige og energetiske tidsrækker. Lad os her desuden nævne en sådan kronotop som *tærsklen*, [...] den kan kombineres med mødemotivet, men dens væsentlige rolle er at udfylde kronotopen for *krisen og vendepunktet i livet*” (Bakhtin, 2006, 166). Eg forstår det slik at terskelkronotopen kan innebere eit møtemotiv, men òg mange fleire formar for hendingar.

som *kunne* fungert som livsendrande for karakterane i form av seg sjølv, til dømes død, reise, nye kjennskapar. Identitetsproblematikken, som romanen tematiserer, vil bli undersøkt i denne delen av oppgåva kor eg vil drøfte korleis potensielle terskelkronotopar fungerer i romanen.

#### 4.5.1 Død

Fire dødsfall og ei forsvinning inntreff i løpet av romanen sit plot. Når døden er så tydeleg på ein stad, gjev det inntrykk av forfall og stagnasjon heller enn framgang og utvikling. I det familievennen og Bo sin far, Hr. Lund, døyr, seier Tine: “Ja. Ved du hvad, Jane? Man skulle også være meget gladere til hverdag. Det tænkte jeg også efter vores mor” (*RP*, 112). Når nokon som står ein nært døyr, kan dette verke som ei påminning om livet og dei moglegheitene det gjev ein. Tine si merksemd mot livet og gleda, understreker dette aspektet ved døden. Men sjølv om ho stoppar opp og tenker på døden og livet, er det ikkje store livsendringar Tine har i tankane. Ho tenkjer derimot at ho, i det store og heile, skal vere meir *glad*. Avgjerder som gjer at livet, og synet på dette, endrar seg, kan ein omtale som terskelkronotopar. Nære opplevingar knytt til døden kan seiast å vere hendingar som definitivt har potensial til å endre karakterar si livsverd.<sup>54</sup> Terskelkronotopar viser seg ofte i eit kort tidsrom som påverkar og endrar karakteren sitt liv. Tine sin reaksjon i møte med døden, og hennar nyretta fokus på enkle kjensler, kan vise eit slikt fråvær. Der det ligg til rette for at livsendring eller utvikling skal skje, vel Tine heller å fokusere meir på enkle kjensler. Større fokus på glede uttrykker ikkje store inngrep eller endringar i livet. I alle fall ikkje når det gjeld Tine sin veremåte, ho er allereie mykje glad og sprudlande, slik oppfattar i det minste Jane henne: “– Jeg synes næsten altid, du er glad” (*RP*, 112). Det kvardagslege fokuset, som er typisk i småbykronotopen – her vist gjennom Tine sitt fokus på glede, i staden for nokre av “livets større spørsmål” – held fram med å vere gjeldande. Karakterane grip ikkje dei livsendrande moglegheitene døden si påminning om livet kan legge opp til. Verdier knytt til framgang, reell karakterutvikling eller endring blir fråverande. Det skal seiast at Jane faktisk reiser bort etter at mor deira døyde, men dette kjem eg attende til i delkapittelet under. Der terskelkronotopen kunne endra karakterane i rødbhavnkronotopen, blir dei enkle kjenslene dyrka vidare og karakterane er ikkje gått gjennom ei større endring. Dei lev vidare som før.

---

<sup>54</sup> Dag Heede drøfter døden si rolle i Helle sitt forfatterskap. I denne samanhengen foreslår han at Marie Svendsen si forsvinning under ferjeulukka kan vere ein potensiell vekkjar for Jane (2014, 283).

#### 4.5.2 Jane og Rødbyhavn

Som vist inneberer livet som Tine og Jane lever i Rødbyhavn, at terskelkronotopen ikkje blir utnytta, men heller *unngått* utnytta. I delkapittel 4.2.2 viste eg korleis det blir kommentert at Jane har arva mora sine skriveferdigheiter. I det Tine skaffar henne arbeid på ferjene kjem det fram at det er unikt i deira familie at Jane har fullført vidaregåande skule: “Jeg flyttede ind hos Tine, fordi jeg skulle begynde på færgerne. Tine skaffede mig derned. Hun ringede og pralede med min studentereksamen, jeg var blevet student i fireogfirs” (RP, 5) det same gjer kommentaren frå Tine: “– Enhver idiot kunne have fået dig til samtale med den studentereksamen” (RP, 34). Det blir vidare understrekt i samband med planane Tine har for Jane:

Tine mente bestemt, at jeg skulle gå på gymnasiet efter niende klasse. Bagefter kunne jeg tage en lang uddannelse og tjene en masse penge, og så blev der nok råd til, at vi alle tre kunne rejse til Cypern i fjorten dage.” (RP, 132)

Slike kommentarar kring Jane sin suksess med skulegangen viser at Tine og Henriette ikkje har like moglegheiter. Det blir lagt fram som at Jane har betre moglegheiter enn dei to andre til å ta utdanning og eventuelt flytte bort frå Rødbyhavn. Jane skil seg frå Tine og Henriette når det gjeld dei ferdigheitene, og dermed moglegheitene, ho har.

Dersom karakterane hadde brote den stadlege eininga som står sterkt i rødbyhavnkronotopen, og flytta til ein annan stad, kunne dei opplevd livsendrande hendingar. Tine må i alle fall på eitt tidspunkt ha tenkt på å bu ein annan stad enn i Rødbyhavn. Jane poengterer dette i diskusjon med henne: “Der var da engang, hvor du snakkede om at flytte et andet sted hen. – Var der? Hvor skulle det være?” (RP, 66). Underforstått ligg tanken om at ho no ikkje kan tenke seg å bu andre stader enn i Rødbyhavn. Tine foreslår at Jane kan flytte bort for å arbeide og tene pengar, men då svarar Jane: “– Det mener du ikke. – Jeg kunne bare flytte med dig. Vores mor kan også flytte med. – Jeg flytter ikke længere end til Rødby, sagde vores mor” (RP, 132). Det viser ei draging mellom å lengte bort og å eit ønske om å bli verande i Rødbyhavn. Jane sitt forsøk på å bu i Næstved for å studere, kan hevdast å vere eit forsøk på å bryte med småbykronotopen, sjølv om det knapt kan seiast å vere ein storby.<sup>55</sup> Det kan hende at ho reiser bort for å oppleve noko nytt og anna enn det ho kjenner frå Rødbyhavn, noko som potensielt

---

<sup>55</sup> Alt er relativt. Men Næstved er større enn Rødbyhavn med sine 43 460 innbyggjarar (2018), mot Rødbyhavn sine 1669 (2017).

kan endre livet hennar. Det er ein mogleg terskelkronotop. Men Jane sitt møte med studietida, endar ikkje med utvikling av hennar eigen identitet. Når romkameraten hennar reiser bort, kopierer ho og *hennar* veremåte:

I december var hun på studietur. Jeg begynte at gå omkring på fellesarealerne med hendes bevægelser. Jeg smilede hendes smil. Jeg lagde endda nogle strømper i blød i en balje ude i køkkenet. Så slog det mig, at strømperne måske ville støde de andre beboere. Jeg bar baljen ind på mit værelse og satte den under skrivebordet. Jeg vidste ikke, hvor længe tøj skulle ligge i blød. Efter nogle dage glemte jeg alt om baljen, indtil jeg satte foden i den ved et uheld. Da var strømperne underligt slimede i det. (RP, 68)

Det som kunne skapa karakterutvikling enda heller med kopiering av sambuaren sin veremåte og identitetsuttrykk. Dette blir utløyssande årsak til at ho reiser attende til Tine og Ditte i Rødbyhavn. Jane avtaler med Tine at ho skal revurdere avgjerda om å flytte heim, men:

Jeg havde allerede besluttet mig, der var ikke nogen tvivl. Da jeg kom tilbage til klubværelset, vred jeg strømperne op og smed dem ud. Jeg lagde mig på sengen og prøvede, om jeg kunne fremmane de ubehagelige rystelser igen, og det kunne jeg. Jeg kunne også få dem til at gå væk. Så var det altså ikke alvorligt. Lettelsen var enorm. (RP, 69-70)

Jane skaper sjølv unnskyldninga for å dra attende til Rødbyhavn. I det ho flytta bort for å studere, var dette truleg med mål om å bli verande lenger enn det ho faktisk blir. Men den potensielle livsendringa, den potensielle avgjerande augneblinken for henne, blir avbrote. For det fyrste såg vi i utdraget over at det er like mykje, om ikkje meir, Tine sine draumar at Jane skal studere, som Jane sine egne.<sup>56</sup> Ein kunne forventa at Jane undersøker kven ho *sjølv* er, slik ein kanskje forventar av ein som trer inn i studentrolla. I så tilfelle ville det kunne ført til karakterutvikling for henne og fungert som ein terskelkronotop. Men Jane greier ikkje å vise fram sin eigen identitet, kanskje veit ho ikkje kva det inneberer. Det ender uansett med at ho kopierer rørsle og handlingane ho har sett sambuaren sin har gjort. Ein kan dermed hevde at Jane overtar delar av hennar identitet, gjennom ei kopiering av sjølvidentitetsuttrykk – i form av handlingar. I det ho ikkje lenger oppheld seg i den kjente kronotopen, i Rødbyhavn, med dei kjente tinga, personane og vanane – som ho har ei tilknytning til – kring seg, skjer noko som gjer

---

<sup>56</sup> “– Det mener du ikke. – Jeg kunne bare flytte med dig. Vores mor kan også flytte med. – Jeg flytter ikke længere end til Rødby, sagde vores mor” (RP, 132).

at ho søker andre former for identitetsuttrykk. Ho mislukkast med dette og reiser heim att. Jane kjem til ein ny stad og dei etablerte rutinane blir endra i løpet av tida hennar i Næstved. I det fysioterapeutstudenten ho bur med reiser bort, er kvardagsrutinane endra *igjen* og ho svarer med forsøk på kopiering. Når Jane har moglegheita til å utvikle sin eigen identitet, skape ein eigen sjølvidentitet, som den potensielle terskelkronotopen – at ho flytter til ein ny stad – legg opp til, endar ho med det same handlingsmønsteret som ho har gjort i rødbyhavnkronotopen, kor ho kopierte fleire av handlinga til Tine og Henriette.

Det Giddens omtalar som ein grunnleggande usikkerheit og angst, kan forklare Jane si kopiering av andre sine identitetsuttrykk (2010, 53). I det ho er på ein ny stad, er den same søken etter faste rutinar, som ho har gjort i Rødbyhavn, og som Giddens skildrar som essensielt for det seinmoderne menneske, gjeldande. I staden for at den moglege terskelkronotopen fører til ei utvikling av Jane som karakter, ser vi korleis det heile mislukkast ved at ho mislukka kopierer sambuaren, noko som fører til øydelagde sokkar, og deretter retur til Rødbyhavn kor Jane byrjar å arbeide på parfymieriet. I det ho er i Tyskland med Abel, får vi vite at ho har ambivalente kjensler i høve til dette – bustaden og arbeidet hennar.<sup>57</sup> Ho *ønsker* sjølv å ha det slik ho har det, men samstundes kjenner ho på press om at ho bør gjere noko anna, altså flytte bort og få seg ein anna type arbeid. Dersom ho hadde tatt steget over den metaforiske terskelen og fått ein annan jobb, ville det vore ei hending som hadde endra livet hennar, men i staden lar ho vere å gjere dette. Jane blir verande på staden, med det arbeidet ho får i fanget av Tine. Igjen blir terskelkronotopen sabotert og ho endar med å ikkje gripe moglegheitene som det blir lagt opp til. Giddens hevdar at ein i seinmoderniteten har eit anna forhold til staden. Teknologisk utvikling og globalisering fører til at det seinmoderne menneske er mindre stadbunde enn det ein var tidlegare (Giddens, 2010, 34).<sup>58</sup> Tendensar til å ville reise bort ser vi hjå Jane i det ho grublar over sin eigen livssituasjon, at ho bur i Kongeledet og arbeider på ferjene. Og ein ser det i Tine og Henriette si tydeleg forskjellige tilnærming til staden. Mora vil ikkje flytte lenger enn til Rødby og forstår ikkje kva dei har å gjere i utlandet: “– Hvorfor i alverden skulle vi tage

---

<sup>57</sup> Sitatet er allereie vist: “Abel havde taget det for givet, at jeg var ked af det, fordi han havde en kone. Det var jeg også. Men jeg sagde til ham, at det ikke var det eneste. Han spurgte, hvad der mere var galt, men jeg vidste ikke, hvad jeg skulle svare. Jeg fortalte lidt om Kongeledet. At jeg allerhelst ville blive boende dér og fortsætte på færgerne, men at jeg også følte, jeg burde gøre noget andet. Jeg fortalte om Ditte og Tine og til sidst også lidt om vores mor.” (RP, 161)

<sup>58</sup> Per Thomas Andersen skriv om det seinmoderne menneske si manglande tilknytning til staden. Konsekvensane peiker han på i V. S. Naipul sin roman *Half a life* (2001), og viser korleis det flyktige kjem til å prega individet (1999, 175).

til Cypren? sagde vores mor. – Nå, men så Østrig. Jeg er ligeglad. Bare et sted med noget sol” (RP, 132). Jane blir dratt mellom tilknytninga til Rødbyhavn og eit ønske om å reise bort.

### 4.5.3 Hamburgturen

Det avbrotne opphaldet i Hamburg har likskapar med Jane sitt opphald i Næstved i si plutselige avsluttinga. Men returen frå Næstved er på grunn av henne sjølv, medan returen frå Tyskland er skulda ei ulykke som skjer i Danmark. Varigheita på dei to er òg forskjellig. Likskapen mellom dei to reisene er derimot at dei står fram som hendingar som kan endre Jane som karakter, dei er moglege terskelkronotopar. Opplevinga Jane har av hamburgkronotopen er i størst grad knytt til hotellrommet, utsikta mot byggeplassen og ein tur til ei aude strand. Potensialet for turen er meir, og dette veit ho. Jane tar ein tur ut i byen for å kunne fortelje Aksel at ho har gjort akkurat dette. Utdraget eg har trekt fram delar av tidlegare, men lyder som følger:

Jeg forlod hotellet med *raske skridt* og gik til højre, *som om jeg havde et vigtigt mål* i dén retning. [...] Jeg blev ved med at gå *målbevidst* af sted. På bagsiden af den fjerde villavej fik jeg *heldigvis* øje på noget, der lignede forretninger. (RP, 144, mine framhevingar)

Det er viktig for Jane korleis andre oppfattar ho i det ho er ute og går. Uthevingane tyder på at ho ønsker å sjå målretta ut, noko eg tolkar som eit uttrykk for ei form for frykt for å bli oppfatta som ei som ikkje har kontroll. Jane vil at det skal sjå ut som om ho er kjent og vane med staden ho er på. Dette kan svare til frykta og usikkerheita som Giddens omtalar. Ei årsak til denne frykta kan òg vere at Jane kjenner seg knytt til rødbyhavnkronotopen, gjennom kjente verdjar, rutinar og historie. Når ho då er lausriven frå denne, veit ho ikkje korleis ho skal reagere og reagerer derfor med frykt. Ønsket hennar om å sjå målretta ut, kan vere eit forsøk på å hemme kjensla av å vere malplassert på staden, kjensla av å ikkje høyre til her. Det kan få henne til å kjenne det som om ho går omkring i Rødbyhavn. Ho innrømmer fyrst at ho ikkje er innfødd, eller har kjennskap til staden, i det ho har vore på køyretur med Jens og gråtande blir stoppa av den framande dama. Då svarar ho med at ho er dansk.

Reisa legg opp til enda ei eksistensiell hending for Jane, ho kan potensielt få eit kjærleiksforhold med Aksel. Å forelske seg kan vere ein mogleg terskelkronotop for karakteren, det kan skape ei endring i livet deira. Men Jane aner allereie på forhand at han er gift. Det finst derfor tidleg indikasjonar på at dette ikkje vil vere ei hending som endrar livet hennar i stor grad. Ho reiser tross for dette. Det kan hevdast at Jane sjølv bidreg til at forholdet ikkje utviklar seg. Jane fortel

ikkje til Aksel at ho har snakka med Jens, sjølv om ho tydeleg er prega etter å ha vore i naboværelset: “Da jeg gik tilbage til Abels hotelværelse, var jeg ør i hovedet” (*RP*, 148). I tillegg blir køyreturen, med kyssing i badehytta, halden skjult for Aksel: “Jeg steg af bilen et stykke fra hotellet for at spadsere resten af vejen. Det var kysseriet i badehytten, der gjorde, at vi ikke kunne ankomme samtidig nu” (*RP*, 159). Manglande relasjon mellom dei to kjem fram i det Jane bekreftar til Aksel at: “Jeg er ikke nogen anden. Det ved jeg godt” (*RP*, 162). Eg tolkar dette som at Jane ikkje ein gong er “den andre kvinna”. Kvinna i Aksel sitt liv er kona hans og dette blir klart i det han må reise heim til ho i hu og hast. Reisa, med dei eventuelle potensielle moglegheitene som følgde med, blir ikkje fullenda.

Anker Gemzøe viser korleis *ikkje-møtet* i novella “Fasaner” kan sjåast i samband med fråveret av terskelkronotopar (1998, 364). Likt med novella inneberer *RP* eit møte som det blir knytt (delvise) forventingar til. Men begge tekstane ender med at dei, gjennom ein sirkelkomposisjon, ender tilbake der dei starta med koplingar til fortida. Gemzøe hevdar at dette viser at karakterane er “fastholdt i et evigt nu mellem oppløst, men uflyttelig fortid og afvist fremtid” (1998, 364). Turen til Hamburg inneheld halvegse investeringar i framtida. Potensielle nye og viktige opplevingar i Jane sitt liv dukkar opp i form av at ho kan oppleve ein ny stad i eit nytt land. I staden opplev ho byggeplassen, forretningar, etestader og ei kunstig sandstrand. Sjølv om Jane sitt møte med Aksel fører henne over ei landegrense, noko som kan verke som ein metaforisk terskel, er det ikkje eit møte som viser seg å innebere det forventa. Det kan sjå ut til at eit potensielt kjærleiksforhold kan vekse fram, men det blir sabotert av begge parter og det ender med at dei reiser heim kvar for seg. Aksel reiser heim til eit ekteskapet sitt. Jane si investering i Jens ender heller ikkje med anna enn ein kraftig halsbetennelse. Av desse grunnane kan ein hevde at reisa ikkje kan seiast å fungere som avgjerande hending for livet til karakterane framover, og eg vil at det hevde at dei moglegheitene som fantes – og vart vist i tid og rom - vart saboterte av karakterane sjølv.

Til tross for dette finst det indisia som seier at Jane *faktisk* gjennomgår ei utvikling som karakter, og at hennar identitetsuttrykk endrast som følge av reisa til Hamburg. Fungerer Hamburgturen som ein terskelkronotop for Jane likevel? Dei har reist over ei landegrense, ein form for metaforisk terskel. Ikkje ulikt slik Bakhtin hevdar terskelkronotopar viser seg i romanar (Bakhtin, 2006, 166). Som vist i delkapittel 4.4, opptrer Jane annleis i det ho er i Hamburg. Heimturen kan òg indikere at noko ved henne er endra. Dersom ein innlemmar klede i uttrykksmåter for eins identitet, kan ein hevde at delar av Jane sin identitet er endra som følge

av turen. Like før returen frå hotellet, er ho låst ute av rommet som ho og Aksel disponerte. Dette bryt det eventuelle bandet mellom dei to enno tydelegare. Det fører til at Jane tilbringar si siste natt på Hotel Opera på Jens sitt hotellrom og at dette set fysisk preg på Jane i det ho reiser heim til Rødbyhavn. Utan tilgang på kofferten sin, og eigne klede reiser, Jane attende med Jens si bukse og genser på seg:

Der var et par cowboybukser, som ikke var så store i det og en sweatshirt med »Team UCLA« hen over brystet. Jeg tog begge dele på. Heldigvis havde han også en ekstra jakke i skabet. Jeg prøvede den, og hvis jeg smøgede ærmerne et par gange op, gik den an. [...] Jeg stoppede cowboybukserne ned i skindstøvlerne. (RP, 169)

Ein kan lese påverknaden frå Jens som ein tvungen påverknad, då den praktiske årsaken til antrekket er at Jane var låst ute frå hotellrommet. Likevel vil eg vie dette ei viss tyding, då utsjånad blir knytt til identitet hjå Giddens og endringar hjå karakteren er del av drøftinga om vi er i møte med ein terskelkronotop eller ei. Dette blir forsterka i det at Jane heller ikkje får med seg passet sitt heim til Rødbyhavn: “Mit pas lå også på hotellet i Tyskland, men det betød ikke så meget” (RP, 171). Dette kan indikere at ho ikkje har ønske om å reise utanlands att. Men tap av identitetspapir kan òg lesast som eit teikn på at noko ved Jane er endra. Dette blir forsterka av møtet med ein kollega:

Jimmy stod med en skrattende walkietalkie henne ved informationen, han fik øje på mig:

– Der er ikke adgang.

– Hvad er der sket, Jimmy?

Han kunne umuligt høre, hvad jeg hviskede. Men hånden med walkie-talkien faldt ned langs siden, han kom hen til mig:

– Er det dig? Jeg kunne slet ikke kende dig. (RP, 171)

Både stemma, noko som er nært knytt til eins identitet, og kleda hennar er endra, ho har enda til på seg Tine sine skor. Identitetspapira sine manglar ho òg. Sjølvidentiteten hennar er endra og ho er framstilt annleis enn det ho var før reisa. Romanen si siste side viser, likt med romanen sin start, korleis Jane er plassert i gyngestolen att. Annleis er likevel det at ho har på seg Tine og Jens sine klede. Jane er prega av både Tine og Jens. Ein kan òg hevde at den er prega av Henriette, då mora sine minner er sterkt knytt til gyngestolen ho no sit i. Men turen endrar ikkje berre ytre trekk ved ho.



I det Jane skal reise heim til Rødbyhavn, er òg tryggleikskjensla hennar endra: “Om lidt skulle jeg forlade hotellet og finde stationen og en forbindelse mod Puttgarden. Under normale omstændigheder ville jeg have været bange for sådan en tur. Men sådan var det ikke nu. Jeg vidste ikke hvorfor” (RP, 169). Jane kommenterer sjølv at noko ved hennar forhold til den ytre verda er endra. Frykta, som ho var prega av under den første utflukta ho hadde aleine, er blitt borte. Eit trekk ved hennar forhold til det kringliggande, staden, inkludert språk og personar, er endra. Giddens hevdar at det seinmoderne menneske er avhengig av fundamentell tillit til personar kring seg for å kunne bygge opp sjølvidentiteten sin og for å kunne knyte seg til andre personar (2010, 56). Ein kan hevde at Jane sitt møte med Jens i hamburgkronotopen har endra noko ved Jane. Det er uklart om ho etter møtet har lettare for å knyte seg til andre personar enn før.<sup>59</sup> Men Jane har i det minste latt noko av frykta sleppe. Ho returnerer med Jens sine klede, ho er altså endra, i det ho returnerer til Rødbyhavn. Her kan ein hevde at, i likskap med det Gemzø trekk fram i høve til “Fasaner”, at ho er plassert ei notid, men der Gemzø hevdar karakteren har tilknytning til både fortid og framtid, er Jane sittande i gyngestolen – i hovudsak – knytt til fortida.

Under Jane sitt møte med hamburgkronotopen, blir ein prosess sett i gang: “Jeg følte mig bedøvet og lettet. Jeg låste mig ind på værelset og fandt blokken og en kuglepen i skrivebordsskuffen, skrev det ned: ‘Bedøvet og lettet’. Det var første gang, jeg skrev på den måde” (RP, 160). At dette var *første gong*, indikerer at det mest sannsynleg skjer att sidan. Forteljaren si rolle blir med dette tematisert. Det blir uttrykt ei vissheit kring skriveprosessen, kring det Jane har oppdaga i møte med hamburgkronotopen. I det som følger, etter det viste utdraget, vil eg hevde Jane som forteljar blir tematisert vidare. Ho skildrar kjensla ho har som at ho

kunne lige så godt være gennemsigtig. Mit ben bevægede sig på trappestenen, men det behøvede ikke at være mit. Engang lå jeg i noget marehalm og tænkte på, at jeg måske var gået i opløsning. [...] Min krop var helt forsvundet, det var en befriende fornemmelse. (RP, 160)

Det er som om Jane som materialitet er borte. Mangel på ein kropp er tilfelle for forteljaren i romanen. Viser Jane vissheit kring si eiga funksjon som forteljar? Ein kan sjå dette i samband med romanen si avslutning. Jane sit i gyngestolen og, som tidlegare vist, fortel ho: “Det var

---

<sup>59</sup> Men eg vil verken karakterisere Jane sitt forhold til Tim eller Aksel som særleg nære forhold.

mig, der var Tine. Det var mig, der var vores mor. Det er rigtigt nok. Der var ikke andre” (RP, 175). Dersom det var *mig* som var alle disse personane i romanen, er denne *mig* òg forteljar? Er Jane *alt*? Forfattar òg? Jane Blichfeldt Fogh hevder i si masteroppgåve at Jane gjennom romanen speglar andre sin identitet, noko som har følgande konsekvensar:

Romanens tematisering af en identitetsproblematik, som også understøttes af de to søstres symbiotiske “sammensmeltning”, vækker en vis uro hos læseren, idet antydninger af Janes manglende eksistens træder frem romanen igennem. [...] Hun spejler alle andre og fremtræder således ikke bare passiv, men nærmest eksistensløst. På samme måde må læseren til sidst spørge sig selv, om det er Tine, der er fiktion, da hun forsvinder, når Jane kommer hjem fra Tyskland i en anden tilstand – væk fra spejlingen i søsteren. Janes spejlinger i andre mennesker og hendes manglende indsigt og forståelse i egne handlinger stiller spørgsmål til karakteren Janes pålidelighed og eksistens. (Fogh, 2007, 92)

Eg er samd i at identitetsspørsmålet blir aktualisert gjennom romanen. Likevel ønsker eg ikkje å stille spørsmål ved deira eksistens i så måte. Det er derimot interessant, i høve til mi problemstilling kring romankarakterar si utvikling, å peike på korleis Jane lar sin identitet bli prega av andre. Likt med Anne Sofie Læssøe Møller, vil eg hevde at trekk ved Jane har endra seg i det ho returnerer til rødbyhavnkronotopen. Klede hennar er endra, stemma hennar er endra og ho returnerer utan identitetspapira sine. Under opphaldet i Hamburg, er noko forløyst og endra og dette fører til at ho byrjar å skrive.

I det Jane sit på trappa ser ein at ho kjennar seg usynleg og gjennomsiktig. Dette kan skape vissheit kring forteljaren si rolle i romanen, men det kan òg vise til ei vissgjering av Jane sin eigen identitet. På den eine sida kan bilete vise til ei framandkjensle då kropp og sinn blir åtskilt. Likevel vil eg hevde at det indikerer at Jane heller finn eit nytt aspekt ved sin eigen identitet. Det følger eit tilbakeblik kor ho ser seg sjølv som seksten år og kor ho kjenner på ei liknande kjensle. Etter å hatt dette tilbakeblikket kjenner Jane seg “bedøvet og lettet” (RP, 160). Grunna tilbakeblikket kan ein sjå hendinga som ei attfinning av sin eigen identitet. Ho har hatt denne kjensla før og no kjenner ho seg letta. Eg vil hevde at dette tematiserer identiteten til Jane. Og det fører til ei endring ved hennar karakter som fører til at ho skriv for fyrste gong *på denne måten*. Dette kan fungere som ein terskelkronotop kor ei hending fører til ei endring hjå Jane. Ho sit enda til på ein terskel, på ei trapp. Tida i denne potensielle terskelkronotopen, kan omtalast som eit kort tidsrom. Men skjer det plutsleg? Det skjer som følge av Jane sin tur med

Jens. Og det inntreff utan forvarsel, ho er sjølv usikker på akkurat *kva* som sette det i gang: “Jeg ved ikke, hvad der satte gråden i gang. Jeg tror, det var den fjollede lyd og måske også solen, der skinnede så skarpt ned i sneen langs fortovskanten og kørebanen” (*RP*, 159). Det inntreff uventa, men likevel er Jane plassert på trappesteinen over ei lang tid: “Jeg sad på trappesteinen meget længe” (*RP*, 160). Det skjer over eit kort tidsrom og endrar noko ved Jane som karakter. I hamburgkronotopen oppstår ein mindre terskelkronotop i det Jane sit på trappesteinen, gret, reflekterer over eigen kropp og eige sinn, noko som forløyser skrivinga.

Eg vil derfor hevde at opplevinga Jane hadde i hamburgkronotopen har fungert som ein terskelkronotop i høve til skriveprosessen hjå Jane. Ein kan sette hendinga opp mot korleis Bakhtin hevdar terskelkronotopen fungerer hjå Tolstoj, som ei endring som er avgjerande for karakteren, men som ikkje naudsynt må skje plutselig. Endringa med Jane er prega av begge desse tidsformene. Hendinga er nært knytt til karakteren og det viser ei form for utvikling. I romanen si slutting er likevel Jane stadleg plassert attende i gyngestolen. Paradoksalt nok er ho lik seg sjølv ved å vere prega av andre personar. Ho er attende i rødbyhavnkronotopen, kor verdiane og historia knyt ho sterkt til staden. Det meste er likt som ved romanen sin start. Likevel har noko vorte forløyst i løpet av reisa hennar til Tyskland og delar ved hennar identitet er endra. Hamburgkronotopen har fungert som ein terskelkronotop, men den sirkulære tida er den gjeldande i det ho er stadleg plassert attende i mora sin gyngestol.

## 5. Konklusjon

Eg innleia denne oppgåva med å vise korleis menneske er avhengig av ein stad for å kunne eksistere. Paradoksalt nok fortel Jane om ein stad kor det typiske er at menneske døyr. Til tross for det dramatiske innhaldet, fekk eg etter fyrste møte med romanen likevel kjensla av at ingenting skjer. Karakterane lev sin vanlege liv i Danmark sin utkant. Helle sine stad- og karaktarskildringar inspirerte meg til å gjere ei kronotopisk lesing av *RP*. Bakhtin har bidrege med eit omgrepsapparat som gjer det mogleg å identifisere ulike aspekt ved stadene. Det skapar fokus på tida si innverknad på staden og på dei verdiane som er gjeldande her. Ikkje-stadsomgrepet til Marc Augé har vore utfyllande i møte med tider, verdiar og relasjonar mellom stad og subjekt som er typiske for det seinmoderne samfunnet. I lesinga ville eg finne ut kva for ei tid og kva for nokre verdiar som er gjeldande i rødbyhavn-, ferje- og hamburgkronotopen. Pregar tida slik ho viser seg i Bakhtin sin småbykronotop, alle desse kronotopane? Korleis fungerer dei potensielle terskelkronotane i høve til tida i romanen? Eg har undersøkt korleis dei

forskjellige kronotopane påverkar karakterane, med spesielt fokus på Jane sin interaksjon med desse. I det følgande vil eg presentere funna frå mi lesing av *RP*.

Lesinga har vist at tida i rødbyhavnkronotopen har likskapstrekk med småbykronotoptida hjå Bakhtin. Tradisjonar og rutinar fungerer som berarar av historia, noko som aktualiserer fortida og viser at tida er saktegåande og sirkulær. Det er visse regressive trekk, som gjer at det verken skjer utvikling eller framgang. Vidare kan det, saman med scena kor Tine lager eit system for å oppbevare søppel inne, vise at forfallet eksisterer her. Fire dødsfall på ei veke understreker det same. Den regressive rørsla er synleg i det romanen vier den døde mora meir merksemd enn det Ditte, som har heile livet sitt føre seg. Det same aspektet viser at fortida pregar kronotopen og gjer at det historiske – og altså fortida – påverkar verdiane som kjem til uttrykk i kronotopen. Tid og verdier er tett knytte i rødbyhavnkronotopen, noko som viser seg i at rutinar, tradisjonar og talemåtar blir vidareførte frå ein generasjon til ein anna. Verdiane som kjem til uttrykk i rødbyhavnkronotopen er tydeleg knytt til tradisjonar og familie. Verdiane påverkar Jane og gjer at ho kjenner seg knytt til kronotopen. Ho har ei historie her, ho kjenner til menneske som bur her og ho liker godt å vere seg her. Jane forsøker å flytte bort frå Rødbyhavn, men hennar mislukka søking etter eigne identitetsuttrykk fungerer som utløysande årsak til at ho flytter heim att. I Kongeledet blir tradisjonar som var gjeldande når mora levde, òg gjeldande i Jane og Tine sine liv. Mat, tradisjon og rutinar blir vidareført frå generasjon til generasjon, noko som viser kronotopen si sirkulære tidsrytme. Framsyninga av mora sitt liv på staden saman med babyen Ditte, viser korleis tida blir aktualisert. Det indikerer at slik Henriette har levd, som no Jane og Tine lev, er det sjansar for at Ditte òg vil leve dersom ein set det i høve til den sirkulære tida. Det sykliske blir igjen synleg i romanen. Fråveret av utvikling gjer det same, men kan òg indikere tida som saktegåande. Dette i likskap med framstillinga av kvardagen og dei kvardagslege hendingane i rødbyhavnkronotopen.

Ved å studere språket sin fatiske funksjon i kommunikasjonen mellom karakterane i rødbyhavnkronotopen, fann eg at det, i svært stor grad, kommuniserer for å oppretthalde kontakten med kvarandre. Eg føreslår at ein mogleg årsak kan vere at dei opplev eit fråvær av hendingar og dermed ikkje har anna å snakke om enn vêret, andre menneske og mat. Samtaletemaa viser likevel korleis det kvardagslege er til stades i kronotopen, i tillegg vises dette i form av rutineprega handlingar i Jane sin husstand. Kvardagsprat og kvardagshandlingar utan dramatisk preg, det Jørgen Aabenhus omtalar som hendingslause hendingar, og stagnasjon pregar rødbyhavnkronotopen. Bakhtin trekk fram slike handlingar i si framstilling av ein typisk

småbykronotop. Det same gjeld dei sykliske trekka ein ser i romanen sin diskurs, både ved bruken av iterativ frekvens, analepse, sirkelkomposisjon og gjentaking av karakterane sine replikkar og handlingar. Denne tida vil eg hevde at understreker fråveret av framgang og utvikling. Skildringar av hendingane og tida si manifistering i romanen understreker korleis karakterane lev eit liv kor dei berre *er*, noko som svarer til korleis Helle sjølv omtalar sine karakterar som nokon som lev ein “stille eksistens” (Helle i samtale med Lillebø, 2015).

I ferjekronotopen er tida prega av den organiske rytmen som elles pregar idyll- og småbykronotopen til Bakhtin. Det sykliske viser seg i ferja si rørsle og i temposkifta mellom natt og dag. Tida si sykliske rørsle, fortida og den naturlege døgnrytmen verkar sterkare enn tidtabellane og notida. Både passasjerar og vakthavande følger ei rolegare rytme om natta, medan det om dagen er meir aktivitet. Varierende tidtempo skil ferje- og rødbyhavnkronotopen. Verdiane slik dei står fram i rødbyhavnkronotopen, er synlege i ferjekronotopen. Tradisjon, familie og kvardagslege hendingar verkar samlande mellom kollegiet på ferja. Dei skaper eit fellesskap og dei tilsette samlar seg kring tradisjonsrik mat frå Rødbyhavn, ei konkret påverknad på ferjekronotopen sine sosiale relasjonar. Fortida og det historiske er del av ferjekronotopen slik eg vil hevde det kjem til syne i Jane og kollegaene sine samtalar på personalrommet. Men til tross for fleire likskapar med rødbyhavnkronotopen, er ferjekronotopen prega av det seinmoderne i form av påverknad på tida si utforming. Det er tydelege dragningar mellom påverknaden frå det seinmoderne samfunnet, som kjem til uttrykk i form av ikkje-stader, og tida og dei tradisjonelle verdiane som er gjeldande i rødbyhavnkronotopen. For dei tilsette om bord, er tideiningane bestemt på førehand, av ein ytre autoritet, som ikkje tar omsyn til den naturlege tida. Dei blir derfor påverka til å skulle bryte med den naturlege tida som inneberer natt og dag. Det same gjeld passasjerane som tilpassar seg tidtabellar, men som vi ser, disponerer ferjestrekninga i mindre grad om natta. Til tross for at passasjerane tar omsyn til dag og natt, har desse eit forhold til staden, som i større grad enn dei tilsette har, minner om ein ikkje-stad. Formålet ein har på staden påverkar forholdet ein har til staden og passasjerane er her for eit kort tidsrom. Lesaren får ikkje kjennskap til dei og dei framtrer som anonyme forbipasserande på veg til ein annan stad. Dette er med unntak av Aksel, som vi får noko kjennskap til, men òg han presenterer ei anna form for sjølvframstilling enn den han (truleg) presenterer heime. På grunn av dei tilsette står ikkje ferjekronotopen fram som ein fullstending ikkje-stad i romanen. Men på same måte som dei påverkar staden, pregar kronotopen sine trekk frå ikkje-staden, også desse. Jane går i uniform, bruker Tine sine skor og ter seg annleis enn før. Ho uttrykker ein identitet som er tilpassa kronotopen. Det er eit

påverknadsforhold mellom ferjekronotopen sine verdier og karakteren, samstundes som karakteren har med seg verdier frå ein annan kronotop, som igjen påverkar ferjekronotopen, som dermed inneheld trekk frå rødbyhavnkronotopen og ikkje-staden. Tida er prega av dei begge – tida sine rammer er styrt av ein ekstern autoritet, men likevel følger ho ei syklisk rytme bestemt av døgnet.

Jane drar til Tyskland for å besøke Aksel. Ho ønsker ikkje å gå ut og oppleve Hamburg sine særtrekk, men er heller nøgd med å gå på restaurant, vere på hotellrommet og sjå på ein byggeplass. Hennar manglande behov for, og gjennomføring av, å bli kjent med byen, viser at trekka frå ikkje-staden òg er gjeldande i hamburgkronotopen. Verken hotellrommet, restaurantar eller byggeplassen er berarar av staden si historie, tradisjonar eller noko av det særreigne ved Hamburg. Jane knyt dermed ikkje relasjon til nokre av desse stadene. Fråveret av historie om staden, og om karakterane, viser notida si sterke posisjon. Både Aksel og Jane formar sin sjølvidentitet i høve til hamburgkronotopen og dei lar dermed si personlege historie vere fråverande. For ei kort stund, som er avgrensa på førehand, er dei frigjorte frå sin eigen identitet og dei verdiane, normene og rutinane som pregar livet elles. For Jane gjeld dette livet hennar i rødbyhavnkronotopen. Notida, den bestemte varigheita for opphaldet og lausrivinga frå sin opphavlege sjølvidentitet viser korleis kronotopen inneberer trekk frå ikkje-staden. I likskap med Jane er Aksel sin sjølvidentitet lausriven frå sin opphavlege bakgrunn både i ferje- og hamburgkronotopen. Jane bruker kallenamnet hans, Abel, noko som understreker dette og som framstiller han som delvis anonymisert. Han gjer det same ved at han skjuler historia si, som inneberer eit anna ekteskap. I hamburgkronotopen lev dei bestemt i notida, utan å forholde seg til bakgrunnane sine. Aksel skjuler informasjon om kona og Jane bruker Tine sine identitetsmarkørar heller enn å vise sin eigen sjølvidentitet, viss ho då har ein. Verdiane, som kjem til syne i hamburgkronotopen, er ikkje knytt til historisk kontekst og dei er i liten grad knytte til det omliggande geografien. Det einaste som viser til dette er mindre referansar til språket og valuta. Det er likevel det einaste som tilseier at hamburgkronotopen er plassert i eit anna land, med ein potensiell anna kultur. Det nye landet manglar verdiane Jane kjenner frå rødbyhavnkronotopen. I motsetnad til i ferjekronotopen er verdiane i hamburgkronotopen ikkje prega av rødbyhavnkronotopen sine verdier. Fråveret av historie, tradisjonar og rutinar blir erstatta av notid, brot med rutinar, anonymitet og det kommersielle er til stades. Jane kjenner ikkje relasjon til staden, men erfaringane hennar indikerer at ho kjenner seg framand. Framandkjensla kan knytast til Augé sin teori om ikkje-staden. Karakterane har verken tilknytning til staden sine verdier, si historie eller tradisjonar. I tillegg til ei, om enn lita,

framsyning av dei kommersielle aspekta, vil eg hevde fråveret av tradisjonelle verdiar og tilknytning til staden sine element gjer at hamburgkronotopen i stor grad har likskapar med ikkje-staden. Likevel varer dette berre ei kort stund før fortida igjen vert gjeldande, noko som fører til at dei ikkje lenger oppheld seg i denne kronotopen.

Med grunn i Giddens sin identitetsteori kan ein hevde at aspekt ved Jane sin identitet er endra i det ho er i hamburgkronotopen. Her er notida den som står sterkast og er det karakterane forsøker å forhalde seg til. I notida er dei lausrivne frå si eiga sjølvforteljning, noko som fører til at dei framstiller seg på nye måtar. Jane hentar inspirasjon frå Tine sin oppførsel. Aksel lausriver seg frå sin eigen bakgrunn og livet med kona si. Men dette fungerer berre ei viss stund. Til tross for at hamburgkronotopen skil seg frå rødbyhavnkronotopen, i det at notida er sterkare til stades enn fortida, finst det ein likskap mellom tida si manifestering i dei to. Som i Rødbyhavn, er tida prega av hendingar som ikkje fører med seg valdsame endringar. Jane og Aksel får tida til å gå ved å ete, ha samleie og sove. Hendingsslause hendingar er gjeldande i Hamburg- likt som i rødbyhavnkronotopen. Men i det Aksel og Jane trekk fram si historie og bakgrunn, endrar kronotopen seg. Forholdet mellom dei blir annleis, noko ein ser i endring i kommunikasjonen og handlingane mellom dei. I det notida ikkje lenger er den gjeldande tida, endrar kronotopen seg frå slik den var, altså sterkt prega av ikkje-staden. Tilhøva blir endra og like etter drar Aksel heim att. Jane får ikkje ein gong returnere til hotellrommet og ho må reise til Rødbyhavn utan eigne klede og utan pass. På denne måten er både tida frå rødbyhavnkronotopen og ikkje-staden gjeldande i hamburgkronotopen. Dei fungerer samstundes, men viser seg forskjellige i kvardagen si rytme og i notida si styrke.

Bakhtin hevdar at terskelkronotopen ofte opptrer plutselig, men at han òg kan vise seg i meir langvarige endringar. I lesinga mi undersøkte eg korleis karakterane i *RP* reagerte på potensielle terskelkronotopar. I det ein opplev død i nære relasjonar, kan det skape ein reaksjon kor dei etterlatne grip moglegheitene livet byr på. Det kan skape klarsyn, forsterking av notida og føre til ønske om livsendringar. Tine sin reaksjon på døden kring henne, kan ein omtale som eit skjerpa fokus på korleis ho ønsker å leve livet, nemleg ved å vere gladare. Likevel vil eg hevde at eit større fokus på glede ikkje gjeld som eit livsendrande grep i høve til Tine sin veremåte. Ho er, slik forteljaren Jane presenterer henne i romanen, allereie ei glad jente. Døden står ikkje fram som ein terskelkronotop. Til tross for at det gjennomgåande blir kommentert, av både Tine og Henriette, at Jane har evner som ho kan utvikle utanfor rødbyhavnkronotopen, blir ho likevel verande på denne staden. Jane sitt forsøk på å flytte bort i samband med studium, blir avbrote

av henne sjølv. I møte med den nye staden reagerer ho med å ikkje utvikle sin eigen sjølvidentitet. Ho fortset heller med å kopiere andre sine identitetsuttrykk, slik ho har gjort i rødbyhavnkronotopen. Likt med hendinga i Næstved, reagerer Jane med angst i det ho oppheld seg aleine på ein ny stad i Hamburgkronotopen. Angsten pregar Jane i møte med Hamburg og det gjer at ho avstår frå å utforske det byen har å by på. Ho drar heller til ein forretning og handlar suvenir. Det seinmoderne pregar Jane, i form av angst, men òg hennar forhold til byen. I Hamburg oppsøker ho ikkje-stader. Kjærleiksforholdet hennar til Aksel er dømt til å mislukkast allereie før turen er starta. Dette blir tydelegare og tydelegare i løpet av turen, noko ein ser i Jane og Aksel sin oppførsel. Turen til Hamburg, som ei open dør til ei utvikling av eit kjærleiksforhold, er mislukka. Forsøket på å flytte til Næstved og gjennomgå ei potensiell endring, ein mogleg terskelkronotop, blir sabotert av henne sjølv. Fleire av dei moglege terskelkronotopane, som kan endre livet til Jane, blir stoppa av ho sjølv. Det viser at karakteren er sterkt knytt til det sirkulære, saktegåande og kvardagslege som er gjeldande i Rødbyhavn. Mislukka brot med livet, slik ho lev det i Rødbyhavn, gjer at ho likevel ender tilbake i rødbyhavnkronotopen. Det kan vise korleis det seinmoderne menneske i møte med tallause moglegheiter, svarer med å velje eit bestemt løp, slik Thea Marie Dolva hevdar òg skjer i Helle si novelle “Vennlige fremmede”. Jane har ferdigheiter som søstera og mora ikkje har, likevel vel alltid Jane å returnere til det kjente.

Hamburgkronotopen framstår som ein sabotert terskelkronotop i det Jane avstår frå å bli kjent med staden, men oppheld seg her på ein måte som liknar forholdet til ein ikkje-stad. Likevel skjer det endringar med Jane som karakter, og ho utviklar visse sider ved seg sjølv i møte med hamburgkronotopen. Jane *er* endra i det ho returnerer til Rødbyhavn. For det fyrste returnerer ho med Jens sine klede på seg og ikkje hennar egne. Men likt som tidlegare er ho, til ei viss grad, prega av nokon andre. For det andre reiser ho attende til rødbyhavnkronotopen utan pass og med ei endra stemme. Den største endringa, som viser seg i det ho er hamburgkronotopen, er at ho skriv ned nokre ord og påpeikar at: “Det var første gang, jeg skrev på den måde” (RP, 160). Reisa til Hamburg fører til at ei forløyning som gjer at ho byrjar å skrive. Dette bryt med mora sine meiningar og forventingar, som Jane har stilt seg i høve til i det ho opphaldt seg i rødbyhavnkronotopen. Dette blir understreka av det metareferensielle ved romanen si slutting. Ein kan derimot hevde at Jane allereie dikter. “VORES MOR” blir i store delar fortalt med synsvinkelen plassert hjå Henriette, lesaren får tilgang til hennar indre opplevingar. Likevel blir ho omtalt i tredje person, og som “vores” mor – noko som understreker at Jane enno fortel. Til tross for dette vil eg hevde at opphaldet i Hamburg fungerer som ein terskelkronotop.



Ferjekronotopen i *RP* inneheld trekk som skil han frå småbykronotopen, og som viser likskap til Augé si skildring av ikkje-staden. Tida sine rammer er fastsett av ein ekstern autoritet, noko som gjer at den naturlege tida blir forsøkt overstyrt. Det kommersielle er tydeleg til stades i form av både parfymieriet og supermarknaden. Kollegiet er anonymiserte då dei alle bruker uniform på arbeid. Jane sin identitet blir meir svekka i det ho lar seg påverke av kollegaene sine meiningar kring utsjånaden hennar, og ho supplerer uniforma med å bruke Tine sine skor. På arbeid møter Jane nye impulsar, verdiar og tider, men verdiane og tida frå heimstaden hennar pregar også ferja. Til tross for at ferjekronotopen er prega av det seinmoderne, og inneheld trekk frå ikkje-staden, er den naturlege og sirkulære tida òg gjeldande her. Det same er historia og tradisjonane frå Rødbyhavn, noko som tilseier at ferjekronotopen er prega av Rødbyhavntida. Både ferje-, Hamburg- og dei moglege terskelkronotopane er prega av den saktegåande, nærmast stilleståande, og regressive tida frå rødbyhavnkronotopen. Likevel finst det trekk frå ikkje-staden som gjer seg synleg i tida i ferje- og hamburgkronotopen som begge er prega av at notida er gjeldande. Ferjekronotopen får fram draginga mellom det seinmoderne og den meir tradisjonelle rødbyhavnkronotopen.

Heile *RP* er fortalt som eit tilbakeblikk. Forteljaren si temporale plassering blir påpeikt både i romanen si byrjing og avslutting. Dette viser at det er fortida som er gjeldande tid i romanen sin heilskap. Likt med dei fleste romanar, skjer det dramatiske hendingar på historieplanet, men i *RP* blir dei framstilt som lite dramatiske. Romanen inneheld, som vist, eit brot med denne tida. Ei spesiell hending fungerer som terskelkronotop, og det er fleire, i utgangspunktet, dramatiske hendingar. Dette blir derimot vist på ein implisitt måte, som gjer at lesaren med det fyrste ikkje oppfattar dette som brot. Helle sin minimalistiske skrivestil kor alt blir skildra, heller enn dramatiske utgreiingar eller store refleksjonar kring hendingane, er ein årsak til dette. Fokuset romanen har på kvardagslege hendingar, er ein annan. Romanen si fyrste setning, som òg opna denne oppgåva, understreker både det minimalistiske og det kvardagslege: “På en uge døde fire, *sådan var det hernede*” (*RP*, 5, mi framheving). Det kvardagslege pregar både alvorlege og mindre hendingar.

Slik Bakhtin hevdar at alle romanar er avhengig av terskelkronotopen, er òg denne det. Likevel er hamburgkronotopen, som inneberer ein terskel, prega av dei same kvardagslege hendingane som i Rødbyhavn. Likevel er hendinga kor Jane sit på trappa, og opplev det som får henne til å begynne å skrive, ein relativt kort tidleg augneblink. Ein kan hevde at det er ei anna tid enn den

ein finn i rødbyhavnkronotopen, då det er eit kort tidsrom og som plutselig inntreffer. Jane veit ikkje sikkert kva som set dette i gang og ein kan hevde at det kjem plutselig for karakteren. På den måten inneheld terskelkronotopen ei anna tid enn den som elles pregar heile romanen. Likevel vil eg hevde at den saktegåande tida pregar også denne terskelhendinga. Den skjer plutselig for Jane, men mens dette skjer sit ho på trappa – og her blir ho sittande *lenge*. Terskelkronotopen i Hamburg blir likevel framstilt på ein måte som kan sjåast i høve til kvardagstida i småbykronotopen. På den måten er terskelkronotopen likare den Bakhtin hevdar å finne hjå Tolstoj, kor dei livsendrande hendingane opptrer som del av karakteren sitt liv, heller enn brot med dette (2015, 66). Terskelkronotopen på trappesteinene viser ei draging mellom to forskjellige tider, den saktegåande og kvardagslege mot den som plutselig inntreffer og fører med seg store endringar. I det heile vil eg hevde at tida frå rødbyhavnkronotopen pregar alle dei nemnde kronotopiske førekomstane eg har nemnd i romanen. Helle undergraver dermed, til dels, Bakhtin sin påstand om at tida ikkje kan fungere som hovudtida i romanen. Enda til dei typiske ikkje-stadene, hotellet og ferja, er prega av ei sirkulær, saktegåande og hendingslaus tid kor fortida er gjeldande. På den andre sida bekreftar romanen Bakhtin sin påstand, då det *er* eit brot. Brotet er derimot framstilt på ein slik måte at det ikkje kjem tydeleg fram i diskursen.



## Litteraturliste

- Aabenhus, Jørgen, Albertsen, Anita Nell Bech & Hansen, Per Krogh (red). (2011). *Hvor lidt der skal til: en bog om Helle Helles forfatterskab*. Odense: Syddansk Universitetsforlag og Rosinante.
- Albertsen, Anita Nell Bech. (2011). Også tilværelsen kræver fortolkning. *Dette burde skrives i nutid*. 2011. I Jørgen Aabenhus, Anita Nell Bech Albertsen, Per Krogh Hansen (red.), *Hvor lidt der skal til* (s. 207 - 226). Odense: Syddansk Universitetsforlag og Rosinante.
- Andersen, Britt. (2009). Første opposisjon ved Linda Nesbys ph.d.- disputas, Tromsø 17.06.2009 *NORDLIT Hamsun-nummer, 25*, 291-300.
- Andersen, Per Thomas. (2006). *Identitetens geografi. Steder i litteraturen fra Hamsun til Naipul* Oslo Universitetsforlaget.
- Appadurai, Arjun. (2003 [1994]). Sovereignty without Territoriality: Notes for a Postnational Geography. I Low & Lawrence-Zúñiga (red.), *The Anthropology of Space and Place*. Malden MA: Blackwell.
- Augé, Marc. (1995 [1992]). *Non-Places. Introduction to an anthropology of supermodernity*. London - New York: Verso.
- Bakhtin, Mikhail M. (2006). *Rum, tid & historie - Kronotopens former i europæisk litteratur* (Harald Jepsen, Vagn Lyhne). Århus: Forlaget Klim.
- Borking, Lars & Wichmann, Malene. (2007, 19.april). Herman Bang 150 år. *Informationen*. Henta frå <https://www.information.dk/kultur/2007/04/herman-bang-150-aar>
- Bretz, Mary Lee. (1989). Masculine and Feminine Chronotopes in *Los pazos de Ulloa*. *Letras Peninsulares. Spring, 2*(1), 45-54.
- Cave, Marianne. (1990). Bakhtin and Feminism: The Chronotopic Female Imagination. *Women's Studies, 18*, 117-127.
- Casey, Edward S. (2001). Between Geography and Philosophy: What Does It Mean to Be in the Place-World? *Annals of the Association of American Geographers, 91*(4), 683-693.
- Christensen, Robert Zola (2009). Kommentar til Tue Andersen Nexø sitt innlegg Claus Beck-Nielsen, levende? på *Informationen*. Henta frå <https://www.information.dk/tue-andersen-nexoes-blog/2009/02/claus-beck-nielsen-levende>
- Cresswell, Tim. (2015). *Place: an introduction* (2.utgåve). Chichester: Wiley-Blackwell.
- de Certeau, Michel. (1984). *The Practice of Everyday Life* (omsett av Steven Rendall). California: University of California Press.
- Dolva, Thea Marie. (2010). *Gule sko - En komparativ analyse av tilhørighet og identitet i senmoderne fortellinger om kvinner*. (Masteroppgåve), Universitetet i Oslo.
- Eckstrom, Lisa. (1995). Moral Perception and the Chronotope: The Case of Henry James. I I. A. Mandelker (red.), *Bakhtin in Contexts. Across the Disciplines* (s. 99 - 205). Evanston, Ill.: Northwestern University Press.
- Fogh, Jane Blichfeldt. (2007). *En analyse af Rødby-Puttgarden i forhold til realismebegrebet og Helle Helles tidligere forfatterskab*. (Master, Speciale), Roskilde Universitetscenter, Roskilde.
- Fosvold, Astrid. (2015, 20.februar). Den nøysomme hverdagslykken. *Klassekampen*.

- Furset, Karoline. (2016). *Det performative verket, Om litterære dialogar og samhandling med lesaren i Helle Helle sin roman Hvis det er*. (Masteroppgåve), Universitetet i Bergen, Bergen.
- Gemzøe, Anker. (1998). Et ikke-mødes kronotop. Tid og rum i Helle Helles "Fasaner" (1996) *Edda*, 4, 359-368.
- Giddens, Anthony. (2010). *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under senmoderniteten*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Gullestad, Anders. (2018). Epikk. I A. M. Gullestad, C. Hamm, J. M. Sejersted, E. Tjønneland & E. Vassenden, *Dei litterære sjangrane* (s. 27 - 82). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hansen, Nils Gunder. (2011). De gode menneskers provins. *Ned til hundene*, 2008. I Anita Nell Bech Albertsen Jørgen Aabenhus, Per Krogh Hansen (red.), *Hvor lidt der skal til* (s. 187-206). Odense: Syddansk Universitetsforlag.
- Hansen, Per Krogh. (2011). Lidt har også ret. I Anita Nell Bech Albertsen Jørgen Aabenhus, Per Krogh Hansen (red.), *Hvor lidt der skal til* (s. 13-40). Odense: Syddansk Universitetsforlag.
- Hansen, Per Krogh. (2014, 8.august). Små skridt og stille eksistenser. *Berlingske*. Henta frå <https://www.b.dk/kultur/smaa-skridt-og-stille-eksistenser>
- Heede, Dag. (2014). Death in Rødby: The 'Obituary' Poetics of Helle Helle. I C. Claire Thomson & Elettra Carbone (red.), *Love and Modernity, Scandinavian Literature, Drama and Letters. Essays in honour of Professor Janet Garton* (s. 271 - 292). London: Norvik Press.
- Heidegger, Martin. (2001 [1975]). *Poetry, Language, Thought*, HarperCollins, New York.
- Helle, Helle. (2005). *Rødby-Puttgarden*. København: Samleren.
- Jakobson, Roman. (1987). Linguistics and Poetics. I Krystyna Pomorska & Stephen Rudy (red.), *Language in Literature* (s.62-94). London, England: Belknap Press.
- Jepsen, Harald Hartvig. (2006). Forord. I Harald Hartvig Jepsen & Rigmor Kappel Schmidt (red.), *Rum, tid & historie - Kronotopens former i europeisk litteratur* (s. 7-10). København: Forlaget Klim.
- Jessen, Freja Bech. (2008, 30.juli). På besøg i Helle Helle-land. *Kristeligt Folkeblad*. Henta frå <https://www.kristeligt-dagblad.dk/kultur/på-besøg-i-helle-helle-land>
- Jonsson, Stefan. (1993). Fem anteckningar om den nya hemlösheten *Zenit*, 122. 63-81.
- Jørgensen, Anne Mette Foss. (2008). Identitet, selvrealisering og de intime relationer. *Reception. Litteratur senmodernitet identitet*, 450, 67-82.
- Kassebeer, Søren. (2006). Frem og tilbage er lige langt. *Berlingske*, (Berlingske Kultur), Henta frå <https://www.b.dk/kultur/frem-og-tilbage-er-lige-langt>
- Kittang, Atle. (2009). Andre opposisjon ved Linda Nesbys ph.d.- disputas, Tromsø 17.06.2009. *NORDLIT Hamsun-nummer*, 25, 301-314.
- Krogstad, Atle. (2002). *Tid, landskap, erfaring -om den norske livsverden i Dag Solstads forfatterskap*. (Avhandling for graden Doctor Artium), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU, Trondheim.
- Ladin, Jay. (1999). Fleshing Out the Chronotope. I C.Emerson (red.), *Critical Essays on Mikhail Bakhtin* (s. 212-239). New York: G. K. Hall & Co.

- Landsbyfogden. (2014). *Nye utfordringer for det almene boligbyggeri*. København. Henta frå <https://www.lbf.dk/media/1265736/Nye-udfordringer-for-det-almene-boligbyggeri-2014.pdf>
- Larsen, Håkon K. (2014). *Det uhyggelige – om Stig Sæterbakkens Gjennom natten*. (Masteroppgåve), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU, Trondheim.
- Larsen, Lisbeth (2006). [Intervju med Helle Helle] Rødby-Puttgarden tur-retur. *Litteratursiden.dk*, Henta frå <https://litteratursiden.dk/artikler/rodby-puttgarden-tur-retur>
- Liet, Henk van der. (1999). "Haven't You Heard . . .": Speech and Chronotope in Peer Hultberg's Novel "Byen og Verden". *Scandinavian Studies*, 71, 207-220. Henta frå <http://www.jstor.org/stable/40920130>
- Liet, Henk van der. (2012). "Der skal ver også lidt kød på": sonderinger i nyere dansk prosa med særligt hensyn til Helle Helle. I Henk van der Liet & Muriel Norde (red.), *Language for its own sake. Essays on Language and Literature offered to Harry Perridon*, (s.159-187). Amsterdam: Scandinavisch Instituut Universiteit van Amsterdam.
- Lillebø, Sandra. (2015, 29.september). [Samtale mellom Trude Marstein og Helle Helle. Leia av Sandra Lillebø] #17: *Helle Helle & Trude Marstein*. BOBcast, Bergen Off. Bibliotek Spotify.
- Løntoft, Signe.(2010). Se! En hverdag. *Ud & Se*, 16-24.
- Marstein, Trude.(2014, 26.april). «Å lese Helle gir en forsterkning av livsfølelsen, og av empatien. En forsterkning av opplevelsen av å være menneske.». *Dagbladet*.
- Mikkelsen, Morten. (2011). Helle Helle som dansklærerlitteratur. I Jørgen Aabenhus, Anita Nell Bech Albertsen, & Per Krogh Hansen (red.), *Hvor lidt der skal til* (s.227-248). Odense: Syddansk Universitetsforlag og Rosinante.
- Møller, Anne Sofie Læssøe. (2010). "*Herfra min verden går*" *Den nye hjemstavns litteratur*. (Mastergrad, Speciale), Aarhus Universitet, Aarhus.
- Mønster, Louise. (2009). At finde sted ; en introduktion til stedbegrebet og dets litterære potentiale. *Edda*, 96(4), 357-457.
- Nesby, Linda H. (2008). *En analyse av Knut Hamsuns romaner Pan, Markens Grøde og Landstrykere med utgangspunkt i kronotopbegrepet*. (Philosophiae doctor), Universitetet i Tromsø
- Paulsen, Gro E. (2018). Lektor - en tittel til besvær. *Lektorbladet*, 17.årgang(2).
- Rasmussen, Anders Juhl. (2011, 20. desember). Helle Helle på kryds og tværs. *Kristeligt Dagblad*. Henta frå <https://www.kristeligt-dagblad.dk/kultur/helle-helle-på-kryds-og-tværs>
- Relph, Edward. (1976). *Place and Placelessness*. London: Pion.
- Renfrew, Alastair. (2015). *Mikhail Bakhtin*. London og New York: Routledge.
- Ringgaard, Dan. (2010). *Stedssans*. Århus: Aarhus Universitetsforlag.
- Romanzi, Andrea. (2017). *Uskarpe identiteter: Dramatisering av identitetsspørsmålet gjennom rom, tid og replikker i Pirandellos Seks personer søker en forfatter, Becketts Endgame og Fosses Eg er vinden*. (Masteroppgåve), Universitetet i Bergen, Bergen.
- Rottensten, Rikke. (2003, 23.januar). Den iagttagende forfatter. *Kristeligt Dagblad*.

- Routhe-Mogensen, Kizaja Ulrikke. (2018, 13.april). Helle Helles nye roman om knugende komisk teenagesorg og diskret død er hendes tristeste og bedste længe. *Informationen*.
- Sandel, Cora. (2002). *Alberte og Jacob, Alberte og friheten, Bare Alberte*, i Nina M. Evensen si tekstkritiske utgåve, Oslo: Gyldendal.
- Schack, May. (2005, 12.april). Tilværelsens skrøbelighed. *Politiken*. Henta frå <https://politiken.dk/kultur/boger/art5009331/Stille-eksistenser>
- Schei, Hannah Dagsland. (2016). *Om cowboybukser og frikadeller. Noe skal det jo stå i bøkene*. (Masteroppgåve), Universitetet i Bergen, Bergen.
- Schramm, Moritz. (2005, 13.april). Modet Svigter. *Kristeligt Dagblad*.
- Schryer, Catherine F. (1999). Genre Time/Space: Chronotopic Strategies in the Experimental Article. *A Journal of Composition Theory*, 19(1), 81-89.
- Syberg, Karen.(1998, 15.januar). Jeg afprøver hvor lidt der skal til, Intervju. *Information*.
- Tingvold, Stein. (2003). *"Ja, tiden fikk rom, og rommet fikk tid": en analyse av Hans Herbjørnsruds Vi vet så mye*. (Master, Hovedoppgave), Universitetet i Oslo, Oslo.
- TV Øst. (2009). 63 boliger på vej mod nedrivning i Rødbyhavn. *TV Øst*, Henta frå <https://www.tveast.dk/artikler/63-boliger-paa-vej-mod-nedrivning-i-roedbyhavn>
- Tygstrup, Frederik. (2000). Kronotopisk identitet. *KRITIK*, 33(144), 39-47.
- Utdanningsdirektoratet. (2015a) *Generell del av læreplanen*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/generell-del-av-lareplanen/>
- Utdanningsdirektoratet. (2015b) *Læreplan i norsk (NOR1-05)*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/finn-lareplan/lareplan/?kode=NOR1-05>
- Vindum, Anne. (2005, 16.april). Stille eksistenser. *Politiken*. Henta frå <https://politiken.dk/kultur/boger/art5009331/Stille-eksistenser>

## Samandrag

Masteroppgåve i nordisk litteratur

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

Mai 2018

**Student:** Kaja Reisæter Lavold

**Rettleiar:** Anders M. Gullestad

**Tittel:** "og de ventede til de døde"

**Undertittel:** Ei kronotopisk lesing av Helle Helle sin roman *Rødby-Puttgarden* (2005)

I denne oppgåva blir det presentert ei undersøking av kronotopar i Helle Helle sin gjennombrotsroman *Rødby-Puttgarden* (2005). Denne vart Helle sitt store gjennombrot og er den tredje av hennar romanutgjevingar. Med utgangspunkt i Mikhail Bakhtin sitt kronotopomgrep har eg drøfta korleis den typiske småbykronotoptida, har påverka tida i tre av romanen sine kronotopar. Der det seinmoderne har påverka kronotopane, har eg tatt i bruk Marc Augé sin teori om ikkje-staden presentert i *Non-Places. Introduction to an anthropology of supermodernity* (1992). Karakteren Jane er undersøkt ved hjelp av Bakhtin sitt omgrep, spesielt med bruk av terskelkronotopen.

I lesinga av romanen er Bakhtin sin kronotop blitt brukt som utgangspunkt for å skildre korleis geografiske stader i romanen inneheld forskjellige framstillingar av tid og verdjar. Omgrepet gjer det mogleg å forklare korleis karakteren stiller seg i høve til stadene med det den inneberer av tid og verdjar. Karakteren sitt forhold til staden er òg prega av seinmoderne endringar i tid og rom. Derfor har Anthony Giddens sine sosiologiske teoriar kring den seinmoderne identiteten slik han presenterer det i *Modernitet og selvidentitet* (1991), vore del av karakterundersøkinga. Frå *Rødby-Puttgarden* presenterer eg rødbyhavnkronotopen, hamburgkronotopen og ferjekronotopen. Jane er nært knytt til rødbyhavnkronotopen til tross for at ho oppheld seg på andre stader og er i møte med andre kronotopar. Rødbyhavnkronotopen inneberer ei syklisk og saktegåande tid, noko som òg pregar heile romanen sin diskurs. Den har fleire trekk som Bakhtin hevdar er typisk for småbykronotopen. Den er prega av tradisjonelle verdjar, fortid, det finst regressive element og kvardagen er tydeleg. Til tross for at Hamburg- og ferjekronotopen er prega av notida og i større grad ein autonom identitet, er småbytida gjeldande òg i desse kronotopane. Dei potensielle terskelkronotopane, som legg opp til at



karakterane kan setje i verk ei større endring eller utvikling, er òg prega av den saktegåande tida. Òg desse blir skildra som om dei var del av kvardagen sin normalitet. Til tross for det kvardagslege og saktegåande, skjer det ei karakterutvikling i løpet av romanen, og Jane kjem i møte med ein terskelkronotop som endrar henne som karakter.

## **Abstract**

MA thesis in Nordic Literature

Department of Linguistic, Literary and Aesthetic Studies

University of Bergen

May 2018

**Student:** Kaja Reisæter Lavold

**Tutor:** Anders M. Gullestad

**Title:** “*og de ventede til de døde*”

**Subtitle:** A chronotopic reading of Helle Helles novel *Rødby-Puttgarden* (2005)

This thesis presents a survey of chronotopes in Helle Helle's novel *Rødby-Puttgarden* (2005). The novel was Helle's major breakthrough and is her third novel. Based on Mikhail Bakhtin's chronotope, I have discussed how the typical provincial town-time has influenced the time space in three of the novels chronotopes. Where the late modern changes have influenced the chronotopes, Marc Augé's theory of non-places as presented in *Non-Places. Introduction to an anthropology of supermodernity* (1992) was used is being used. The character Jane is being examined using Bakhtin's chronotopes of threshold.

During the reading of the novel, Bakhtin's chronotope has been used as a base to depict how geographical places in the novel contains different presentations of time and value. The terminology makes it possible to explain the character from the correlation between the places and what it implies of time and worth. The characters relationship to the place is also characterized by late modern changes in time and space. For that reason, Anthony Giddens's sociological theories about the late modern identity as presented in *Modernity and Self-Identity* (1991) has been a part of the character survey. From *Rødby-Puttgarden* I present three different chronotopes, these are the chronotopes of Rødbyhavn, the ferry and of Hamburg. Jane is closely linked to the chronotope of Rødbyhavn, despite being in other places and facing other chronotopes. The chronotope of Rødbyhavn involves a cyclical and slow-moving time, which impacts the discourse in the novel as a whole. It has numerous features that Bakhtin claims is typical for the chronotope for provincial towns. It is clearly characterized by traditional values, the past, the regressive element and of everyday life. Despite the fact that the chronotope of Hamburg and the ferry are characterized by the present and an autonomous identity, the provincial time is also present in these chronotopes.

The potential threshold chronotopes, makes it possible for the character to make a larger change or development while these are still affected by a slower time, as we know it from the provincial chronotope. These are described as if they are a part of a the everyday. In spite of this, there is a character development during the novel, and Jane meets a threshold chronotope that changes her as a character.

## Profesjonsrelevans

Den danske rapporten *Lærerkompetanser og elevers læring i barnehage og skole* kjem fram til tre kompetansar som kjenneteiknar ein god lærar. Desse er relasjonskompetanse, klasseleiingskompetanse og didaktikkompetanse (Nordenbo, 2008, 71). Som Gro E. Paulsen hevdar i *Lektorbladet 2 -18* krev dette at læraren har overskot av kunnskapar som fagleg autoritet, tryggleik og høg fagleg kompetanse (Paulsen, 2018, 25). Fagleg tryggleik bidrar til trygg og god klasseleiing. Dette gjev vidare moglegheiter til å skape gode relasjonar i klasserommet, noko som er grunnleggande for godt læringsmiljø. Arbeidet med denne oppgåva har vore utfordrande og lærerikt. Under arbeidet har eg utvikla min faglege kompetanse og det har gitt meg større innsikt i læringsprosessar og eg har utvikla meg som person i møte krevjande arbeid. Dette har vore ein relevant del av den yrkesretta utdanninga eg har tatt kor eg vil praktisera som lærar på mellomtrinnet og i vidaregåande skule. I formålet med norskfaget heiter det at:

Elevene skal lære å orientere seg i mangfoldet av tekster, og faget skal gi rom for både opplevelse og refleksjon. I løpet av opplæringen skal de lese skjønnlitteratur og sakprosa, utvikle evnen til kritisk tenkning og få perspektiv på teksthistorien. Gjennom muntlig og skriftlig kommunikasjon kan de sette ord på egne tanker og stå fram med meninger og vurderinger. De skal selv produsere ulike typer tekster med hensiktsmessige verktøy, og tilpasse språk og form til ulike formål, mottakere og medier. Etter hvert vil de også kunne fordype seg i faglige emner og bli dyktigere til å formidle et faglig innhold til andre. (Utdanningsdirektoratet, 2015b)

Dette kan likne arbeidet eg sjølv har gjennomført dette året med oppgåveskriving. Eg har vore ein kritisk lesar og orientert meg i større tekstmateriale, hente ut relevant informasjon og deretter måtte presentere dette med omsyn til formål og målgruppe. I mitt yrkesliv skal eg planlegge undervisning, i form av timar, prosjekt og årsplanar. Planlegging og arbeidet med ei oppgåve på denne storleiken, gjer med godt førebudd på slike oppgåver. At eg sjølv har gjennomført eit krevjande prosjekt, håper eg kan betre rettleinga mi til elevar som kjenner faglege utfordringar. Arbeidet med Helle Helle sitt verk og ei analyse med fokus på tid, stad og verdiar gjev meg stor tyngd i det eg skal presentere litteratur som kan gje elevane sterke opplevingar, slik det blir lagt vekt på under Læreplanen sin generelle del (Utdanningsdirektoratet, 2015a, 21). I formål med norskfaget heiter at faget “er sentralt for kulturforståelse, kommunikasjon, dannelses og identitetsutvikling” (Utdanningsdirektoratet, 2015b). Arbeidet med denne oppgåva gjer meg kompetent til å trekke fram aspekt frå

litteraturen som kan verke dannande og gje innblikk i forskjellige aspekt av identitetsspørsmål og kulturar. Drøftingar kring estetiske og funksjonelle aspekt ved litteratur håpar eg kan bidra til engasjement, utvikling, identitetsskaping, kritiske og, i det heile, danna elevar. Erfaringa mi frå dette prosjektet som heilskap gjer meg til ein betre faglærer, og gjev meg tyngd i arbeid med samtidslitteratur, som vidare gjer meg trygg på vala mine, noko som kan skape eit trygt klassemiljø og eit godt læringsmiljø.